**VOLDA KOMMUNE**

# MØTEINNKALLING

**Utvalg:** **Tenesteutval for oppvekst og kultur**
**Møtestad:** **Voldsfjorden, Rådhuset**
**Dato:** **13.06.2018**
**Tid:** **12.00**

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb og på servicekontoret.

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKLISTE

| Saksnr. | Sak |
|---|---|
| PS 23/18 | **Godkjenning av innkalling og saksliste** |
| PS 24/18 | **Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte** |
| PS 25/18 | **Austefjord barnehage** |
| PS 26/18 | **Tilstandsrapport Voldaskulen 2017-2018** |
| PS 27/18 | **Fordeling av kulturmidlar 2018** |
| OS 19/18 | **Orienteringssaker** |
| OS 20/18 | **Innkalling og referat frå møte i samarbeidsutvalet Vikebygda skule 17.04.2018** |
| OS 21/18 | **Referat SU (Samarbeidutvalet) - Lauvstad barnehage** |
| OS 22/18 | **Gjeld opningstid i Lauvstad barnehage** |
| OS 23/18 | **Strategi for Volda kulturskule** |
| OS 24/18 | **Orientering. Ungdomsrådet - møteprotokoll 21.03.2018** |
| OS 25/18 | **Orientering. Ungdomsrådet - møteprotokoll 18.04.2018** |
| OS 26/18 | **Orientering. Ungdomsrådet - møteprotokoll 9.05.2018** |

**PS 23/18 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**PS 24/18 Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte**

# VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Per Ivar Kongsvik | Arkivsak nr.: | 2018/992 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | A19 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 25/18 | Tenesteutval for oppvekst og kultur | 13.06.2018 |
| | Formannskapet | 19.06.2018 |
| | Kommunestyret | 21.06.2018 |

## AUSTEFJORD BARNEHAGE

### Administrasjonen si tilråding:

***1. Austefjord barnehage vert lagt ned frå 01.08.18***

***2. Kommunestyret ber administrasjonen om å legge til rette for alternative barnehageplassar for borna i Austefjorden.***

**Vedleggsliste:**

1. Høyringsbrev
2. Høyringsuttale – SU Austefjord barnehage
3. Høyringsuttale – FAU Austefjord barnehage
4. Høyringsuttale – Austefjord grendalag
5. Høyringsuttale – Kalvatn grendalag
6. Høyringsuttale – Høydal grendautval
7. Høyringsuttale – FAU Austefjord skule
8. Høyringsuttale – Utdanningsforbundet Volda

**Uprenta saksvedlegg:**

1. Barnehagelova
2. Rammeplan for barnehagen
3. Intensjonsavtale – Samanslåing av Hornindal og Volda kommunar

**Samandrag av saka:**
I sak PS 108/17 vedtok kommunestyret følgjande:

***Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak om framtida til Austefjord barnehage***

Austefjord barnehage er lokalisert saman med Austefjord skule. Barnehagen har gode og tenlege lokale. Barnehagen sitt naturlege opptaksområde omfattar krinsane Høydal, Fyrde og Kalvatn.

Dei siste ti åra har talet på born i Austefjord barnehage variert mellom 9 og 17. Volda kommune og Ørsta kommune har gjennom mange år hatt avtale om at barn frå Bjørke skal kunne nytte barnehageplass i Austefjord barnehage. Administrasjonen er kjent med at Ørsta kommune også har avtale med Hornindal kommune, og komande barnehageår har foreldre frå Bjørke søkt om plass i Hornindal kommune.

Det er nedgang i barnetalet som gjer at drifta ved Austefjord barnehage no vert vurdert. Etter initiativ frå administrasjonen, vart det invitert til foreldremøte 14.11.2017, der framtidig drift var tema.

Det vart då lagt fram det administrasjonen hadde grunn til å tru ville vere talet på barn komande barnehageår; tre til fem born. Etter oppmoding frå foreldra, har administrasjonen venta til barnehageopptaket var ferdig før saka vert lagt fram.

Barnehageopptaket viser at det komande barnehageår vil vere åtte born fordelt på fem årssteg. Det er fleire av borna som har anna morsmål enn norsk. Tre av borna går ikkje i barnehagen i dag. To av dei går i dag i ein privat barnehage i Volda sentrum.

| **Fødde** | **Born** |
|---|---|
| 2013 | 4 |
| 2014 | 1 |
| 2015 | 2 |
| 2016 | 0 |
| 2017 | 1 |
| **Samla** | **8** |

Administrasjonen tok initiativ til eit nytt møte med foreldra til dei åtte borna. På møtet,17.04.18, kom det fram at foreldra ynskjer framhald i drifta av barnehagen trass eit lågt barnetal og stor spreiing i alder.

**Saksopplysningar/fakta:**

***Barnehagen som pedagogisk verksemd***
Administrasjonen har med utgangspunkt i ei fagleg grunngjeving jf. lovverket, vurdert situasjonen i Austefjord barnehage.

Det er staten som gir overordna styringssignal og rammer for barnehagesektoren. Dei statlege føringane har som mål å sikre likeverdig og høg kvalitet i barnehagen, fokus på tidleg innsats og at barnehage inngår i og utgjer ein del av eit heilskapleg utdanningsløp.

Jf. rammeplan for barnehage, er samfunnsmandatet til barnehagen å ivareta borna sine behov for omsorg og leik, samt å fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Dette i samarbeid og forståing med heimen.

Barnehagetida utgjer ein viktig del av oppveksten til borna. For nokre born er barnehage deira første møte med eit miljø der dei må lære å vere ein del av ei større gruppe, og delta aktivt i eit fellesskap med andre born og vaksne utanfor familien.

Volda kommune skal sikre born i barnehagealder eit oppvekstmiljø med utfordringar som er tilpassa alder og funksjonsnivå. Barnehagen som lærande organisasjon og pedagogisk verksemd skal planleggje, gjennomføre og evaluere arbeidet. Arbeid med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk må sjåast i samanheng og samla bidra til born si allsidige utvikling.

Slik administrasjonen forstår samfunnsmandatet til barnehagen og lovverket si tyding av omgrepet pedagogisk verksemd, kan ein ikkje rå til vidare drift av Austefjord barnehage. Stor spreiing i alder vil gjere det ekstra krevjande for det pedagogiske personalet å oppfylle kravet om barnehagen som pedagogisk verksemd, jf. lov om barnehage og rammeplan for barnehage. Ein barnehage med åtte born utløyser ein relativt liten personalressurs i barnegruppa, dvs. 1,5 stilling.

***Barnets beste***
Jf Barnekonvensjonen artikkel 3, skal barnet sitt beste vere eit grunnleggande omsyn i saker som vedkjem born.

Barneombodet formulerer det slik:

*Når voksne skal bestemme noe som har med deg som barn å gjøre, så skal de tenke på hva som er best for deg. Dette gjelder også når voksne bestemmer noe som gjelder alle barn i Norge, eller en gruppe barn f.eks. i kommunen du bor i.*

*Noen ganger kan voksne bestemme noe annet enn det som er best for barn, men da skal de ha veldig gode grunner for det.*

Når administrasjonen vurderer *barnets beste,* gjeld dette både individuelt og i gruppe. Barnehagen sin viktigaste sosialiseringsarena er leiken. Born treng andre jamaldra som dei kan leike og utforske saman med. I undersøkingar der borna blir spurt om kva som er viktig i barnehagen, så kjem det fram at dei opplever barnehagen **først og fremst som ein arena for leik og venskap** (Østrem m.fl 2009). Born vil mest av alt leike saman med andre, og leik og vener er det borna ofte snakkar om frå sin barnehagekvardag. Leik og læring skjer i samhandling med andre born og vaksne. Det er administrasjonen si vurdering at dette ligg betre til rette der det er fleire på same årssteg og samla sett i barnegruppa. Det blir då ikkje så sårbart ved endringar ved t.d fråver av born og vaksne.

***Ulemper***
Administrasjonen har forståing for at foreldre og bygda sine innbyggjarar kan oppleve frustrasjon over at det vert fremja eit forslag om å leggje ned endå eit kommunalt tilbod i Austefjorden. Høyringsbrevet vart sendt ut rett etter at kommunestyret hadde vedteke å flytte ungdomsskuleelevane til sentrum. Ein vil kjenne igjen mykje av den same grunngjevinga i denne saka. Det vil vere naturleg då barnehagen og skulen er begge pedagogiske verksemder.

Ulempa i denne saka er knytt til at Austefjorden ikkje vil ha barnehage i nærmiljøet, ein vil misse eit samlingspunkt, og nokre vil kunne få lengre reiseveg til/frå barnehagen. Born frå

Austefjorden vil i framtida kunne gå i forskjellige barnehagar slik som borna i sentrum, sidan foreldre kan ha ulike kriterium i val av barnehage.

***Fordelar***
Volda kommune ynskjer å utvikle gode læringsfellesskap. Ved å leggje ned barnehagen vil born og tilsette få høve til å kome til eit større fagleg og sosialt fellesskap. Leik og læring skjer i samhandling med andre born og vaksne, og det er administrasjonen si vurdering at dette ligg betre til rette der det er fleire på same årssteg og den samla barnegruppa er større.

For å kunne utvikle profesjonelle læringsfellesskap, jf. Nordal m.fl. i rapporten *«Inkluderende fellesskap for barn og unge»,* så treng tilsette eit fagmiljø der dei kan diskutere og reflektere over arbeidet ein gjer i høve rammeverket. Leiarar og pedagogisk personale skal lære å bruke forskingsbasert kunnskap om pedagogisk praksis og knytte dette til både planlegging, gjennomføring og evaluering av verksemda. Dette er ekstra sårbart og utfordrande der det er få barn og tilsette.

***Høyringssvar***
Det kom inn seks høyringssvar, som ligg ved saka. Administrasjonen oppsummerer høyringssvara på følgjande måte, og med kommentar der det er vurdert som naudsynt:

1. ***SU Austefjord barnehage:***
   Viser til at det er eit tett og bra samarbeid med skulen i høve overgang barnehage-skule, og SFO-samarbeid kvar onsdag, der ein er saman i deler av dagen. Trur at fleire hadde søkt barnehagen med utvida opningstid. Ser at det komande barnehageår vil vere ei lita barnegruppe med eit stort aldersspenn. Det kan gjere det vanskeleg å legge til rette for pedagogiske opplegg i kvardagen. Håper at avgjerdsla politikarene tek blir til barnets beste.

   *Kommentar frå administrasjonen:*
   *Nedlegging av barnehagen vil ikkje få konsekvensar for skulefritidsordninga.*

2. ***FAU Austefjord barnehage:***
   Meiner at drift av barnehage og skule heng nøye saman i Austefjorden. Viser til auke av tal på barn fødd i bygda. Nemner også at potensielle søkjarar ikkje søkjer Austefjord barnehage på grunn av praktiske årsaker, opningstidene og at nokre er redde for at barnehagen skal bli lagt ned.

3. ***Austefjord grendelag:***
   Stiller seg bak uttalen frå foreldrerådet i Austefjord barnehage

4. ***Kalvatn grendalag:***
   Viser til at dei som vel å bruke barnehage i Hornindal gjer det som passar best for deira familiesituasjon. Uvissheita om framtida til Austefjord barnehage kan også vere medverkande til at ein ikkje søkjer barnehagen. Bør halde fram så lenge foreldra til dei som skal gå der ynskjer tilbodet, og er nøgd med tilbodet.

5. ***Høydal grendautval:***
   Trygt og godt miljø i Austefjord barnehage. Er sterkt i mot at barnehagen skal leggast ned. Foreldre som jobbar i turnus og pendlar vil få store problem med å levere i barnehage.

6. ***FAU Austefjord skule:***
   Reagerer på at FAU Austefjord skule ikkje er høyringsinstans

då det vil kunne få konsekvens for morgon SFO. Samarbeid barnehage – SFO fungerer bra, då dei deler bygning og uteområde. Oppmodar om aukar bruk av ressursar på tvers av barnehage, SFO og skuledrift.

*Kommentar frå administrasjonen:*
*Nedlegging av barnehagen vil ikkje få konsekvensar for skulefritidsordninga.*

7. ***Utdanningsforbundet Volda:***
Stiller seg bak det administrasjonen skriv i høyringa. Det
pedagogiske personalet fryktar at barnehagen blir ein oppbevaringsplass og ikkje ei pedagogisk verksemd jf. rammeplanen. Peikar også på at det ikkje er ideelt og utviklande og at det vere vanskeleg å halde tritt med den faglege utviklinga for personalet. Understrekar at det er positive sider ved ei lita barnegruppe. Dei framhevar eit tett og nær kontakt med barn og foreldre og eit godt samarbeid med skulen i høve overgang barnehage og skule.

**Økonomisk vurderingar**
Kommunestyret vedtok i 2016 «prosessnotat økonomi», der ein teikna opp ulike prinsipp for den kommunale drifta. Her vert det nemnt at ein skal ha fokus på kjerneoppgåver, samt at ein skal optimalisere ressursbruken. Tenestestruktur på alle områder vert utfordra. Volda kommune må ta omsyn til dette når ein skal planleggje framtidig tenestestruktur for barnehagane. Rekneskapen for 2017 viser at barnehagedrifta må effektiviserast. Ein må planleggje slik at ein får mest mogleg ut av ressursane ut frå eit samla tenestetilbod.

Ved å oppretthalde tilbodet må ein som i år, auke personaltettleiken utover det som er normalt for åtte born. Dette for å kunne gi eit forsvarleg tilbod i den tida borna er i barnehagen. Det er med andre ord knytt ein relativt stor meirkostnad pr barn i Austefjord barnehage samanlikna med andre kommunale barnehagar.

Administrasjonen estimerer ei innsparing på eitt pedagogisk årsverk ved nedlegging av Austefjord barnehage, som med arbeidsgjevaravgift og sosiale kostnader utgjer om lag kr 520 000,-

I tillegg må ein rekne innsparing i redusert behov for reinhald og vedlikehald samt energikostnader.

**Vurdering og konklusjon:**
Ei avgjerdsle som gjeld barnehagedrift ligg i kjerneområdet av den kommunale handlefridomen. Ei avgjerdsle som gjeld barnehagestruktur må bygge på eit kommunestyre sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar.

Administrasjonen vurderer det slik at ein ut frå ein fagleg ståstad ikkje kan forsvare vidare drift av ei pedagogisk verksemd med det tal på barn ein kjenner til i Austefjord barnehage komande år, og som er fordelt på fem årssteg. Kommuneplanen sin samfunnsdel peikar på at ein strategi skal vere full barnehagedekning og godt pedagogisk innhald i alle barnehagar og skular. Kommunestyret bør som barnehageeigar ha ein strategi på at det skal vere ein viss felles standard og innhald i dei kommunale barnehagane.

Samstundes seier kommuneplanen sin samfunnsdel at tilbodet til offentlege tenester (t.d. barnehage og skule) skal stimulere til busetting. Trass i at Austefjorden har hatt eige barnehagetilbodet, har det ikkje motverka eit synkande barnetal. Talet på born komande år og spreiinga i alder gjer at administrasjonen ikkje finn å kunne forsvare tilbodet ut i frå ei fagleg vurdering.

I intensjonsavtalen mellom Hornindal og Volda kommunar heiter det mellom anna at det er semje om å ha kostnadseffektive tenester ut i frå økonomiske ressursar. Som det er vist til i saksutgreiinga, vil ein ved vidare drift av barnehagen måtte auke personalressursen ut over det som er vanleg for å kunne ha eit forsvarleg tilsyn gjennom heile dagen. I lys av dette, vil framhald av drifta ikkje vere ei kostnadseffektiv teneste.

Trass i at det alltid vert opplevd negativt å misse eit tilbod i sitt nærområde, så finn administrasjonen ut i frå ein fagleg og økonomisk ståstad å tilrå at barnehagen i Austefjorden bør leggast ned. Ved nedlegging vil administrasjonen arbeide for alternative plassar i andre kommunale barnehagar. I den økonomiske vurderinga er ein tydeleg på at alt har ein samanheng i det kommunale tenestetilbodet. Prognosene framover viser at kommunen vil få utfordringar med å balansere økonomien (jfr m.a reduksjon i integreringsinntekter på storleik opp mot ca 20 mill, auka avdragskostnader på ca 6 mill som følgje av endring i utrekning av minsteavdrag, auka behov i omsorgstenestene mv). Det er eit politisk ynske om å gjere større investeringar på Volda ungdomsskule, tung deltaking i Volda Campus Arena, badeland, kulturhus, VVA-infrastruktur. Dette vil medføre vesentleg auka lånegjeld og auka drift, og noko som det må skaffast handlingsrom for. Nokre variablar synest å liggje fast:

- Politiske signal om at eigedomsskatten bør vere på noverande nivå
- Auka behov for tenester innanfor omsorg vil føre til auka utgifter i sektoren (sjølv med intern omprioritering og effektivisering)
- Auka kapitalutgifter både før nye investeringar (endring i avdragsutrekning og risiko for renteauke) og vesentleg auke dersom ein med nye investeringar vil ta opp nye lån på mellom 300 – 400 mill dei næraste åra)

Som figuren nedanfor viser så utgjer sektorane helse/omsorg og oppvekst ca 78 % av kommunen si netto drift (tenester). Grunnskulen utgjer den største delen innanfor oppvekst. Korrigerer ein for ressursar til spesialundervisning og dyr driftsstruktur, så ser ein at Volda kommune under samanliknbare kommunar på ressurstildeling til dei største skulane. Ei effektivisering/frigjering av midlar i denne sektoren må skje gjennom reduksjon av talet på einingar. Dersom kommunestyret meiner at ein skal halde fast ved dagen driftsstruktur i skule og barnehage, så vil ein måtte gjere ei ny vurdering av investeringsprogrammet eller nivået på eigedomsskatt.



**Økonomiske konsekvensar:**
Administrasjonen estimerer ei innsparing på eitt pedagogisk årsverk ved nedlegging av Austefjord barnehage, som med arbeidsgjevaravgift og sosiale kostnader utgjer om lag kr 520 000,-

I tillegg må ein rekne innsparing i redusert behov for reinhald og vedlikehald samt energikostnader.

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Opplæring og oppvekst
Austefjord barnehage

**Klageinstans:**

# VOLDA KOMMUNE
## Opplæring og oppvekst

Høyringsinstansar etter liste

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2018/992 | 6581/2018 | A19 | OPP/ BODBRA | 13.05.2018 |

**HØYRINGSBREV - AUSTEFJORD BARNEHAGE**

**Bakgrunn for saka**

I sak PS 108/17 vedtok kommunestyret følgjande:

***Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak om framtida til Austefjord barnehage***

Administrasjonen har med utgangspunkt i ei fagleg grunngjeving jf. lov om barnehage og rammeplan vurdert situasjonen i Austefjord barnehage.

Austefjord barnehage er lokalisert saman med Austefjord skule. Barnehagen har gode og tenlege lokale. Barnehagen sitt naturlege opptaksområde omfattar krinsane Høydal, Fyrde og Kalvatn.

Dei siste ti åra har talet på born i Austefjord barnehage variert mellom 9 og 17. Volda kommune og Ørsta kommune har gjennom mange år hatt avtale om at barn frå Bjørke skal kunne nytte barnehageplass i Austefjord barnehage. Administrasjonen er kjent med at Ørsta kommune også har avtale med Hornindal kommune, og komande barnehageår har foreldre frå Bjørke søkt om plass i Hornindal kommune.

Det er nedgang i barnetalet som gjer at drifta ved Austefjord barnehage no vert vurdert. Etter initiativ frå administrasjonen, vart det invitert til foreldremøte 14.11.2017, der framtidig drift var tema. Det vart då lagt fram det administrasjonen hadde grunn til å tru ville vere talet på barn komande barnehageår. Etter oppmoding frå foreldra, har administrasjonen venta til barnehageopptaket var ferdig før saka vert lagt fram.

Barnehageopptaket viser at det komande barnehageår vil vere åtte born fordelt på fem årssteg. Det er fleire av borna som har anna morsmål enn norsk. Tre av borna går ikkje i barnehagen i dag.

Postadresse: postmottak@volda.kommune.no www.volda.kommune.no
Telefon: 91194598 Telefaks:
Org. nr: 939 760 946 Bankgiro:

| **Født** | **Born** |
|---|---|
| 2013 | 4 |
| 2014 | 1 |
| 2015 | 2 |
| 2016 | 0 |
| 2017 | 1 |
| **Samla** | **8** |

Administrasjonen tok initiativ til eit nytt møte med foreldra til dei åtte borna. På møtet,17.04.18, kom det fram at foreldra ynskjer framhald i drifta av barnehagen trass eit lågt barnetal og stor spreiing i alder.

**Barnehagen som pedagogisk verksemd**
Det er staten som gir overordna styringssignal og rammer for barnehagesektoren. Dei statlege føringane har som mål å sikre likeverdig og høg kvalitet i barnehagen, fokus på tidleg innsats og det er peika på at barnehage inngår i og utgjer ein del av eit heilskapleg utdanningsløp.

Jf. rammeplan, er samfunnsmandatet til barnehagen å ivareta barnas behov for omsorg og leik, samt å fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Dette i samarbeid og forståing med heimen.

Barnehagetida utgjer ein viktig del av oppveksten til borna. For nokre born er barnehage deira første møte med eit miljø der dei må lære å vere ein del av ei større gruppe, og delta aktivt i eit fellesskap med andre born og vaksne utanfor familien.

Volda kommune skal sikre born i barnehagealder eit oppvekstmiljø med utfordringar som er tilpassa alder og funksjonsnivå. Barnehagen som lærande organisasjon og pedagogisk verksemd skal planleggje, gjennomføre og evaluere arbeidet. Arbeid med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk må sjåast i samanheng og samla sett bidra til born si allsidige utvikling.

Slik administrasjonen forstår samfunnsmandatet til barnehagen og lovverket si tyding av omgrepet pedagogisk verksemd, kan ein ikkje rå til vidare drift av Austefjord barnehage. Stor spreiing i alder vil gjere det ekstra krevjande for det pedagogiske personalet å oppfylle kravet om barnehagen som pedagogisk verksemd, jf. lov om barnehage og rammeplan. Ein barnehage med åtte born utløyser ein relativt liten personalressurs i barnegruppa dvs. 1,5 stilling.

**Barnets beste**
Jf. Barnekonvensjonen artikkel 3, skal barnet sitt beste vere eit grunnleggande omsyn i saker som vedkjem barn.

Barneombodet formulerer det slik:

*Når voksne skal bestemme noe som har med deg som barn å gjøre, så skal de tenke på hva som er best for deg. Dette gjelder også når voksne bestemmer noe som gjelder alle barn i Norge, eller en gruppe barn f.eks. i kommunen du bor i.*

*Noen ganger kan voksne bestemme noe annet enn det som er best for barn, men da skal de ha veldig gode grunner for det.*

Når administrasjonen vurderer barnets beste, gjeld dette både individuelt og i gruppe. Barnehagen sin viktigaste sosialiseringsarena er leiken. Born treng andre jamaldra som dei kan leike og utforske saman med. I undersøkingar der borna blir spurt om kva som er viktig i barnehagen, så kjem det fram at dei opplever barnehagen **først og fremst som ein arena for leik og venskap** (Østrem mfl. 2009). Barn vil mest av alt leike saman med andre, og leik og vener er det borna ofte snakkar om frå sin barnehagekvardagen. Leik og læring skjer i samhandling med andre born og vaksne. Det er administrasjonen si vurdering at dette ligg betre til rette der det er fleire på same årssteg og samla sett i barnegruppa. Det blir då ikkje så sårbart ved endringar ved t.d. fråvær av barn og vaksne.

**Ulemper**
Administrasjonen har stor forståing for at foreldre og bygda sine innbyggjarar kan oppleve frustrasjon over at det vert fremja eit forslag om å leggje ned endå eit kommunalt tilbod i Austefjorden. Høyringsbrevet kjem rett etter at kommunestyret har vedteke å flytte ungdomsskuleelevane til sentrum. Ein vil kjenne igjen mykje av den same grunngjevinga i denne høyringa. Det vil vere naturleg då barnehagen og skulen er begge pedagogiske verksemder.

Ulempa i denne saka er knytt til at Austefjorden ikkje vil ha barnehage i nærmiljøet og ein vil misse eit samlingspunkt, og nokre vil kunne få lengre reiseveg til/frå barnehagen. Born frå Austefjorden vil i framtida kunne gå i forskjellige barnehagar slik som borna i sentrum, sidan foreldre kan ha ulike kriterium i val av barnehage.

**Fordelar**
Volda kommune ynskjer å utvikle gode læringsfellesskap. Ved å leggje ned barnehagen vil barn og tilsette få høve til å kome til eit større fagleg og sosialt fellesskap. Leik og læring skjer i samhandling med andre born og vaksne, og det er administrasjonen si vurdering at dette ligg betre til rette der det er fleire på same årssteg og samla sett i barnegruppa.

For å kunne utvikle profesjonelle læringsfellesskap, jf. Nordal mfl. i rapporten «*Inkluderande fellesskap for barn og unge»,* så treng tilsette eit fagmiljø der dei kan diskutere og reflektere over arbeidet ein gjer i høve rammeverket. Leiarar og pedagogisk personale skal lære å bruke forskingsbasert kunnskap om pedagogisk praksis og knytte dette til både planlegging, gjennomføring og evaluering av verksemda. Dette er ekstra sårbart og utfordrande der det er få barn og tilsette.

**Økonomisk vurderingar**
Kommunestyret vedtok i 2016 «prosessnotat økonomi», der ein teikna opp ulike prinsipp for den kommunale drifta. Her vert det nemnt at ein skal ha fokus på kjerneoppgåver, samt at ein skal optimalisere ressursbruken. Tenestestruktur på alle områder vert utfordra. Volda kommune må ta omsyn til dette når ein skal planleggje framtidig tenestestruktur for barnehagane. Rekneskapen for 2017 viser at barnehagedrifta må effektiviserast. Ein må planleggje slik at ein får mest mogleg ut frå ressursane ut frå eit samla tenestetilbod.

Ved å oppretthalde tilbodet må ein som i år, auke personaltettleiken utover det som er normalt for åtte born. Dette for å kunne gi eit forsvarleg tilbod i den tida borna er i barnehagen. Ved å leggje ned Austefjord barnehage vil ein spare ei stilling knytt til barnehagedrifta. Dette vil også gi innsparing i andre tenesteområde i kommunen. Dette vil administrasjonen kome attende til i saksframlegget.

Administrasjonen vil i saksframlegget til kommunestyret gå nærare inn i vurderingane kring Nye Volda kommune frå 2020.

**Oppsummering**
Administrasjonen finn ikkje å kunne forsvare vidare drift med det tal på barn ein kjenner til fordelt på fem årssteg. Forslaget om å leggje ned Austefjord barnehage vert lagt ut på høyring til grendelaga Høydal, Fyrde, Kalvatn, rådsorgana ved Austefjord barnehage, Utdanningsforbundet og Fagforbundet.

**Høyringsfrist**
Det er ikkje lov- og forskriftsbestemte reglar for kor lang fristen for å uttale seg skal vere i saker som gjeld å leggje ned ein barnehage. Skal det vere tilstrekkeleg tid til å førebu saka med innkomne høyringsuttalar, vert fristen for å kome med høyringsuttale sett til **onsdag 30.05.2018.**

Dersom det er spørsmål som vedkjem høyringa, vert ein beden om å ta kontakt med sakshandsamar.

Høyringsuttalar skal merkast med saksnr. 2018/992.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Per Ivar Kongsvik | Bodil Brautaset |
| oppvekstsjef | fagkonsulent barnehage |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Austefjord grendautval
Kalvatn grendautval
Høydal grendautval
Foreldreråd Austefjord barnehage
SU Austefjord barnehage
Utdanningsforbundet i Volda
Fagforbundet i Volda

# Su-møte:

Arkivsaknr;
2018/992

Høyring angåande Austefjord barnehage:
29.05.2018

Til stades:
Torgeir Høydal – Leiar i SU
Henning Holsvik – Politisk representant
Veronika Hennøen – Styrar
Emilie Cathrin Skår Ville – Pedagogisk leiar

SU/v Austefjord barnehage møtest for å skrive høyring vedrørande saka vedrørande saka om vidare drift for Austefjord barnehage. Torgeir starter på vegne av foreldre med sterkt ønske om vidare drift av barnehagen, og at det blir eit stort problem om den legg ned. Barnehagen ligg på Fyrde, har per no 11 barn og 4 personale der av 1 i 100% og resten har ulike prosentar. Barnehagen ligg i nærmiljøet til barna som går i barnehagen, og vi har eit stort uteområdet som vi bruker ofte, både tur til fjøra, padda, uti skog og mark, vi har fått kome på gardsbesøk og liknande. Dette er eit stort pluss.
Byggmessig er barnehagen i bra stand, og har god luft, vi har fleire rom som vi kan bruke og stor plass å boltre seg på. Ein har tett og bra samarbeid med skulen i forbindelse med overgang barnehage-skule, og dette gjer at skulestartarane får ein mjukare overgang til skule, då ein både kjenner og ser skulen kvardag. Skulestartarane er også 1 time i veka i første klasse etter nyttår det året dei skal byrje på skulen. Og SFO-samarbeid kvar onsdag, her er vi ilag i løpet av dagen og samarbeider om forskjellige ting, og barna får leike med kvarandre.

Vi har også morgon-SFO to gongar i veka og det vil også fortsette, der dei er i barnehagen før dei går på skulen når den starter. Ved ei moglegheit for utvida opningstid, kan fleire foreldre søke barna sine inn i barnehagen. Men då må personalressursen opp, personalet kan ikkje ende opp med å gå fleire timar åleine, dette er uheldig både for barna og personalet. Komande år blir det ei lita barnegruppe med eit stort aldersspenn, dette gjer det vanskeleg å legge til rette for at alle barna får dekt dei behova dei har. Det blir vanskeleg å planlegge pedagogiske opplegg som er til det beste for alle barn, det er mogleg. Men blir då eit opplegg som alle må gjer, og vanskelig å treffe kvart barn i deira alder.

Med ei barnegruppe med få barn i kvar aldersgruppe kan det føre med seg utfordringar i forhold til det sosiale og vennskapsrelasjoner. Vi har sett tidlegare at dersom eit barn ikkje har kjemi og føler tilhørighet i barnegruppa, så er det veldig sårbart og kan prege eit barn i lang tid. Med tanke på utfordringar som har vore har personalet prøvd å løyse ting på ein god måte, og har fått tilbakemelding frå foreldra om at dei er fornøgde med tilbodet i barnehagen.

I år ser vi ei barnegruppe der dei leikar overens med kvarandre uavhengig av alder, dei lærer av kvarandre, og er godt samla. Vi har også fått tilflyttarar i løpet av året som har hatt ei god tilvenning hjå oss , når ein er ein liten barnehage har ein moglegheit til å tilrettelegge slik at tilvenninga blir til det beste for barnet. Elles håper ein at alle sider av saka blir belyst og at det blir til barnets beste.

Med helsing SU.

Fyrde 280518

## Høyringsuttale: Austefjord barnehage, saksnr 2018/992

## Uttale frå foreldrerådet ved Austefjord Barnehage

**I oktober 2017 var sak om «Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen» oppe i tenesteutval for oppvekst og kultur. Tilrådinga til kommunestyret for Austefjord barnehage vart: *Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak om framtida til Austefjord barnehage.***
I saksdokumentet (arkivsak nr 2017/1892) står det: *«Situasjonen for Austefjord barnehage i dag er at det er ni barn som går i barnehagen. Av desse kjem to frå Bjørke. Vidare er fire av desse skulebarn frå hausten 2018. Det betyr at vi frå neste haust står att med tre barn (utifrå det vi kjenner) i barnehagen(..... )Det er administrasjonen si vurdering at vi ikkje kan drive eigen barnehage med så få barn. Vi ser det difor som naudsynt å måtte fremje ei eiga politisk sak om det framtidige barnehagetilbodet i Austefjorden.»*

**Administrasjonen i Volda kommune si tilråding er no klar: nedlegging av Austefjord barnehage. Foreldrerådet ber om at politikarane i kommunestyret stemmer mot dette. Fordi:**

- Bakgrunnen for fremjing av sak om framtida til Austefjord barnehage var at det frå hausten 2018 kun ville vere 3 born i barnehagen. Søkartala for barnehageåret 2018/2019 er no klare og det er 8 born (9 teljande) i barnehagen frå hausten 2018. Foreldra til desse borna er informert om antal born og aldersfordelinga og ynskjer vidare drift.

- I høyringbrevet om Austefjord barnehage vert det vist til at stor spreiing i alder vil gjere det ekstra krevjande for det pedagogiske personalet å oppfylle kravet om barnehagen som pedagogisk verksemd. På foreldremøte i november 2017 der framtida til barnehagen var tema, stilte foreldre spørsmål til personalet i høve til det pedagogiske tilbodet til dei 9 borna som gjekk i barnehagen då. Dei svarte at ein hadde fått dette godt til, og at Austefjord barnehage er ein god barnehage. Foreldra har hatt eit godt samarbeid med barnehagen, er godt nøgde med tilbodet som borna får, og er ikkje i tvil om at personalet i barnehagen vil jobbe for å gi borna eit godt tilbod vidare.

- Drift av barnehage/skule og sfo heng nøye saman i Austefjorden. Born som nyttar seg av morgon-sfo vert levert i barnehagen. Dersom barnehagen vert nedlagt vil mest sannsynleg dette sfo-tilbodet forsvinne. Skulen er fådelt, per dags dato todelt. Førskuleborna får ein fin overgang til skulestart sidan barnehagen er vegg i vegg med skulen, der førskuleborna jevnlig er inne hos 1.klassingane som ein del av førskuleopplegget. Dette gir borna trygge overgangar frå barnehage til skule. Dette er i tråd med at **folkehelse** er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. Det bør og nemnast at det rett over nyttår i 2018 kom til to nye born i barnehagen. For desse er det uheldig å ta til i enno ein ny barnehage etter så kort tid.

- I høyringsbrevet står det også: « *Barn treng andre jamaldra som dei kan leike og utforske saman med»*. I Austefjorden har borna vener på same alder, over eller under same alder. Då det er samarbeid mellom barnehage/skule/sfo vil antal born å spele på vere større spesielt for dei eldste i barnehagen. Det er vel også mykje sosial læring i det å vere saman med born i ulike aldersgrupper?

- I Austefjorden er det i 2017 født 5 born. I 2018 er det også venta 5 born. Vi har altså ei positiv utvikling av barnetal i bygda vår. Med eit slikt potensiale er dette feil tidspunkt å tenkje nedlegging. Nokon vel å ikkje nytte Austefjord barnehage av praktiske årsaker (bur på Kalvatn og jobbar i

Hornindal/Stryn), andre på grunn av at opningstidene i barnehagen ikkje passar i høve til kor tid ein startar på jobb. Nokon nemner også at dei ikkje vel Austefjord barnehage fordi dei er redde for at den skal verte nedlagt, og såleis ikkje ynskjer denne uvissa for borna sine. Vi treng ro rundt barnehagen/skulen vår slik at dei som ynskjer å nytte seg av den gjer det.

-For mange av foreldra vert det svært vanskeleg å få kvardagen til å gå opp utan barnehage lokalt. Hugs: Det er ikkje alle som har ein A4 jobb i sentrumsstrok og enkelt kan levere og hente barnet før og etter jobb. Austefjorden har mange krikar og krokar der det bur folk, det er ikkje 15 minutt til Hornindal eller Volda for alle. På Volda kommune si nettside under barnehagar kan ein og lese: *«Satsingsområde for barnehagane i Volda er ein barnehage i* ***nærmiljøet*** *som integrerer omsorg og pedagogikk.»* Dette har vi i Austefjorden no.

– I utviklingsplanen for nye Volda kommune er det eit mål om å: *«Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-[...] område i alle deler av kommunen».* Nettopp difor bør det vere vidare drift av Austefjord barnehage i kombinasjon med barneskule og SFO – eit moderne oppvekstsenter, der ressursane vert utnytta på tvers av einingane.

Foreldrerådet ved Austefjord barnehage
v/ Torgeir Høydal

**Høyringsuttale: Austefjord barnehage, saksnr 2018/992**
**Uttale frå Austefjord grendelag**

Austefjord grendelag stiller seg bak uttalen frå foreldreutvalet i Austefjord barnehage.

I tillegg til det foreldreutvalet skriv har vi eit par punkt vi vil peike på.
Først vil vi gjerne peike på feil i folketalet. I 2017 var det født 5 born i Austefjorden, og i 2018 er talet venta å bli 5 born.

I tillegg ynskjer vi å peike på den dårlige ringvirkninga det vil ha å legge ned endå eit offentleg tilbod for born og unge, og foreldra deira i bygda vår. Vi opplever ei bygd i positiv utvikling, og er uroa for at det felles oppvekstmiljøet for dei unge familiane forvitrar dersom barnehagen vert nedlagt.

Vi minner om volda kommune si eiga målsettinga i kommuneplanen.
Side 15 under kapittel 4.4 om Busetting:
«Mål: Redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene.
Strategi: Sikre at offentlige teneste tilbod ( skule og barnehage) stimulerer til busetting»

Austefjord grendelag 29.05.2018

Kalvatn, 28.05.18

Høyringsuttale frå Kalvatn Grendalag vedrørande Austefjord Barnehage. Saksnr 2018/992.

Kalvatn grend har per i dag 10 barn i alderen 0-16 år fordelt på 6 familiar. Berre for tre år sidan var talet 2 barn. Dette viser at talet på barn i grenda stig kraftig. Enda eit barn er venta i år.

I August 2018 er det to barn i grenda som er i barnehagealder. Av desse to har eitt barn plass i Austefjord barnehage, mens det andre barnet har plass i Hornindal.

To born til blir 1 år i oktober/november og kan starte i barnehage.

Dei som vel å bruke barnehage i Hornindal gjer dette fordi det passar best for deira familiesituasjon med tanke på arbeid i Stryn eller at barnet allereie har starta i barnehagen der før dei flytta hit. Nokon nemner også at uvissheita om Austefjord barnehage si framtid gjer at dei ikkje tørr å søke over.

Sjølv om nokre familiar vel å bruke barnehage i Hornindal betyr ikkje det at Austefjorden ikkje treng barnehage i sitt eige nærmiljø. Tvert i mot, det er svært viktig for bygda.

Det er eit tett samarbeid mellom barnehage og skule i Austefjorden og dette bidrar til godt samhald mellom alle barna, på tvers av alder. Ettersom vi har barnehage og skule i bygda har idrettslaget opparbeida seg eit godt tilbod med barneidrett til barna fordelt i aldersgruppene 1-5 år, 6-8 år og 9-12 år. Dersom barnehagen og etterkvart kanskje skulen forsvinn vil dette også rasere fritidsaktivtetane i bygda, så vel idrett til korps. Dette fordi det blir naturleg for barna og foreldra å forhalde seg til aktivitetar der barnet går på barnehage eller skule.

Dei som går på barnehage andre stader får fortsatt kontakt med dei andre bygdeungane bl.a i aktivitet i regi av idrettslaget. Dei som står for dette tilbodet er foreldre av barn som går i Austefjorden i dag. Byrjer dei andre stadar er det meir naturleg å engasjere seg i idrett eller anna der barnet har sine vener. Barnehage og skule er med andre ord ei viktig kjelde for at Austefjorden er Austefjorden.

Når ein buset seg i ei lita grend som Kalvatn som er ein del av ei lita bygd er ein klar over at barna ikkje får så mange rundt seg i same alder. Det betyr ikkje at barnet verken vil lide sosialt eller pedagogisk. Det er god læring i å omgås ulike alderstrinn. Dei yngste har nokre å strekke seg etter og dei eldste lærer å ta hensyn til dei yngste.

Kalvatn grendalag meiner at barnehagen i Austefjord må få bestå så lenge foreldra til dei som skal gå der ynskjer tilbodet og er fornøgde med det barna deira får.

Vi i Grendalaget reagerer på kort tidsfrist for å uttale seg. Slik vi har forstått har de visst søkartala til barnehagen sidan midten av mars og møtet med foreldra var i midten av april. Vi set spørsmålsteikn til at høyringsbrevet kjem så seint og at saka ikkje skal opp i kommunestyret før 21.juni.

Dette er svært lite tid for foreldre og barn å evnt måtte førebu seg på ein endra kvardag. Dette bør igjen kome dei berørte tilgode.

Med vennleg helsing

Kalvatn grendalag

Volda Kommune

Opplæring og Oppvekst

v/Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik

Svar på høyringsbrev – Austefjord barnehage

Saksnr: 2018/992

Viss ein leitar etter pedagogiske argumenter for nedlegging av Austefjord barnehage, så finn ein sikkert dei. Vi er sterkt i mot at barnehagen skal leggast ned på det grunnlaget. Talet på barnehagebarn er kanskje ikkje så stort i 2018, men dette vil variere meir frå år til år på bygdene enn i ein tettstad.

I Høydalen blir det seks mil tur – retur med reise for å kome til barnehagen. I Austefjord er det eit trygt og godt miljø, der barna trivst godt i lag på alle alderstrinn. Dei kjenner godt nærmiljøet og dei kjenner skulebarna, då dei er ein del i kontakt, både i uteområdet og elles, og det er viktig når dei skal vidare til skulen. I Austefjord er det veldig fine lokaler og godt tilrettelagt, både inne og ute. Vi meiner det er viktig for nærmiljøet og nyetablering på bygdene, kanskje aller mest i Høydal, at barnehagen blir drevet vidare som i dag. Etter forslag frå Opplærings og Oppvekstkontoret ved Kongsvik vil det rasere bygda Høydal. Det kan føre til at enkelte barn, kanskje ikkje får moglegheit til å gå i barnehage. Foreldre som jobbar i turnus og pendlar til andre stader enn Volda får store problem med å levere i barnehage. Lokalmiljøet blir splitta og samhøyrigheita blir øydelagt.

Vi håper både Opplærings og Oppvekstkontoret, og kommunestyret tek til fornuft og ser verdien i at små lokalsamfunn kan bestå.

Høydalen 29/5-2018

Høydal Grendautval v/Oddlaug Greta Høydal

Oddlaug Greta Høydal

Austefjord, 29.05.18

Høyringsuttale frå FAU ved Austefjord skule vedrørande Austefjord barnehage.
Saksnr 2018/992.

FAU ved Austefjord skule reagerer på at FAU ikkje er lista opp som høyringsinstans vedrørande forslaget om nedlegging av Austefjord barnehage. Dette fordi ei nedlegging av barnehage truleg vil bety at skuleelevane og foreldra deira mister tilbodet om morgon SFO.

Skulen har hatt eit samarbeid med Austefjord barnehage om morgon SFO sidan skuleåret 2013-2014. Foreldre har då hatt tilbod om å ha barna sine der frå barnehagen opnar (kl. 07.30) til kl. 08.45 (då tek lærarane over ansvaret). Dette bidreg til at foreldre der begge har arbeidstider og/eller arbeidsstader som gjer at det er vanskeleg å få kvardagen til å gå opp, har eit tilbod og begge kan fortsette i arbeidet sitt.

I Austefjord er skule og barnehage knytt nært i hop, då dei deler bygning og leikeområde. I tillegg til morgon SFO samarbeider barnehagen med SFO på onsdagar då 1.-4.klasse har skulefri. Dette samarbeidet fungerer bra, har vi forstått av personalet.

Samarbeidet mellom barnehage og SFO er ikkje nemnd i høyringsbrevet. FAU meiner dette er viktig informasjon som har stor betydning, og gjer høyringsbrevet mangelfullt.

Til hausten er det 3 elevar som vi er kjend med som har søkt morgon SFO i tillegg til full SFO. Dette bidreg til at barnetalet vert større enn dei åtte i barnehagen, sjølv om dette berre er ein begrensa del av dagen. På onsdager er det slik vi kjenner til 7 barn i 1.-3.klasse som skal ha SFO. Dette vil seie at denne dagen blir talet i barnegruppa nesten dobla.

Vi oppmodar til auka bruk av ressursar på tvers av barnehagen, SFO og skulen. Det går an å tenke nytt i staden for å legge ned.

Mvh

FAU ved Austefjord Skule

# Høyringssvar frå Utdanningsforbundet Volda ang høyringsbrev - Austefjord barnehage:

Utdanningsforbundet Volda har innhenta informasjon og synspunkt frå klubben ved Austefjord barnehage som dannar grunnlag for høyringssvaret vårt.

Det er positive sider ved å vere ein liten barnehage, men det er og ein del utfordringar med tanke på barn og personalet. Austefjord barnehage er som nemd i høyringa lokalisert saman med Austefjord skule og har romslege avdelingar og eit variert og flott uteområde. Det er med tanke på dette gode høve til å drive ein god barnehage med mange barn. Dei siste åra har vi sett ein nedgang i barnetalet i Austefjord, og barnehagen har hatt alt frå null til seks søkarar. Dette fører til at barnegruppa blir mindre, og personalressursen vert difor mindre. Difor vert det sårbart å drive barnehagen.

Vi stiller oss bak det administrasjonen skriv i høyringa angåande Austefjord barnehage. Med ei barnegruppe på åtte born, og få born på kvart alderstrinn ser vi utfordringa med å få til eit godt pedagogisk opplegg som er til det beste for alle born. Vi ser ikkje moglegheit for ei gunstig deling av barnegruppa etter alder, og mykje av det pedagogiske opplegget blir i samla gruppe. Det pedagogiske personalet i barnehagen fryktar at barnehagen blir ein oppbevaringsplass, kontra ei pedagogisk verksemd som vi skal vere i tråd med rammeplanen .
I tillegg til utfordringane som administrasjonen påpeikar i høve borna, så er det ikkje eit ideelt og utviklande tilhøve for det pedagogiske personalet heller. I det lange løp vil det vere vanskeleg å halde tritt med den faglege utviklinga som skjer i større barnehagar der ein har fleire pedagogar til å diskutere og drøfte faglege perspektiv . Det pedagogiske personalet er like tett på alle borna , og manglar/saknar difor eit blikk utanfrå, for eksempel frå ein pedagog på ei anna avdeling som kan kome å sjå ting frå ei ny side.
Styrar og det pedagogiske personalet vil etter kunne stagnere og vil trenge større tilhøve for utvikling og læring enn ein kan få på ein så liten arbeidsstad.

Med tanke på at halvparten av borna i barnehagen komande barnehageår, (desse er av dei eldste borna) er born med anna morsmål enn norsk vil dei ha få gode språkmodellar som dei kan strekkje seg etter og lære norsk av. Dette kjem til å påverke det yngste barnet i barnehagen som er i starten på si språkutvikling. Dette er veldig uheldig for desse borna.

Men vi vil også understreke at der finns positive sider med ei lita barnegruppe. Noko av det som er positivt er nærheita ein får med alle borna. Ein lærer dei å kjenne på ein heilt unik måte, og personalet ser kvart enkelt barn kvar dag. Vi

får eit tett og nært kjennskap til både born og foreldre, og dette gjer at samarbeidet mellom heim og barnehage fungerar bra. Foreldra står på og engasjerer seg for barnehagen, og stiller opp mannsterke (heile familien) når det er ulike arrangement i regi av barnehagen. Dette er noko som vert sett stor pris på frå barnehagen si side.

Det er eit unikt samarbeid med skulen når det kjem til overgang barnehage-skule, der førskuleborna får vere i lag med første klasse ein time i veka. Dette gjer at overgongen til skulen blir lettare. Barnehagen har og eit samarbeid med SFO ein dag i veka, og det er kjekt og lærerikt for borna å få vere i lag med skuleborna.

Det er eit godt samhald i barnegruppa, og dei er flinke til å inkludere kvarandre i leik. Borna leikar godt i lag , uansett alder, og er mykje i lag på fritida. Det er eit godt miljø i nærmiljøet til barnehagen. Borna er i lag på både fotball, barneidrett osb når dei ikkje er i barnehagen, og dette gjer at dei har mange felles interesser og likar å vere i lag med kvarandre. Men av og til har ein opplevd at nokre born ikkje finn sin plass i gruppa, og ikkje har nokon i barnegruppa som dei har god kjemi med. Dei kjenner ikkje tilhøyrsle i gruppa, og hadde nok hatt betre av å vere i ei større barnegruppe, med fleire born å spele på. Det pedagogiske personalet observerar at  dette er veldig sårt for desse barna, og dei får ikkje den gode tryggleiken i barnehagen, som dei har rett til.

Visjonen til Opplæring og Oppvekst er *Volda kommune har trygge born og unge som deltek, meistrar og lærer.*
Vi oppmodar politikarane til å tenke på borna og det som er best for dei i det lange løp. Borna får kun ei barnehagetid, og den bør vere best mogleg for ALLE.

Utdanningsforbundet Volda

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Håvard Strand | Arkivsak nr.: | 2018/1107 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 26/18 | Tenesteutval for oppvekst og kultur | 13.06.2018 |
| | Kommunestyret | |

**TILSTANDSRAPPORT VOLDASKULEN 2017-2018**

**Administrasjonen si tilråding:**

***Tilstandsrapporten Voldaskulen 2017-2018 vert teken til vitende.***

**Vedleggsliste:**
Tilstandsrapporten Voldaskulen 2017-2018

**Uprenta saksvedlegg:**
Opplæringslova
Kvalitetsplanen, sektor for opplæring og oppvekst 2017-2020

**Samandrag av saka:**
Tilstandsrapporten stettar krava opplæringslova set for rapporten, og han er i tillegg meint å vere noko meir opplysande om aktiviteten i grunnskulen enn berre å fokusere på resultat. Rapporten omhandlar dei samla resultata for Voldaskulen, medan resultata for den einskilde skule er til handsaming i samarbeidsutvala på skulane. Slik får politikarane som er medlemer i samarbeidsutvala god innsikt i drifta og resultata på dei einskilde skulane.

**Saksopplysningar/fakta:**
Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skuleeigar pliktar å årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i opplæringa. Det er vidare fastsett i Volda kommune sitt forsvarlege system, pkt 4.4, at rådmannen har ansvar for å førebu eit politisk saksframlegg der tilstandsrapporten er grunnlaget for saksframlegget.

I Stortingsmelding nr 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit medvite og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Dei heiter også i stortingsmeldinga at det ikkje er alle sider ved kvaliteten i skulen som let seg måle. Ei rekke mål for den norske skulen, som t.d verdiar og haldningar, vert ikkje målt i undersøkinga.

Desse har ansvar for å utarbeide ein årleg tilstandsrapport:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskular som er godkjende etter oppl.l §2-12
- Private skular med rett til statstilskot

**Rapporten om tilstanden i opplæringa**
Rapporten om tilstanden i opplæringa (tilstandsrapporten) skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Den årlege rapporten skal drøftast med skuleeigaren, dvs kommunestyret, fylkestinget eller den øvste leiinga ved dei private grunnskulane (jf oppl.lova §13-10, andre ledd).

Det følgjer av forarbeida til føresegnene – Ot.prp. nr 55 (2008-2009) s 24, at det skal vere mogleg å tilpasse arbeidet med å utarbeide ein årleg tilstandsrapport til det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hjå skuleeigaren.

**Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem**
Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssytemet. Regjeringa har fastsett mål knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf St.meld nr 31 (2007-2008)

**Krav til innhald i tilstandsrapporten**
Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggast ut med annan omtale som skuleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skuleeigaren si vurdering av tilstanden.

Det følgjer av Ot.prp. nr 55 (2008-2009) s 24, at tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytt til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje særskilde data om vaksne, dvs deltakarar som får opplæring etter kap 4A i opplæringslova. I vurderinga av om rettane til vaksne blir tekne vare på når det gjeld områda læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, må skuleeigaren difor bruke andre kjelder for datainnhenting.

I St.meld nr 16 (2006-2007) går det fram at tidleg innsats er vesentleg for å betre ferdigheiter og fagleg utvikling hos elevane. Kartlegging av ferdigheitsnivået til elevane må følgast opp med tiltak for dei som har behov frå første stund. Her er det sentralt korleis vi best mogleg greier å utnytte den samla ressursen skulane rår over, slik at den ordinære, tilpassa undervisninga blir best mogleg. På same tid skal dei elevane som har rett til spesialundervisning få dette med så god kvalitet som mogleg. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten inneheld ikkje data om spesialundervisning, og skuleeigaren må difor også på dette området bruke andre kjelder for datainnhenting.

Skuleeigaren står elles fritt til å utvide innhaldet i tilstandsrapporten.

**Det generelle systemkravet**
Den plikta skuleeigaren har til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingskravet knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf oppl.lova

§13-10, andre ledd, og privatskolelova §5-2, tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle pliktene som ligg til skuleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er difor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

Volda kommune har utarbeidd eit forsvarleg system etter oppl.lova §13-10.

**Personvern**
Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan vere teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova §13 og/eller personopplysningar eter personopplysningslova §2, nr 1. Tilsvarande kan og gjelde lokale indikatorar. Difor er det viktig å gi denne påminninga om at desse opplysningane skal handsamast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova. Skular der færre enn 10 elevar har delteke i prøvene/undersøkingane er unnateke offentleggjering, noko som gjeld fleire av skulane i Volda kommune. Skoleporten opererer og med «prikkreglar», som gjer at nokre tal utifrå svara som vert gitt vert unnateke offentlegheit. Dette kan skje sjølv om det er over 10 elevar som deltek i undersøkingane/prøvene.

**Vurdering og konklusjon:**
Tilrådinga bør vedtakast.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Resultata frå Elevundersøkinga viser at dei fleste elevane i Volda opplever eit godt læringsmiljø, men alle må arbeide for å vidareutvikle dette. Nokre av skulane våre er av eldre standard, og dei fysiske tilhøva er ikkje optimale ved alle skulane.

**Økonomiske konsekvensar:**
Ingen.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Volda kommune

Opplæring og oppvekst

# Tilstandsrapport Voldaskulen 2017-2018



Innhald


1. Innleiing…………………………………………………………………….. 3
2. Voldaskulen 2017-2018 i tal…………………………………………………... 4
   2.1 Elevtal i kommunen sine grunnskular……………………………………... 4
   2.2 Prognose for elevtal i 1. klasse………………………………………………. 5
   2.3 Talet på elevar, skular, lærarar og lærarårsverk…………………………… 5
   2.4 Utgifter til grunnskuledrift………………………………………………… 6
   2.5 Overgang til vidaregåande opplæring……………………………………... 6
3. Læringsresultat…………………………………………………………………… 6
   3.1 kartleggingar og karakter –og læringsstøttande prøver………………………6
   3.2 Nasjonale prøver…………………………………………………………………7
      3.2.1 Volda kommune si målsetting for nasjonale prøver 2017…………….7
      3.2.2 Nasjonale prøver i lesing…………………………………………….. 8
      3.2.3 Nasjonale prøver i engelsk…………………………………………… 11
      3.2.4 Nasjonale prøver i rekning…………………………………………… 14
   3.3 Grunnskulepoeng 2017……………………………………………………… 18
   3.4 Eksamen 2017………………………………………………………………... 18
   3.5 Elevundersøkinga 2017………………………………………………………18
      3.5.1 Resultat Elevundersøkinga 2017, 7. årssteg…………………………..21
      3.5.2 Resultat Elevundersøkinga 2017, 10. årssteg…………………………23
      3.5.3 Mobbetal i Voldaskulen 2017……………………………………... 24
      3.5.4 Oppsummering Elevundersøkinga…………………………………… 25
   3.6 Foreldreundersøkinga 2017, 1.-4. årssteg……………………………………. 26
   3.7 Tiltak for å betre læringsresultata i Voldaskulen…………………….............. 32
4. Utviklingsarbeid og satsingar i Voldaskulen……………………………........... 32
   4.1 Pedagogisk bruk av IKT-verktøy…………………………………………….. 33
   4.2 Vurdering for læring………………………………………………………… 36
      4.2.1 Døme på endra praksis og tiltak i Voldaskulen gjennom deltaking i VFL…………………………………………….. 36
   4.3 Lærings –og klasseleiing……………………………………………………... 38
   4.4 Heilskapleg arbeid med læringsmiljøet………………………………………39
      4.4.1 Arbeid for å betre læringsmiljøet og trivsel i skulen…………………39
   4.5 Kompetanse for mangfald…………………………………………………… 41
   4.6 Tiltak på tvers av utviklingsarbeid og satsingsområde……………………..42

## 1 Innleiing

Målet med Tilstandsrapporten 2017-2018 er å gi kommunestyret som skuleeigar, og andre, betre forståing for, innsikt i og oversikt over sentrale område som går føre seg i Voldaskulen.

Iflg opplæringslova §13-10 skal skuleeigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa.

I st.meld nr 31 2007-2008 *Kvalitet i skolen* punkt 4.5.3 *Krav til årlig tilstandsrapport* heiter det i innleiinga:

*«Det er viktig at de øverste styringsorganene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følgje opp utviklingen i denne sektoren på en god måte».*

UDIR nemner i artikkel av 08.09.15 kva som kjenneteiknar ein god tilstandsrapport:

- er forankra hos politikarane,utdanningsadministrasjonen og skuleleiinga i kommunen og fylkeskommunen
- er resultat av ein felles prosess
- analyserer resultata frå skolane i lys av lokale føresetnader. I innleiinga til rapporten kan særtrekka ved kommunen kommenterast for å setje resultata inn i ein kontekst.
- gir gode og utfyllande vurderingar av resultata ved skulane
- legg fram data og informasjon på ein lettfatteleg og forståeleg måte
- formulerer mål og tiltak som er funderte i lokale føresetnader, eller viser til andre planar i kommunen/fylkeskommunen der det er utforma mål og tiltak som er relevante for rapporten
- argumenterer for kva som er relevante tiltak ut frå resultata som ligg føre, og ut frå forsking og faglitteratur på områda
- konkretiserer og prioriterer tiltak, slik at det blir lettare å handsame rapporten politisk og følgje han opp etter at vedtak er gjort i kommunestyret/fylkestinget

Det er det ovannemnde vi søkjer å kome i møte med denne tilstandsrapporten. Rapporten byggjer på opplysningar frå skoleporten.no, dei ulike skuleleiarane sine vurderingar og rapporteringar, samt skulefagleg administrasjon ved sektor for opplæring og oppvekst sine vurderingar og oppsummeringar.

**Før du les vidare, let vi ei av dei mange foreldrerøystene kome til orde. Her beskriv ho sin draumeskule:**

*Eg har ein draumeskule. Den skulle hatt passeleg store klassar med mange nok vaksne til å bli godt kjende med alle elevane. Det skulle vore nok tid til å snakke med kvar enkelt elev om korleis dei har det, både heime, på skulen og generelt i livet. Lærarane skulle få støtte i leiinga og vore frie til å skape ein skulekvardag som ikkje berre dreia seg om å undervise teoretisk kunnskap som kan testast, men også å formidle gode verdiar som kan vere med å skape eit godt samfunn.*

*Som mor drøymer eg om ein skule der vekas sosiale læringsmål ikkje handlar om å sitte i ro på plassen sin, rekke opp handa eller vere stille. Nei, eg skulle ønskje at vekas sosiale læringsmål handla om å trøyste ein som treng det, å inkludere ein som ikkje er med i leiken, å hjelpe nokon, å dele med nokon. Eg ønskjer meg ein skule som lærer ungane våre at det er vakkert med mangfald, at alle er ulike og at alle er unike.*

*Eg drøymer om ein skule der sitjing skjer berre i korte periodar, der kreativiteten får spelerom. Eg drøymer om at kunst og handverk skal dreie seg om noko anna enn å sitte i ro og fargelegge. Ein skule som omfamnar det beste i barndomen: at barn lærer best gjennom leik og gjennom rørsle. At ungane får le, synge, danse og klatre i tre. At dei får lov å vere spontane slik som ungar skal vere, og at dei får lære at alle kjensler er naturlege.*

# 2 Voldaskulen 2017-2018 i tal

## 2.1 Elevtal i kommunen sine grunnskular

| | |
|---|---|
| **Austefjord skule**<br> | Tal elevar pr 27.04.18: 26<br>1.kl: 2<br>2.kl: 3<br>3.kl: 2 (1 frå Ørsta kommune)<br>4.kl: 2<br>5.kl: 4<br>6.kl: 4 (2 frå Ørsta kommune)<br>7.kl: 1<br>8.kl: 4<br>9.kl: 2<br>10.kl: 2 |
| **Bratteberg skule**<br> | Tal elevar pr 27.04.18: 209<br>1.kl: 20 5.kl:41<br>2.kl: 25 6.kl:40<br>3.kl: 22 7.kl:38<br>4.kl: 23 |

| | |
|---|---|
| **Dalsfjord skule**<br> | Tal elevar pr 27.04.18: 58<br>1.kl: 2 6.kl: 8<br>2.kl: 5 7.kl: 10<br>3.kl: 4 8.kl: 7<br>4.kl: 4 9.kl: 8<br>5.kl: 4 10. kl: 6 |
| **Folkestad skule**<br> | Tal elevar pr 27.04.18: 72<br>1.kl: 3 6.kl: 5<br>2.kl: 6 7.kl: 6<br>3.kl: 5 8.kl: 13<br>4.kl: 13 9.kl: 6<br>5.kl: 6 10.kl: 9 |
| **Mork skule**<br> | Tal elevar pr 27.04.18: 82<br>1.kl: 12 5.kl: 15<br>2.kl: 11 6.kl: 11<br>3.kl:14 7.kl: 7<br>4.kl:12 |

| | |
|---|---|
| **Vikebygda skule**<br> | Tal elevar pr 27.04.18: 57<br>1.kl: 6<br>2.kl: 16<br>3.kl:17<br>4.kl:18 |
| **Volda ungdomsskule**<br> | Tal elevar pr 27.04.18: 281<br>8.kl: 99<br>9.kl: 98<br>10.kl: 84 |
| **Øyra skule**<br> | Tal elevar pr 27.04.18: 353<br>1.kl: 51 5.kl: 50<br>2.kl: 43 6.kl: 49<br>3.kl: 58 7.kl: 47<br>4.kl: 55 |

Ulvestad barneskule har inneverande år 15 elevar heimehøyrande i Volda kommune.

## 2.2 Prognose for elevtal i 1. klasse

| Skule | 18-19 | 19-20 | 20-21 | 21-22 | 22-23 | 23-24 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Mork | 8 | 15 | 13 | 10 | 21 | 11 |
| Øyra | 41 | 73 | 66 | 65 | 70 | 68 |
| Bratteberg | 10 | | | | | |
| Vikebygda | 14 | | | | | |
| Austefjord | 4 | 4 | 1 | 4 | 0 | 4 |
| Folkestad | 3 | 5 | 4 | 7 | 2 | 5 |
| Dalsfjord | 2 | 4 | 4 | 4 | 9 | 5 |

*Kjelde: Folkeregisteret.*

Prognosane for Dalsfjord er usikre, då ein ikkje har oversikt over kor mange som vil velje privatskule. For Austefjord skule er ikkje elevar frå Bjørke medrekna, då Ørsta kommune har inngått avtale med Hornindal kommune frå hausten 2018.

## 2.3 Talet på elevar, skular, lærarar, lærarårsverk

| | **13-14** | **14-15** | **15-16** | **16-17** | **17-18** |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal elevar | 1093 | 1113 | 1128 | 1145 | 1138 |
| Tal skular | 8 | 8 | 8 | 8 | 8 |
| Tal kontaktlærarar | 81 | 82 | 70 | 78 | 73 |
| Tal lærarar | 128 | 133 | 133 | 141 | 134 |
| Tal lærarårsverk | 113,8 | 116,2 | 114,3 | 113,9 | 115,6 |

*Kjelde: GSI*

## 2.4 Utgifter til grunnskuledrift

| | 2016 | | | 2017 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Volda | Kostra-gruppe 11 | Nasjonalt | Volda | Kostra-gruppe 11 | Nasjonalt |
| Driftsutg pr elev (funksjon 202) | 97957 | 98062 | 90969 | 100509 | 101092 | 93970 |
| Innbu/utstyr pr elev | 970 | 1115 | 1071 | 794 | 1129 | 1066 |
| Undervisningsmateriell pr elev | 1682 | 1773 | 1476 | 1500 | 1667 | 1486 |

*Kjelde: Kostra*

## 2.5 Overgang til vidaregåande opplæring

| **Prosentvis del av elevane med direkte overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring** | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Volda | 99,1 | 99,0 | 100 | 99,2 |
| Kostragruppe 11 | 98,2 | 98,2 | 98,6 | 97,8 |
| Nasjonalt | 98,1 | 99,0 | 98,2 | 97,8 |

*Kjelde: Kostra*

# 3 Læringsresultat

## 3.1 Kartleggingar og læringsstøttande prøver

Voldaskulen gjennomfører årleg følgande kartleggingsprøver som er laga for å kunne identifisere elevar med særskilde utfordringar. Ein jobbar etter dokumentet «kartlegging i Voldaskulen», som m.a inneber kartleggingsprøver i lesing, rekning mm. Desse kartleggingsprøvene vert så samanfatta med den daglege observasjonen og oppfølginga, slik at skulen kan setje inn eigna tiltak.

I tillegg vert Utdanningsdirektoratet sine læringsstøttande prøver nytta i nokon grad. Desse prøvene gir læraren grunnlag for læringsfremjande tilbakemeldingar til eleven på alle prestasjonsnivå. Følgande læringsstøttande prøver kan brukast:

* Lesing for 5.-7. årssteg

* Rekning for 5.-7. årssteg og 8.-10. årssteg

* Digitale ferdigheiter på 8. årssteg

Prøvene kan nyttast til å gi tilbakemeldingar undervegs, og som grunnlag for tilpassa opplæring på individ –og gruppenivå. Prøvene er og godt eigna til bruk i diskusjonar i kollegiet, slik at ein kan evaluere og justere undervisninga undervegs.

## 3.2 Nasjonale prøver

Dei nasjonale prøvene skal vurdere og vise i kva grad skulen har klart å utvikle ferdigheitene til elevane i lesing, rekning og engelsk. Dei nasjonale prøvene vert halde tidleg på hausten i 5. og 8. årssteg (lesing, rekning, engelsk), samt lesing og rekning i 9. årssteg. Det er difor kompetansemåla etter 4. årssteg og 7. årssteg som ligg til grunn for prøvene. Prøven i 9. årssteg er den same som for 8. årssteg, og kan nyttast til å sjå utvikling i elevane sine ferdigheiter frå det eine til det andre året.

Føremålet med dei nasjonale prøvene er fleire. UDIR peikar særleg på tre område:

- Lærarane skal bruke resultata for å følgje opp elevane sine og i arbeidet med undervegsvurdering og tilpassa opplæring.
- Kommunar og skular skal bruke resultata som grunnlag for kvalitetsutvikling i opplæringa.
- Forskarar kan søkje om å få utlevert resultat frå nasjonale prøver til bruk i forsking.

Det er og utarbeidd rettleiingsmateriell til lærarar. Dette materiellet seier noko om korleis ein kan følgje opp resultata og bruke dei i sitt arbeid. Ved å analysere resultata frå prøvene, får lærarane god informasjon om kva klassen og den enkelte eleven bør arbeide med for å betre dei grunnleggande ferdigheitene. Dette igjen gir læraren innspel til planlegging og gjennomføring av undervisninga.

Resultata frå dei nasjonale prøvene er i tillegg eit utgangspunkt den enkelte lærar vil kunne nytte i foreldresamarbeidet. Samtale kring meistring og utfordringar er sentralt i dei strukturerte utviklingssamtalane (to gongar kvart år) og anna, løpande foreldresamarbeid.
Resultata frå dei nasjonale prøvene er tilgjengeleg på nettstaden skoleporten.no . Unnataket er resultata frå små elevgrupper. I Volda kommune er berre resultata frå Bratteberg skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule offentlege.

Resultata på 5. årssteg er delt inn i tre meistringsnivå, der nivå 1 er definert som det svakaste nivået og nivå 3 det høgaste. Prøvene på ungdomssteget har fem meistringsnivå, der nivå 5 er høgast.

### 3.2.1 Volda kommune si målsetting for nasjonale prøver 2017

Voldaskulen sine vedtekne mål for dei nasjonale prøvene i 2017 var følgande:

*«Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse skal reduserast med 15% samanlikna med skuleåret 15/16.»*
Som kommentar til målet seier ein og: *«For både enkeltindivida og samfunnsøkonomisk er det størst gevinst å hente ved å rette innsatsen mot denne elevgruppa.»*

Det definerte referanseåret for Volda kommune er altså skuleåret 15/16.

### 3.2.2 Nasjonale prøver i lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Det er difor viktig å få fram at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve berre i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing har tre område, der elevane viser i kva grad dei meistrar:

- Å finne informasjon
- Å forstå og tolke det ein les
- Å reflektere over, og vurdere form og innhald i teksten.

*Resultat lesing 5. årssteg 2017*




Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Endring i meistringsnivå 1 (i høve 15/16): + 0,89%

**Volda kommune snitt meistringsnivå 1: 34%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1: 25,4%

Nasjonalt snitt meistringsnivå 1: 23,8%

**Volda kommune snitt meistringsnivå 3: 15,5%**

Fylkessnitt meistringsnivå 3: 20,2%

Nasjonalt snitt meistringsnivå 3: 23,2%

I høve referanseåret vårt 15/16 har vi som kommune ikkje nådd målet vårt om reduksjon i meistringsnivå 1 på 15%. Vi er i staden på omtrent same nivå som skuleåret 15/16, og kjem og svakare ut enn skuleåret 16/17. Vi ser og at vi kjem svakt ut når vi samanliknar oss med fylkesnivået og det nasjonale nivået – dette gjeld og når vi ser kor mange elevar vi har på meistringsnivå 3.

Dette er eit resultat som vi ikkje er nøgde med. Dei siste åra har vi i Voldaskulen arbeidd med programmet SOL (Systematisk Observasjon av Lesing), der målet har vore å arbeide på ein slik måte at elevane sine leseferdigheiter vert utvikla. Ein kan aldri trekke bastante konklusjonar på resultata frå eit enkeltår, men resultata på lesing i år er svakare enn forventa og krev analyse og

evaluering av det arbeidet ein gjer. Skulane reflekterer kring resultata i sine rapportar inn til OO, og det vert forventa at ein kritisk evaluerer arbeidet sitt og ser på moglege forbetringar.

I denne evalueringa vil ein m.a sjå på SOL-verktøyet – vert det nytta på ein god måte? Er det noko ved SOL-verktøyet som ikkje fungerer? Elles er det naturleg å sjå framover korleis ein kan nytte dei nye digitale hjelpemidla. Her veit vi allereie utifrå tilbakemeldingane at skule og heim har fått heilt nye moglegheiter m.a i arbeidet med lesing, der lærar kan gi vurdering og tilbakemelding mykje tettare enn før. Til sist vil OO gjennom sine nettverk øve trykk på kva tiltak vi kan setje i verk når vi oppdagar elevar som har vanskar med lesing.

Nettverket for spesialundervisning (SPU-nettverket) har den seinare tida teke føre seg kartleggingsverktøya i Voldaskulen. Framover vil nettverket no spisse arbeidet sitt inn mot det som omhandlar grunnleggande lese –og skriveopplæring. Her vil ein sjå på tidlege tiltak og kva konkret handling ein kan gjere i møte med elevar som av ulike årsaker kan streve med lesing. Ein skal ikkje «vente og sjå», men i staden setje inn rette tiltak til rett tid.

*Resultat lesing 8. årssteg 2017*




**Endring på meistringsnivå 1+2: +0,68%**

Endring på meistringsnivå 1: - 5,1%

**Volda kommune snitt meistringsnivå 1+2: 29,6%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1+2: 27,8%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 1+2: 26,6%

**Volda kommune snitt meistringsnivå 4+5: 29,6%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 4+5: 27,1%

Nasjonalt snitt meistringsnivå 4+5: 31,4%

Vi ser av resultata at vi ikkje har nådd målet om reduksjon på 15% for dei som hamnar i meistringsnivå 1+2, sjølv om det er gledeleg at gruppa meistringsnivå 1 har minka noko. Elles er det lett å måle seg opp mot eit gjennomsnitt, og i år ser vi at vi kjem dårlegare ut på score i meistringsnivå 1+2 – både når vi samanliknar oss med fylket og nasjonalt nivå. På meistringsnivå 4+5 ligg vi over fylkessnitt, men under nasjonalt snitt. I høve referanseåret 15/16 kan vi ikkje seie oss nøgde med dette resultatet.

*Resultat lesing 9. årssteg 2017*




**Endring meistringsnivå 1+2: -37,2%**

Endring på meistringsnivå 1: -76,9%

**Volda kommune snitt meistringsnivå 1+2: 18,2%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1+2: 17,9%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 1+2: 16,7%

**Volda kommune snitt meistringsnivå 4+5: 50%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 4+5: 42,5%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 4+5: 47,1%

Resultata på 9. årssteg er gode i høve referanseåret 15/16. Reduksjonen på dei som kjem i meistringsnivå 1+2 er monaleg, og det er auke i talet på dei som hamnar i dei høgaste meistringsnivåa – her er vi og over snittet nasjonalt og på fylkesbasis. For dette årssteget kan

ein og samanlikne med fjoråret, og det er gledeleg å sjå ein markert forbetring i resultata for dei. På 8. årssteg var det 26,1% som hamna i meistringsnivå 4+5, i år er talet altså 50%.



### 3.2.3 Nasjonale prøver i engelsk

Engelsk er ikkje definert som grunnleggjande ferdigheit i LK06. Prøvene i engelsk tek difor utgangspunkt i kompetansemåla i eitt fag – engelsk. Oppgåvene på 5. årssteg er knytt til desse ferdigheitene:

- Finne informasjon
- Forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- Forstå vanlege ord og uttrykk knytt til dagleglív og fritid
- Forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- Bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Oppgåvene for ungdomssteget er knytt til desse ferdigheitene:

- Finne informasjon
- Forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og ulike sjangrar
- Rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- Forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- Forstå bruken av grunnleggande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

*Resultat engelsk 5. årssteg 2017*




**Endring meistringsnivå 1: -19,8%**

**Volda kommune snitt meistringsnivå 1: 29,1%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1: 22,4%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 1: 23,2%

**Volda kommune snitt meistringnivå 3: 19,4%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 3: 25,9%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 3: 25,5%

I høve målsetting om reduksjon samanlikna med referanseåret 15/16, er målet nådd. Når vi samanliknar oss med fylkessnitt og det nasjonale snittet, ser vi derimot at vi scorar dårlegare både når vi ser på talet elevar som hamnar i meistringsnivå 1 og 3. Det er ei naturleg målsetjing å vere minst på fylkessnitt/nasjonalt snitt.

*Resultat engelsk 8. årssteg 2017*




Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn

**Endring meistringsnivå 1+2: +11,3%**

Endring meistringsnivå 1: -20,8%

**Volda kommune snitt meistringsnivå 1+2: 29,6%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1+2: 27,3%

Nasjonalt 2017 meistringsnivå 1+2: 27,2%

**Volda kommune snitt meistringsnivå 4+5: 22,9%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 4+5: 29,6%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 4+5: 31,7%

Resultata på nasjonale prøver i engelsk på 8. årssteg er noko som uroar. Vi er langt unna målet om 15% reduksjon i meistringsgruppe 1+2, og færre enn ønska hamnar i meistringsgruppe 4+5. Vi ser og at vi er eit stykke unna det nasjonale snittet samt fylkessnittet. Dette var og biletet ved siste korsveg, då tilstandsrapporten for skuleåret 2016-2017 vart lagt fram. I denne vart det beskrive kva tiltak ein har sett i verk for å møtte denne uroa:

- *Jobbe planmessig med nasjonale prøver i kollegiet og sikre at elevane kjenner prøveforma godt og er trygge på oppgåvetypane.*
- *Lese meir engelske bøker allereie på 3. årssteg*
- *Ekstra lærarressurs brukt til lesetrening og arbeid med tekstar i engelsk*
- *Sikre at lærar har god kompetanse i faget*

I skulane sine rapportar til OO, understrekar ein at ein tek resultata på alvor. Vidare vert resultata analysert, drøfta og reflektert over på kvar skule og i kvart einskild team. Ut frå dette vil det kome tiltak som er spissa inn mot kvar eining og gruppe. Rektor ved Volda ungdomsskule formulerer seg slik:

*«Den viktigaste refleksjonen skjer likevel på klasseteam der lærarane arbeider med oppgåverapporten i PAS og ser på oppgåver som klassene fann vanskelegast, om det t.d. er spesielle fagtekster som skil seg ut og korleis arbeide vidare med dette i klassa. Vidare ser dei på klasseoversynet i analyserapporten, om det t.d. er noko som overraskar og om her er elevar som bør kartleggast vidare sett i lys av anna informasjon dei har om eleven. Dei ser også på type oppgåver elevane har svart feil på, om det t.d. er overvekt av tolke-, finne- eller refleksjonsfeil. Det viktigaste for lærarane er å samtale/reflektere over korleis hjelpe elevane vidare i læringsarbeidet.»*

I Volda er vi opptekne av at elevane skal kjenne prøve –og oppgåveforma, men undervisninga skal ikkje innrettast mot ein enkelt prøve (teach to the test). Vi er derimot opptekne av at elevane våre skal ha høgast mogleg grad av kompetanse i høve læringsmåla i læreplanen, noko dei nasjonale prøvene skal måle.

### 3.2.4 Nasjonale prøver i rekning

Nasjonale prøver i rekning skal vise i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål for læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei matematikkprøve i tradisjonell forstand. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre område:

- Tal
- Måling
- Statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber m.a at prøvene ser på i kva grad elevane:

- Forstår og reflekterer over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring
- Kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- Kan vurdere om svara dei får er rimelege
- Kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

*Resultat rekning 5. årssteg 2017*




Volda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Endring i meistringsnivå 1: -25,8%

**Volda kommune meistringsnivå 1: 20,4%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1: 21,3%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 1: 23,0%

**Volda kommune snitt meistringsnivå 3: 20,4%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 3: 24,8%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 3: 25,6%

Målet om minst 15% reduksjon i meistringsgruppe 1 (i høve referanseåret 15/16) er nådd med god margin. I høve same året er og auken i meistringsgruppe 3 monaleg. Dette er gledeleg, samtidig som vi registrerer at vi kjem betre ut i høve fylkessnitt/nasjonalt snitt når det gjeld meistringsgruppe 1, medan vi er noko under når det gjeld tala i meistringsgruppe 3. Som sagt ser vi ingen grunnar til at Volda kommune skal ligge under fylkessnitt når det gjeld resultata på nasjonale prøver, difor er det naturleg å ha som vidare målsetting å tette dei «gapa» som er og vere på den «rette» sida av gjennomsnitta.

*Resultat rekning 8. årssteg 2017*




Endring på meistringsnivå 1+2: -12,7%

**Volda kommune snitt meistringsnivå 1+2: 31,7%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1+2: 30,2%

Nasjonalt snitt meistringsnivå 1+2: 29,9%

**Volda kommune snitt meistringsnivå 4+5: 19,2%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 4+5: 29,7%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 4+5: 32,4%

I høve referanseåret 15/16 er vi nær målet om reduksjon på meistringsnivå 1. Likevel ligg vi litt over fylkessnitt/nasjonalt snitt. På snittet for dei som kjem på meistringsnivå 4+5 er vi ikkje nøgd med årets tal. Vi går markert ned i høve fjoråret, og vi er godt unna snittet på fylket og landet for øvrig.

*Resultat, rekning 9. årssteg 2017*




Endring meistringsnivå 1+2: -17,4%

**Volda kommune snitt meistringsnivå 1+2: 17,1%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 1+2: 20%

Nasjonalt snitt meistringsnivå 1+2: 19,4%

**Volda kommune snitt meistringsnivå 4+5: 47,7%**

Fylkessnitt 2017 meistringsnivå 4+5: 43,7%

Nasjonalt snitt 2017 meistringsnivå 4+5: 47%

Resultata for 9. årssteg i rekning er gode. Vi har nådd målet om minst 15% reduksjon i talet på elevar på meistringsnivå 1+2, og vi bidreg positivt på snitta både nasjonalt og på fylket. Vi ser og at dette årssteget syner positiv utvikling frå fjorårets nasjonale prøver i rekning. Som døme var 26,1% av desse på meistringsnivå 1+2 i fjor, medan ein no altså er på 17,1%. Det har og vore eit monaleg «løft» i meistringsgruppe 4+5 – frå 27% til heile 47,7%. Det er sikkert fleire forklaringar på dette, men det er grunn til å tru at skulane gjennom systematisk analyse og refleksjon har funne tiltak som har bidrege positivt til resultata ein har oppnådd.

<u>Oppsummert om nasjonale prøver</u>

Resultata på dei nasjonale prøvene blir grundig gått gjennom, analysert og vurdert. Ut frå dette må den einskilde skule spisse tiltaka inn mot kvar elevgruppe. Skulen skal alltid kritisk evaluere si verksemd og undervisning.

## 3.3 Grunnskulepoeng 2017

Grunnskulepoeng er gjennomsnittet av alle avsluttande karakterar, multiplisert med ti. Poenga her er elevane sitt konkurransegrunnlag ved opptak i vidaregåande skule. Grunnskulepoenga fortel i kva grad elevane har nådd kompetansemåla etter fullført grunnskule.

| Indikator og nøkkeltal. Grunnskulepoeng, gjennomsnitt | 2013-2014 | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 |
|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune** | 41,7 | 41,6 | 41,3 | 41,5 |
| **Møre og Romsdal** | 40,4 | 40,7 | 41,0 | 41,3 |
| **Nasjonalt** | 40,4 | 40,8 | 41,2 | 41,4 |

Volda kommune har over tid levert gode resultat når det gjeld grunnskulepoeng. Ein noko fallande trend vart snudd i år, og vi er framleis over fylkessnitt og nasjonalt snitt.

## 3.4 Eksamen 2017

| Indikator og nøkkeltal | Volda kommune | Møre og Romsdal | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| Engelsk skriftleg eksamen | 3,5 | 3,7 | 3,8 |
| Engelsk munnleg eksamen | 4,6 | 4,5 | 4,5 |
| Matematikk skriftleg eksamen | 3,5 | 3,4 | 3,4 |
| Matematikk munnleg eksamen | 4,3 | 4,1 | 4,1 |
| Norsk hovudmål skriftleg eksamen | 4,0 | 3,4 | 3,4 |
| Norsk munnleg eksamen | 4,6 | 4,5 | 4,4 |
| Norsk sidemål skriftleg eksamen | 4,4 | 3,3 | 3,3 |
| KRLE munnleg eksamen | 5,0 | 4,3 | 4,4 |
| Samfunnsfag munnleg eksamen | 4,6 | 4,4 | 4,4 |

Om vi ser vekk frå engelsk skriftleg, er resultata frå eksamen høgare enn snittet nasjonalt og i fylket i alle fag og eksamenar. Trenden med jamt over høgare snitt er ei historisk trend som vi skal glede oss over, og er eit kvalitetsteikn for Voldaskulen.

## 3.5 Elevundersøkinga 2017

Elevane våre har ulike føresetnader, bakgrunn og erfaringar. Desse verkar inn på skulekvardagen og om korleis dei fungerer fagleg og sosialt på skulen, og vi veit at god læring og god trivsel er nært knytt til kvarandre. Over tid har ein vore medviten om at dei ulike skulefaglege læreføresetnadene krev tilpassa opplæring, men i «nyare» tid har ein og vorte medviten om at dei ulike føresetnadene kjenslemessig, åtferdsmessig og sosialt også krev tilpassa opplæring i høve det.

Ingen menneske er like. Ein har ulikt humør, nokre er ekstroverte medan andre er introverte. Nokre ser ut til å vere glade heile tida, medan andre blir lett meir triste og engstelege.

Temperamentet kan vere ulikt, saman med evna til å regulere si eiga åtferd eller konsentrere seg over tid. Det er i dette «landskapet» den einskilde lærar og andre tilsette ved skulane våre opererer og må ta omsyn til når dei skal leie og utforme læringsmiljøet. Ein som arbeider i skulen ser kor viktig dette er, og ved alle våre tilsetjingar søkjer vi etter den som er ein trygg, tydeleg og varm vaksenperson som samtidig er dyktig i faget sitt.

August 2017 fekk skulane revidert §9A i opplæringslova å arbeide etter. Denne paragrafen er rekna for å vere elevane si arbeidsmiljølov, og skal sikre at alle har eit trygt og godt skulemiljø. Paragrafen seier vidare at det er nulltoleranse mot mobbing, og skulane har aktivitetsplikt når ein får vite om eller mistanke om at dette skjer.

Sektor for Opplæring og Oppvekst (OO) ønskjer at *Kvalitetsplanen* skal vere eit levande dokument som fortel kva vår sektor skal gjennomsyrast av. Visjonen vår er overskrifta over all verksemda vår:

«Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer»



Eit læringsmiljø som har fokus på meistring, motivasjon samt støttande lærarar/andre tilsette som har tydelege forventningar til elevane, vi skape tryggleik, føreseielege rammer og struktur som gjer elevane i stand til å møte utfordringar i skulen.

I *Kvalitetsplanen* sitt forord (s. 3) vert det understreka at dei tilsette skal *«…bidra til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og moglegheitene som ligg der: at dei meistrar tilværet, sjølve livet»*. Perspektivet om livsmeistring er grunnleggande i alt arbeid som vert utført i OO.

Elevundersøkinga skal gi elevane moglegheit til å seie si meining om tilhøve som er viktige for at dei skal lære og trivast på skulen, og gir viktig informasjon om læringsmiljøet.

For skuleeigar er det obligatorisk å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. årssteg. Ein del av spørsmåla blir så sett saman til indeksar som ein ser igjen i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- **Støtte frå lærarane**: Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.

- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur**: Indeksen viser om elevane opplever at skolearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.
- **Elevdemokrati og medverknad**: Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Mobbing på skulen:** Gjennomsnittsverdien for indikatoren Mobbing på skolen er berekna ut frå kor mange som opplever at dei blir mobba, og kor ofte dei blir mobba. Verdien viser ikkje talet på elevar som i snitt blir mobba. Ein og same verdi kan anten indikere at mange kryssar av at dei blir mobba sjeldan, eller at færre kryssar av at dei blir mobba hyppig. I Skoleporten tyder eit gjennomsnitt ned mot verdien 1 på lite mobbing i skolen.
- **Andel elevar som har opplevd mobbing**: 2-3 gonger i månaden eller oftare (prosent). Sjå eige diagram for desse tala.

Skalaen går frå 1 til 5 der høg verdi vil seie positivt resultat. Unnataka er mobbing på skulen der låg verdi er positivt.

Nedanfor viser vi tabellar på alle læringsmiljøindeksane, ein for kommunalt snitt på 7. årssteg og ein for 10. årssteg.



## 3.5.1 Resultat - Elevundersøkinga 2017 – 7. årssteg






Om vi samanliknar oss med det nasjonale, er resultata like på mange område. Nedanfor er områda der det er avvik frå det nasjonale snittet lista opp.

- Fagleg utfordring: -0,3
- Støtte frå lærarane: +0,1
- Motivasjon: -0,1
- Støtte heimanfrå: -0,1

Vi er relativt stabile når vi samanliknar tilbake til 13-14. Jamt over opplever elevane støtte frå lærarane sine og heimafrå. Det vert fortalt om jamt over god trivsel og positiv læringskultur. Vurdering for læring (VFL) har vore eit satsingsområde dei siste åra, slik sett kan ein forvente at dette gir positive utslag i ei slik undersøking. Undersøkinga ved denne korsvegen viser derimot at vi står på same sted som 13/14, men at vi har hatt ein liten framgang i høve dei to siste åra.

Elles er det grunn til uro at 6,7% av elevane våre melder om mobbing. Jf ny og revidert paragraf 9A i opplæringslova, så er det nulltoleranse mot mobbing i skulen. I høve dette spørsmålet ser vi at skulane opplever stadig aukande utfordringar knytt til mobbing utanfor skuletid, t.d på digitale plattformar. Ein skule formulerer seg slik:

***Dei vanskelegaste sakene har ofte utspring i digital mobbing. Den digitale mobbinga skjer på fritida. Vi har hatt fleire slike saker dette året, og politiet har vore innblanda. Dette er store saker som får konsekvensar for både elevar, tilsette og føresette. Vi må ta det på alvor i skulen, og vi må vere i førekant tidleg nok.***

I slike saker er det viktig med tett og godt samarbeid mellom skule, føresette og andre instansar som f.eks politi. I Voldaskulen er det no etablert eit kommunalt innsatsteam mot mobbing som skal kunne bistå i særlege vanskelege mobbesaker i skulen (jf pkt 4.4.1 seinare i rapporten). Langsmed er det og eit arbeid for å auke kompetansen mellom våre tilsette, slik at ein skal vere i betre stand til å avdekke mobbing, stoppe mobbing og rehabilitere ei klasse som har problem med dette. Dette er eit område som har den største merksemda hos oss, og ei mobbesak er ei for mykje.

Sjølv om eit slikt kommunalt innsatsteam mot mobbing er etablert, er det på skulane den viktigaste jobben blir gjort. Det er gjennom det systematiske og daglege arbeidet ein etablerer eit godt læringsmiljø. *Kvalitetsplanen* for sektoren seier det slik:

*«Sektoren skal arbeide førebyggande for å fremje eit godt psykososialt miljø, ha ein helsefremjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Alle barn, unge og vaksne skal oppleve tryggleik og sosialt tilhør» (s.9 i Kvalitetsplanen).*

## 3.5.2 Resultat – elevundersøkinga 2017 – 10. årssteg



I høve nasjonalt snitt ligg Volda kommune på snittet på fleire indeksar. Det er nokre avvik, utan at det er svært dramatiske avvik den eine eller andre vegen. Nedanfor er områda der det er avvik frå det nasjonale snittet lista opp.

- Elevdemokrati og medvirkning: +0,1
- Felles reglar: +0,1
- Meistring: +0,1
- Utdanning og yrkesveiledning: -0,1
- Motivasjon: -0,2
- Vurdering for læring: +0,2
- Støtte hjemmefra: -0,2

Det er gledeleg at vi ligg over det nasjonale når det gjeld Vurdering for læring. Dette har vore ei viktig satsing sidan skuleåret 16/17. Det er ulike spørsmål som dannar grunnlaget for indeksen, og for Volda sin del scorar vi betre enn nasjonalt på alle åtte spørsmåla, sett vekk frå eitt av dei på området Vurdering for læring.

På området «støtte heimanfrå» ligg Volda på faktor 3,9, noko som er 0,2 bak det nasjonale resultatet. Her er det å seie at Volda har vore relativt stabilt kring denne indikatoren sidan 2013 medan ein på nasjonalt nivå har gått framover og «passert» Volda.

Det som vi elles merkar oss med noko uro, er at vi scorar dårlegare på motivasjon. Her har tala svinga noko både lokalt og nasjonalt dei siste åra, men vi har ein nedgåande trend som vi må søkje å snu.

### 3.5.3 Mobbetal i Voldaskulen 2017

Tabellen nedanfor inneheld Voldaskulen sine resultat frå spørsmåla om mobbing i Elevundersøkinga.

Ein bereknar andelen som har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden (ulike former for mobbing) ved å summere delane i svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «omtrent 1 gong i veka» og «fleire gonger i veka.» Prosentdelen «mobba på skulen» seier med andre ord ikkje noko om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

UDIR opererer med ulike reglar for «prikking», slik at ikkje alle tala er offentlege, heller ikkje på kommunenivå. Det er difor nokre stader det er * i tabellen. Reglane om prikking skal hindre at identifisering skjer.

| Spørsmål | Del av elevane i landet, 7. årssteg | Del av elevane i Volda kommune, 7. årssteg | Del av elevane i landet, 10. årssteg | Del av elevane på 10. årssteg i Volda |
|---|---|---|---|---|
| Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadene? | 5,9% | 5,0% | 5,6% | * |
| Er du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadene? | 2,0% | 0,0% | 3,1% | 2,3% |
| Er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadene? | 1,6% | * | 3,8% | 2,3% |
| **Del elevar som oppgir at dei i ein eller annan kombinasjon er mobba av medelevar, digitalt mobbet av nokon på skulen eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare** | 7,2% | 6,0% | 8,3% | * |
| Har du sjølv vore med å mobbe ein eller fleire elevar på skulen dei siste månadene? | 0,6% | * | 1,6% | * |
| Har du mobba andre digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadene? | 0,3% | 0,0% | 1,2% | 0,0% |

Eit trygt og godt læringsmiljø har høgaste prioritet. Difor vil vi aldri slå oss til ro så lengje undersøkingar fortel oss at nokre av elevane våre opplever mobbing. Det er og urovekkande at nokre elevar melder om mobbing frå vaksne. Dette er noko som §9A i opplæringslova gir særleg merksemd, og gir klare instruksar for korleis ein skal handtere det. Sjå også pkt 4.4.1.

Dei fleste skulane melder om saker der dei har måtta handtert dei etter revidert §9a i opplæringslova, med ein aktivitetsplan som syner korleis ein har undersøkt saka og kva for tiltak ein har sett i verk. Føresette har no og høve til å melde saka si direkte til Fylkesmannen, om ein meiner skulen ikkje har gjort tilstrekkeleg i ei sak. I desse sakene har Volda kommune opplevd både at fylkesmannen har sagt at kommunen har oppfylt aktivitetsplikta si, og at kommunen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta. Kommunen tek lærdom av alle slike saker, og ser på fylkesmannen som ein viktig ressurs i dette arbeidet.

### 3.5.4 Oppsummering Elevundersøkinga

Det er eit naturleg og riktig mål at alle elevane våre skal ha mest mogleg likt tilbod uansett kvar i kommunen ein bur og går på skule. Utifrå elevundersøkinga er likevel konklusjonen at opplevinga er ulik frå skule til skule.

For å sikre mest mogleg lik praksis, er mange satsingar i Voldaskulen felles. Det har i dei siste åre vore fokus på Vurdering for Læring (VFL), medan det for inneverande år har vore stor satsing på IKT. I tillegg er *Kvalitetsplanen* eit dokument som skal vere leiande for heile vår sektor, og vere det som alle – også skulane – skal spegle verksemda i.

I tillegg organiserer vi ulike nettverk med lærande møte der ein møtest på tvers av skulane for erfaringsdeling og felles læring. Av dei ulike nettverka kan vi nemne nettverk for spesialundervisning, IKT-nettverk og MSP-nettverk (nettverk for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn).

Skulane går detaljert til verks på spørsmålsnivå, slik at dei kan ta tak i utfordringane og sjå på tiltak for å møte det som vert meldt frå elevane.

Seinare i rapporten fortel skulane korleis dei har jobba førebyggande for eit godt læringsmiljø.

## 3.6 Foreldreundersøkinga, foreldre/føresette til elevar på 1.-4. årssteg

Siste hausten valde vi for første gong å gjennomføre foreldreundersøking blant foreldre/føresette til elevar på 1.-4. årssteg. Svarresponsen varierte frå skule til skule, men samla for kommune svarte 55,9% av dei føresette. Vi skulle gjerne ønskt oss høgare svarprosent, men finn likevel deltakinga god nok til å gi oss nyttig og god informasjon. Skulane hadde nokre spørsmål som var «låste», medan dei kunne og velje mellom nokre spørsmål. Difor var det noko variasjon frå skule til skule, kva spørsmål dei valde seg ut. Snittverdien seier noko om kor ein er på skala frå 1-5, der 5 er best. Høg snittverdi er altså eit positivt resultat.

### Trivsel

| | Helt enig | Litt enig | Verken enig eller uenig | Litt uenig | Helt uenig | Vet ikke | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnet mitt trives på skolen | 71,7% | 22,5% | - | 2,5% | - | 0% | 4,6 |
| Barnet mitt har medelever å være sammen med i friminuttene | 77,9% | 17,6% | - | 2% | - | 1,2% | 4,7 |

### Motivasjon

| | Helt enig | Litt enig | Verken enig eller uenig | Litt uenig | Helt uenig | Vet ikke | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnet mitt er interessert i å lære på skolen | 72,7% | 27,3% | 0% | 0% | 0% | 0% | 4,7 |
| Barnet mitt liker skolearbeidet | - | 54,5% | 0% | - | 0% | 0% | 3,9 |
| Barnet mitt gleder seg til å gå på skolen | 63,6% | 36,4% | 0% | 0% | 0% | 0% | 4,6 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnet mitt fortsetter å jobbe selv om det som skal læres, er vanskelig | 36,4% | 45,5% | 0% | - | - | 0% | 3,9 |

## Hjem - Skole

| | Helt enig | Litt enig | Verken enig eller uenig | Litt uenig | Helt uenig | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Jeg viser interesse for det barnet mitt gjør på skolen | 94,9% | 5,1% | 0% | 0% | 0% | 4,9 |

| | Helt enig | Litt enig | Verken enig eller uenig | Litt uenig | Helt uenig | Ikke aktuelt | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnet mitt får hjelp til leksene hjemme | 93,9% | 5,1% | 0% | - | 0% | - | 4,9 |

| | Helt enig | Litt enig | Verken enig eller uenig | Litt uenig | Helt uenig | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Jeg oppmuntrer barnet mitt i skolearbeidet | 96,4% | 3,6% | 0% | 0% | 0% | 5 |
| Jeg forventer at barnet mitt gjør sitt beste på skolen | 90,3% | - | - | 0% | 0% | 4,9 |
| Jeg synes det er viktig at barnet mitt gjør det godt på skolen | 64,2% | 31,1% | 4,7% | 0% | 0% | 4,6 |
| Jeg får veiledning av skolen om hvordan jeg kan hjelpe barnet mitt med skolearbeidet | 39,6% | 34,8% | 16,6% | 5,3% | 3,7% | 4 |

| | Helt enig | Litt enig | Verken enig eller uenig | Litt uenig | Helt uenig | Ikke aktuelt | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jeg får veiledning av skolen om hvordan jeg bør følge opp lekser i de ulike fagene | 30,6% | 38,3% | 12,8% | 9,4% | 5% | 3,9% | 3,8 |

Interesse for, og forventning om, elevane si læring er viktige moment for auka læringsutbyte. Difor er dette gledelege tal. Det vi scorar mindre på i denne bolken, er i kva grad føresette får tips og rettleiing om korleis skulearbeidet kan følgast opp.

## Støtte fra lærerne

| | Helt enig | Litt enig | Verken enig eller uenig | Litt uenig | Helt uenig | Vet ikke | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jeg har inntrykk av at lærerne bryr seg om barnet mitt | 78,6% | 16,1% | 3,6% | - | - | - | 4,7 |
| Jeg har inntrykk av at lærerne har positive forventninger til mitt barns læring og utvikling | 79,6% | 14,8% | 2,8% | 1,6% | - | - | 4,7 |
| Jeg har inntrykk av at lærerne behandler barnet mitt med respekt | 82,8% | 11,6% | 2% | 2,4% | 0% | 1,2% | 4,8 |
| Jeg har inntrykk av at barnet mitt spør læreren om hjelp hvis det er noe han/hun ikke får til | 53,6% | 32,4% | 7,2% | 4,4% | 0% | 2,4% | 4,4 |
| Jeg har inntrykk av at lærerne hjelper barnet mitt slik at han/hun forstår det som skal læres | 66,4% | 24,8% | 4% | 3,2% | 0% | 1,6% | 4,6 |

*Dette må seiast å vere ei god tilbakemelding til lærarane i Voldaskulen.*

## Arbeidsforhold og læring

| | Helt enig | Litt enig | Verken enig eller uenig | Litt uenig | Helt uenig | Vet ikke | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jeg har inntrykk av at det er god arbeidsro i timene | 31,3% | 31,8% | 9,4% | 14,6% | 3,1% | 9,9% | 3,8 |
| Jeg har inntrykk av at i klassen til barnet mitt synes de det er viktig å jobbe godt med skolearbeidet | 44,8% | 27,1% | 16,1% | - | - | 8,3% | 4,2 |
| Jeg har inntrykk av at i klassen til barnet mitt vet elevene at det er greit å gjøre feil, fordi de kan lære av det | 44% | 25,1% | 16,2% | - | - | 13,1% | 4,3 |
| Jeg har inntrykk av at barnet mitt får nok faglige utfordringer på skolen | 53,6% | 29,2% | 4,2% | 8,3% | 3,1% | 1,6% | 4,2 |
| Jeg har inntrykk av at barnet mitt får oppgaver på skolen som han/hun klarer å løse på egen hånd | 57,3% | 31,3% | 4,7% | 3,1% | 2,1% | 1,6% | 4,4 |

*Jamt over gode tilbakemeldingar på arbeidstilhøva i klassene, men det er viktig å ta opplevinga om at det ikkje alltid vert opplevd som god arbeidsro på alvor.*

## Vurdering for læring

| | I alle eller de fleste fag | I mange fag | I noen fag | I svært få fag | Ikke i noen fag | Vet ikke | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jeg har inntrykk av at barnet mitt forstår hva som er målene i de ulike fagene | 31,3% | 17,4% | 26,1% | 5,2% | 2,6% | 17,4% | 3,8 |
| Jeg har inntrykk av at barnet mitt vet hva det legges vekt på, når skolearbeidet hans/hennes vurderes | 28,7% | 20,9% | 23,5% | - | - | 18,3% | 3,8 |
| Jeg har inntrykk av at barnet mitt får tilbakemeldinger om hva som er bra med arbeidet han/hun gjør | 42,1% | 31,6% | 15,8% | 5,3% | 0% | 5,3% | 4,2 |
| Jeg har inntrykk av at barnet mitt får tilbakemeldinger om hva han/hun bør gjøre for å bli bedre i fagene | 33% | 25,2% | 23,5% | 3,5% | 0% | 14,8% | 4 |
| Jeg har inntrykk av at barnet mitt får være med på å foreslå hva det skal legges vekt på, når skolearbeidet skal vurderes | 16,5% | 3,5% | 11,3% | 9,6% | 9,6% | 49,6% | 3,2 |
| Jeg har inntrykk av at barnet mitt får være med på å vurdere sitt eget skolearbeid | 16,5% | 13% | 15,7% | 12,2% | 4,3% | 38,3% | 3,4 |
| Jeg har inntrykk av at barnet mitt får hjelp av lærerne til å tenke gjennom hvordan han/hun utvikler seg i faget | 25,2% | 18,3% | 17,4% | 6,1% | 2,6% | 30,4% | 3,8 |

## Mobbing på skolen

| | Helt enig | Litt enig | Verken enig eller uenig | Litt uenig | Helt uenig | Vet ikke | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skolen håndterer mobbing av elever på en god måte | 24,9% | 24,9% | 12,2% | 6,5% | 2,4% | 29% | 3,9 |

*Det store biletet er at dei føresette ser ut til å vere nøgde i korleis skulen handterer mobbing. Når det likevel er nokre som er heilt eller litt ueinig, er det eit viktig signal til oss som jobbar i skulen at vi må ha god dialog med heimane i denne type saker, og det er viktig at heimane veit korleis vi tek hand om slike saker og opplever tryggleik på dette.*

## Dialog og medvirkning

| | Helt enig | Litt enig | Verken enig eller uenig | Litt uenig | Helt uenig | Vet ikke | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommunikasjonen mellom hjem og skole er god. | 60,4% | 26% | 5,2% | 5,2% | 3,2% | 0% | 4,4 |
| Lærerne viser interesse for mine synspunkter om mitt barns læring og utvikling | 65,5% | 15,7% | 6,8% | - | - | 7,2% | 4,5 |
| Lærerne følger opp mine synspunkter om mitt barns læring og utvikling | 53,9% | 24,9% | 6,9% | 2,9% | 1,2% | 10,2% | 4,4 |
| Jeg blir tatt imot på en god måte når jeg kontakter skolen | 79,2% | 12% | 3,6% | 3,2% | - | - | 4,7 |
| Jeg kan raskt få til et møte med kontaktlæreren hvis jeg har behov for det | 65,9% | 10% | 5,2% | - | - | 16,1% | 4,6 |
| Jeg kan raskt få til et møte med skolens ledelse hvis jeg har behov for det | 36,8% | 12,1% | 6,5% | 3,6% | 2,8% | 38,1% | 4,2 |

*Eit snitt på alle parameter over 4 må seiast å vere eit godt resultat når det gjeld dialog og medverknad.*

## Utviklingssamtalene

| | Helt enig | Litt enig | Verken enig eller uenig | Litt uenig | Helt uenig | Vet ikke | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jeg er informert om hva som kan tas opp på utviklingssamtalene om barnet mitt | 57% | 22,8% | 7,6% | - | - | 7,6% | 4,4 |
| Utviklingssamtalene har preg av samtale mellom kontaktlæreren og meg som forelder | 63,3% | 17,7% | 5,1% | - | - | 11,4% | 4,6 |
| Jeg og barnet mitt blir enige med kontaktlæreren om hvordan barnet mitt skal følges opp, når det gjelder læring og utvikling | 51,9% | 30,4% | 5,1% | - | - | 10,1% | 4,5 |
| Lærerne følger opp avtaler og beslutninger fra utviklingssamtalene | 52,6% | 21,8% | - | 0% | - | 15,4% | 4,5 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jeg følger opp avtaler og beslutninger fra utviklingssamtalene | 64,9% | 23,4% | 5,2% | 0% | 0% | 6,5% | 4,6 |

*Desse tala fortel oss at føresette opplever kommunikasjonen kring utviklingssamtalane (foreldresamtalane) som gode.*

## Læring og utvikling

| | Helt enig | Litt enig | Verken enig eller uenig | Litt uenig | Helt uenig | Vet ikke | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnet mitt får opplæring i tråd med egne evner og forutsetninger i alle fag | 45,5% | - | 27,3% | - | 0% | 0% | 4 |
| Barnet mitt viser en positiv faglig utvikling på skolen | 72,7% | - | - | - | 0% | 0% | 4,5 |
| Hvis skolen oppdager at barnet mitt har svak faglig utvikling, får barnet mitt raskt ekstra støtte for å komme videre | - | - | - | - | 0% | 45,5% | 3,8 |

## Skolefritidsordningen (SFO) 1

| | Helt enig | Delvis enig | Verken enig eller uenig | Delvis uenig | Helt uenig | Vet ikke | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnet mitt trives på SFO | 75,8% | 18,2% | - | - | 0% | 0% | 4,7 |
| Jeg opplever at personalet på SFO bidrar til et godt sosialt miljø for barna | 75,8% | 15,2% | - | - | 0% | 0% | 4,6 |
| Jeg opplever at personalet på SFO bidrar til et fysisk trygt miljø for barna | 78,8% | 15,2% | - | - | 0% | 0% | 4,7 |
| Det samlede aktivitetstilbudet på SFO er variert | 84,8% | 9,1% | 6,1% | 0% | 0% | 0% | 4,8 |
| Det samlede aktivitetstilbudet på SFO er godt tilpasset | 78,8% | 12,1% | 6,1% | 3% | 0% | 0% | 4,7 |
| Aktivitetene i skolens ferier er gode | 42,4% | 30,3% | 9,1% | 3% | 0% | 15,2% | 4,3 |
| Aktivitetene i skolens ferier er varierte | 36,4% | 30,3% | 9,1% | 3% | 0% | 21,2% | 4,3 |

*I slike undersøkingar er det UDIR sine prikkreglar som gjeld, noko som gjer at det fleire stader i tabellane er tal som er unnateke offentlegheit (der det er – i rutene). Elles må det seiast at dette er ei god tilbakemelding til SFO-tilbodet i Volda kommune*

## 3.7 Tiltak for å betre læringsresultata i Voldaskulen

- Fokus på god undervegsvurdering. Gjennom elevmedverknad skal elevane ha eit eigarforhold til læring; forstå kva dei skal lære, og korleis dei skal lære det.
- Samarbeid heim-skule: Endra form og innhald på utviklingssamtalane (foreldresamtalane); meir fokus på elevane sine styrkar og ferdigheiter.
- Nye verktøy i IKT har gitt nye moglegheiter for nye undervisningsmåtar, har auka motivasjon og meistring for mange.
- Medviten bruk av SOL (Systematisk Observasjon av Lesing), vektlegging av omgrepsforklaringar.
- Variert bruk av læringsstrategiar. Elevane lærer ulikt, dette krev av oss som skule at vi og tilpassar læringa til den einskilde elev.
- Bruk av delingstimar til å dele ei klasse, særleg i basisfaga norsk, matte, engelsk. Sikrar betre oppfølging av den einskilde elev.
- Fokus på vurderingspraksisen vår; elevane skal forstå læringsmåla, elevane skal kjenne kriteria for måloppnåing, korleis eigenvurdere/kameratvurdere slik at det fremjar læring, mindre bruk av «vanlege prøver» - meir bruk av praktiske og munnlege prøver.
- Lagt til rette for erfaringsdeling, som igjen fungerer som «internopplæring».
- Tidleg identifisering av elevar som har behov for særskilt merksemd i opplæringa, som t.d. tidleg støtte i leseopplæringa.
- Følgje opp resultata på nasjonale prøver, gjere nytte av oppfølgingsverktøyet frå UDIR.
- Spesifikk trening knytt til grunnleggande ferdigheiter..
- Det vert arbeidd aktivt med å betre kvaliteten i den ordinære og tilpassa undervisninga. Det tyder mellom anna at alle lærarane har ansvar for elevane sine grunnleggande ferdigheiter. Lesing er ikkje berre norsklærar sitt ansvar, rekning er ikkje berre matematikklærar sitt ansvar – vi har felles ansvar.

# 4 Utviklingsarbeid og satsingar i Voldaskulen

Volda kommune har formulert verdiord som skal gjennomsyre og kjenneteikne oss som organisasjon. To av desse verdiorda er at vi skal vere kompetente og lærande. Det er kanskje sjølvsagt for oss som skule, og vi ønskjer å stadig forbetre praksisen vår, slik at elevane våre får best mogleg læringsutbyte. Gjennom utviklingsarbeida og satsingane våre ønskjer vi og å auke den einskilde lærar sin kompetanse, slik at han/ho er best mogleg rusta i dei daglege møta med elevane sine og kan bidra til målet om auka læringsutbyte.

Dersom ein ser på trendane våre når det gjeld resultata på nasjonale prøver og eksamensresultata, ser vi interessante bilete for kommunen som heilskap. På nasjonale prøver i 5. klasse er resultata frå år til år relativt varierande (når vi samanliknar oss med fylkesnivå og nasjonalt). Dette kan forklarast på mange måtar: elevgrupper er ulike, lærarstabilitet kan spele inn og det kan av og til vere utfordrande læringsmiljø. På same tid ser vi ein relativt tydeleg trend over tid at vi er over snittet på dei aller fleste resultata når vi ser på grunnskulepoenga og

eksamensresultata. I tillegg ser vi jamt over tid at framgangen mellom 8. og 9. årssteg på dei nasjonale prøvene er tydelege. Noko av forklaringa på dette siste er moglegvis at prøvene er dei same for begge årsstega, og at ein bør forvente meir av ein 9. klassing i høve det vedkomande presterte på 8. årssteg. Likevel er det ein gledeleg trend som vi må sjå på som ein indikasjon på at ein gjer gode grep utover i skuleløpet.

Ein har tidlegare i tilstandsrapportar peika på akkurat dette, og spurt seg om eit løft i resultata på nasjonale prøver for 5. årssteg vil gi tilsvarande løft i 8. og 9. årssteg? Og vil grunnskulepoenga og eksamensresultata også bli høgare/betre? Slike spørsmål vil ein ikkje kunne gi klare svar på, men det er spørsmål som vi tek med oss vidare.

Dei nasjonale styresmaktene vedtek læreplan som er skulens mandat å gjennomføre. I tillegg kjem det jamleg stortingsmeldingar som fortel kva skulen skal leggje til grunn for si verksemd. Desse utdanningspolitiske måla forpliktar oss som skuleeigar. I St.meld 21, 2016-17 «Lærelyst – tidleg innsats og kvalitet i skulen», legg ein m.a følgande til grunn:

- Tidleg innsats
- Lokalt arbeid med kvalitetsutvikling
- Eit godt læringsmiljø med godt læringsutbyte
- Ein skule for alle, der ein gjennomfører vidaregåande opplæring

Desse føringane set rammer for arbeidet vårt som skuleeigar. Kvalitetsplanen vår er det dokumentet som representerer kommunen si forståing og presisering av dei nasjonale føringane. Mellom anna har *Kvalitetsplanen* vår eit kapittel om meistring og læring, der vi innleier slik:

> *«Alle barn, unge og vaksne sektoren yter tenester til skal ha like moglegheiter til å utvikle evnene sine. For å lukkast med det, må ein arbeide aktivt for at alle skal tileigne seg eit rikt og variert erfaringsrepertoar knytt til eiga meistring. Tilsette må legge til rette for at alle får gode erfaringar i å lykkast i kvardagen. Dei som har erfaring i å meistre vil kunne stole på eigen kapasitet, vere motivert for å ta fatt på oppgåva og utvikle tru på eigen kompetanse. Det er desse som får flest positive erfaringar knytt til eiga læring og meistring. Gjennom støtte og oppmuntring, samt utfordringar som er tilrettelagd den einskilde, skal dei tilsette bidra til at alle barn, unge og vaksne opplever motivasjon for og glede over eiga meistring i det daglege».*

## 4.1 IKT – pedagogisk bruk av digitale verktøy

Volda kommune har i seinare tid satsa tungt på å gjere seg god nytte av digitale verktøy, for vår del iPad (1.-7. klasse) og Chromebook (8.-10. klasse). Vi har investerte betydelege beløp på å sikre kvar elev sitt eiget nettbrett eller chromebook, samstundes som SSIKT har sørga for ei naudsynt oppgradering på infrastrukturen på skulane. I tillegg til dette har det og vore lagt ned betydelege ressursar i kurs og kompetanseheving for å sikre god, pedagogisk bruk av verktøya. Til dette har det vore nytta ekstern kompetanse gjennom firmaet Kreasjon AS, samt at alle våre lærarar og leiarar er inne i modulbasert vidareutdanning gjennom samarbeid med Høgskulen i

Volda. Vi opplever at denne satsinga er på eit godt spor. Resultatet er at ein har fått fleire og nye moglegheiter for å drive god, tilpassa undervisning.

Denne satsinga har vore stor, og resulterte i m.a at sektor for opplæring og oppvekst fekk Volda kommune sin innovasjonspris 2017 (ein pris vi delte med Styrk arbeid). All nysatsing og nytt arbeid er utfordrande, og vi kan i ein slik fase oppleve «voksesmerter». For vår del er det slik at mellom tilsette er det svært ulik kompetanse ein har på dette feltet i utgangspunktet. Det har då vore understreka at alle startar «der ein er». I tillegg har ein møtt på tekniske utfordringar, etiske utfordringar og pedagogiske utfordringar.

Vegen må bli til medan ein går, slik også rektor ved Folkestad skule seier det:

*«………det er ingen veg tilbake. Vi må berre køyre på vidare. Ein må knuse nokre egg for å lage ein omelett. Den digitale verden har kome for å bli, og Volda kommune har gjort eit IKT-kvantesprang i skulen. Undervisninga for borna våre vil aldri bli den same etter innføringa av nettverk, iPad og google-suite. Lærarane på Folkestad applauderer i stor grad det som har skjedd og det skjer store og positive endringar digitalt i klasseroma gjennom læringsplattformen i Google og flotte lærings-appar på iPad».*

Ei slik satsing kan nok utløyse både energi og frustrasjon. Ei gledeleg følgje er at det i eit kollegium ofte står fram tilsette som med sin kompetanse kan verte ressurspersonar.

Ved Øyra skule seier rektor det slik:

*«To IKT-lærarar med stort pågangsmot saman med gode medspelarar har stått for ein solid delingskultur på Facebook, team og steg. Satsinga på småskulesteget er naturlegvis kome lengst, men vi er no også godt i gang på mellomsteget. Det er ulike praksis klassene, og det er sett fram felles krav om at alle skal arbeide med showbie og google(timeplan).*
*I tillegg til kursinga med Kreasjon har vi hatt internkursing for lærarar og skal ha kurs for assistentar/miljørettleiarar».*

Elles oppsummerer Øyra skule utfordringane slik:

*«Utfordingar i den digitale satsinga er at assistentar og miljørettleiarar ikkje har iPad, at vikarar og studentar heller ikkje har det og at ein førebels manglar ein heilskapleg plan på skulen for korleis ein skal strukturere lagring og deling av kunnskap/læringsressursar. Akkurat no er det litt privatpraksis med «her og no løysingar».*

Ungdomsskulesteget nyttar eit anna verktøy enn dei yngste elevane, og slik seier ein lærar ved Volda ungdomsskule det når ein vurderer moglegheitene:

*«Med chromebook er moglegheitene endelause. Dersom ein er nysgjerrig nok og modig nok, fins der eit tilleggsverkty for det meste. Eg håpar alle lærarane sit heime og utforskar ulike verkty og funksjonar. Tankekart, videoinnspeling, opptak av lyd, deling av skjerm og pushing av skjerm er berre nokre av dei verktya vi har nytta i klasserommet. Knytt til vurdering for læring, er chromebook eit ypparleg verkty. Det er lett å gå rett inn i teksta til eleven og kommentere, rettleie og vurdere medan dei sit og skriv i klasserommet».*

Samstundes er ein klar over at lærarar også opplever utfordringar som dei treng støtte og hjelp til:

*«Det er store ulikskapar i ferdigheitsnivå blant lærarar, men ikkje blant elevane. Nokon tykkjer det er "skummelt" å prøve nye ting. Det er sjølvsagt eit spørsmålsteikn knytt til sikkerheit? Kva kan elevane få til på sin eigen chromebook, som vi lærarar ikkje veit om enda? Kva feller bør vi unngå i eksamensperioda, heildagsprøver, skriftlege arbeid osv.? Vi lærarane nyttar no mange ulike tilleggsverkty i undervisninga, i staden for å få ei "liste" over kva som er godkjende verkty og kva som ikkje skal nyttast. Dette kan vere eit problem dersom ein skal lage digitale prøver, då er det ikkje alle typar filformat som kan lastast opp.»*

*«Der kan også vere utfordringar knytt til mobbing. No er den digitale kvardagen også komen inn i klasserommet. Dette kan bety at elevar som er utsette for mobbing, heller ikkje får "fri" i klasseromssituasjonen. Her burde vi ha klare retningslinjer for bruk av chromebook, reglar for deling, kva program som kan verte nytta, kva nettsider som kan opnast, osv.» Kanskje SSIKT kan blokkere enkelte sider?»*

Vi er heilt i startgropa på den store satsinga innan IKT-verktøy. Likevel er det allereie fleire tilbakemeldingar om at ein har fått verktøy som gjer lærarane i stand til å drive undervisninga si på nye og spennande måtar. Dette er noko vi vil vidareutvikle gjennom erfaringsdeling, nettverk og kompetanseutvikling saman med Høgskulen i Volda. Her kan det nemnast:

- Tilbakemelding og foreldresamarbeid via digitale kanalar. Gjer det mogleg å vere tettare på i vurdering og rettleiing.
- Meir effektiv delingskultur ved å arbeide i samtid i t.d googledisk.
- Grunnleggande lese –og skriveopplæring i møte med dei nye verktøya; korleis kan vi vere innovative på dette området?

## 4.2 Vurdering for læring

Vurdering for læring (VFL) har vore ei viktig satsing dei siste tre åra i Voldaskulen. Målet har vore å forbetre vurderingspraksisen vår, noko som igjen skal fremje meir læring. Basert på internasjonal forsking har ein definert fire prinsipp for god undervegsvurdering:

- *Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som er forventa av dei. Då er mål, kriterier og kjenneteikn for måloppnåing viktig.*
- *Elevane skal få tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.*
- *Elevane skal få råd om korleis dei kan forbetre arbeida sine.*
- *Elevane skal vere involvert i eige læringsarbeid ved blant anna å vurdere eige arbeid og utvikling.*

Eit godt læringsmiljø og god læringsleiing er viktige føresetnader for godt vurderingsarbeid. God undervegsvurdering er viktig for å drive god, tilpassa opplæring.

I lys av at VFL har vore ei sentral kommunal satsing dei siste åra, er det gledeleg å sjå at vi er over det nasjonale snittet i høve resultata frå Elevundersøkingane når det gjeld VFL på 10. trinn. Resultata på 7. trinn er for Volda sin del på same nivå som det nasjonale.

Det er og interessant å sjå utviklinga på dei ulike spørsmålsindikatorane frå år til år. I denne rapporten vert det for omfattande å gå gjennom alle delspørsmåla, men skuleeigar og skulane har analysert dette for sin eigen del. Her syner det på kommunenivå ein jamn, god framgang på dei alle fleste spørsmåla. Vi er og over det nasjonale snittet på alle delspørsmåla, så nær som eitt.

Vår satsing og deltaking i VFL vert avslutta til sommaren, og sluttrapport skal sendast frå kommunen september 2018.

### 4.2.1 Døme på endra praksis og tiltak i Voldaskulen gjennom deltaking i VFL

* Fokus på læringsmål og at elevane skal forstå dei – «gjere for å lære»

* Bruk av læringspartnar/kameratvurdering. Eigenvurdering og faglærar tett på elevane i læringsprosessen gjennom god undervegsvurdering.

* Auka forståing av «omvendt undervisning» (jf Henning Fjørtoft), dvs planlegge vurdering og undervisning samtidig for å skape meir motivasjon, aktivitet, meistring og ansvar for kvarandre i læringsarbeidet.

* Ein har jobba for å synleggjere den nære samanhengen mellom elevmedverknad og VFL.

* Mindre bruk av karakterar – kjenneteikn på måloppnåing og vurderingskriterium.

* Samskriving/tenkeskriving/prosessorientert skriving. Fokus på prosess og sjølvregulering.

* Fagdagar (heile og halve) i staden for heildagsprøver.

* Mindre bruk av «vanlege» prøver, meir bruk av praktiske og munnlege prøver der elevane gjennom varierte måtar får vise kunnskapen sin.

* Meir effektiv, raskare og meir direkte vurdering/tilbakemeldingar gjennom dei nye, digitale verktøya (iPad og Chromebooks). Har sett auka motivering kring dette.

* Gjennom erfaringsdelingar har ein hatt internopplæring knytt til dei ulike prinsippa for VFL.

* Knytta VFL saman med SOL (Systematisk Observasjon av lesing). Har m.a utarbeidd ei liste/bank med moglege tilbakemeldingar til elevane, ei liste som vert nytta mot alle årssteg.

* Auka fokus på elevane sine styrkar

* Jobba med utviklingssamtalen. Gi meir merksemd på styrkar og det positive – det vi løftar opp får vi meir av.

* Fleire skular omtalar VFL som eit arbeid som no har kome «under huda» i personalet. Dette er målet med alle utviklingsarbeid, nemleg at på eit tidspunkt skal «prosjektet» gå over til å vere ein integrert del av skulekvardagen.

* Ein har jobba fram mot, og oppnådd, ein meir kollektiv vurderingskultur ved skulen.

Lærar ved Bratteberg skule om VFL og elevmedverknad:

*...I både teikneforming, engelsk og KRLE har elevane fått vere med på å setje kriterier for eit arbeid som skal startast opp; kva som bør vere med for å nå eit mål og korleis ein skal jobbe. Lærar opplev det som at elevane likar det, og dei kjem med mange gode forslag. Tidvis har dei fått velje den teksten som høver for i engelsklekse – tilpasse til ferdigheit/ønske om utfordring.*

*I samfunnsfag har det vore samtale om korleis dei lærer best, og lærar har lagt opp til at dei skal få prøve varierte måtar.*

*Vi er usikre på om elevane veit at dette er elevmedverknad. Vi trur dei veit at dei får vere med på å seie kva dei meiner, og delvis får ønska sine, men dei veit nok ikkje godt nok at det kallast elevmedverknad. Her har vi vaksne ein jobb!*

*Vi håpar at elevane i 5.klasse gjennom dette skuleåret har fått oppleve at sjølv om det er ting her på skulen som er «slik eller slik», så kan ein faktisk få til endringar om ein spør ein vaksen på ein roleg og sakleg måte – vi kan gjerne vere med på gode løysingar som desse små glupingane har! Det handlar om respekt!*

## 4.3 Lærings– og klasseleiing

I læringsarbeidet er to av dei sentrale omgrepa motivasjon og meistring. Når vi listar opp det vi ønskjer av våre tilsette, er det den autoritative vaksne som er idealet. Denne vaksne utøver kontroll i læringsarbeidet og har samstundes varme, empati og god relasjonskompetanse i møte med elevane sine. Ein slik lærar vert i fagtermane kalla ein «autoritativ lærar». Slik kan vi seie kjenneteiknar ein god lærar:

- Er medviten om og skjønar at han/ho er den som har leiaransvar
- Har innsikt i og oversikt over klassa som sosialt system
- Har ein positiv og støttande relasjon til kvar elev, og er medviten om at ansvaret for relasjonen ligg hos lærar
- Er medviten om å etablere ein god læringskultur, og veit korleis han/ho skal gjere det
- Er medviten om å etablere dei strukturane og rutinane som er naudsynte
- Er tydeleg på kva han/ho forventar av elevane sine, og er ein god motivator
- Er god i faget sitt, og veit korleis han/ho best kan sørgje for læring for elevane
- Er medviten om, og gjennomfører, gode samarbeidstilhøve mellom skule og heim



Dersom elevane skal realisere læringspotensialet sitt, er det avgjerande at læraren har tydelege forventningar til elevane, og evnar å motivere dei til innsats. Tydelege formål med læringsaktivitetane saman med tydelege forventningar gjer at elevane betre får ein metarefleksjon på eiga læring. Gjennom arbeidet med Vurdering for Læring har målet vore å leggje betre til rette for nettopp dette.

*Kvalitetsplanen* vår (s.7) omtalar forventningane til våre tilsette slik:

*«For å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge er ein avhengig av at dei tilsette er kompetente og trygge i rollene sine, at dei er genuint interesserte i det einskilde barnet eller ungdomen, ser den einskilde sine behov og gjer dei grepa som må til for å sikre barnet eller ungdomen sine rettar til ein trygg oppvekst.*

*Trygge, tilgjengelege og kompetente tilsette skal vere til støtte for barn og ungdom i utviklingsprosessen. Eit anerkjennande miljø med tydelege, venlege og stabile tilsette med rett kompetanse gir eit godt utgangspunkt for vekst og utvikling for eit barn.»*

## 4.4 Heilskapleg arbeid med læringsmiljøet

Etter §9A i opplæringslova, har alle elevane rett til eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø, som fremjar helse, trivsel og læring. For å sikre desse rettane er det viktig at skulane har eit systematisk og pågåande arbeid som skal oppretthalde og utvikle gode læringsmiljø. Vi har i rapporten allereie omtalt kva læringsmiljø må bere preg av, og korleis vi forventar våre tilsette opptrer i dette landskapet.

Forsking viser vidare at fem forhold er grunnleggande når ein arbeider med å utvikle og oppretthalde gode læringsmiljø:

- Læraren si evne til å leie klasser og undervisningsforløp
- Læraren si evne til å utvikle positive relasjonar med kvar enkelt elev
- Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane
- Godt samarbeid skule og heim
- God leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen

Siste åra har ulike undersøkingar (m.a gjennom Ungdata) vist at mange unge slit med si psykiske helse. Dette ønskjer vi stadig meir kunnskap og kompetanse om, slik at vi best mogleg kan ha trygge miljø som fremjar den psykiske helsa. I dette ligg og at vi må vere medvitne om korleis vi best mogleg kan lære våre unge strategiar for å takle dei utfordringane livet byr på, og korleis vi som tilsette kan støtte dei i dette. Vi vil at elevane våre i Voldaskulen skal få hjelp til å:

- Meistre utfordringar og problem i dagleglivet
- Støtte andre som måtte ha det vanskeleg
- Identifisere og snakke om kjensler

### 4.4.1 Arbeid for å betre læringsmiljøet og trivsel i skulen

Voldaskulen deltek for tida i kompetanseheving i regi av Læringsmiljøsenteret i Stavanger. Her lærer ein meir om korleis ein kan gripe an mobbesaker og saker der klasser har utfordringar med klassemiljøet. Tematikk her er avdekkje mobbing, korleis få slutt på mobbing, mobbinga sin psykologi og korleis rehabilitere eit klassemiljø som er dårleg. I kjølvatnet av dette er det etablert eit tverrfagleg, kommunalt innsatsteam mot mobbing som kan tre inn som støtte for skulane i særleg krevjande saker.

I denne kompetansehevinga ligg og eit anna sentralt element, nemleg bruk av ikkje-anonyme spørjeundersøkingar (Spekter). Her får læraren høve til å få informasjon som ein på ein rask, nær og direkte måte kan arbeide vidare med. I denne undersøkinga ligg det og spørsmål om elevane opplever seg mobba av tilsette. Dette har særleg fokus i den allereie omtalte §9A i oppl.lova, og det er strenge føringar for korleis dette skal handterast.

Bruk av Spekter er relativt nytt i Voldaskulen, og vi gjer oss gode erfaringar med dette verktøyet. Tilbakemeldingane så langt er at denne undersøkinga gir læraren betre, meir ope og meir direkte informasjon som gir eit svært godt grunnlag for å arbeide vidare med viktige relasjonar mellom elevane.

Punktvis kan vi vidare oppsummere arbeidet på dette feltet slik:

* Systematisk og fokusert arbeid på korleis vi kan styrke relasjonsbygginga

* Systematisk arbeid for å utvikle gode klasseleiarar med god relasjonskompetanse

* Jamleg drøfting og evaluering av rutinane for overgang mellom barnehage og skule, og overgangane som er mellom barneskule og ungdomsskule

* Medviten og systematisk bruk av livsmeistringsprogrammet Zippys Venner på 1.-4. årssteg; program som legg vekt på anerkjennande kommunikasjon, bruk av sosiale historier og oppfølgingsspørsmål slik at ein betre forstår seg sjølv og omgjevnadene. Inneheld også løysingsforslag til drøfting, slik at ein er betre i stand til å møte utfordringar og konfliktar som kan oppstå ved sosial samhandling.

* Systematisk bruk av opplegget «Smart-oppvekst». Eit opplegg som har fokus på den einskilde sine eigenskapar, og skal identifisere dei ulike styrkane hjå den einskilde. «Smart oppvekst» bygger på positiv psykologi og anerkjennande kommunikasjon. Kurs og seminardagar vart halde i skuleåret 17-18, og mottakinga blant dei tilsette har vore gode. Det er tankar om å nytte dette opplegget utover mellomsteget (som har vore det steget det er innført så langt).

* Følgje opplegget «Alle har ei psykisk helse» på ungdomsstega. Erfaringa så langt viser at dette fungerer i høve å ha ei «happening», medan systematisk arbeid over tid krev andre verkemiddel, noko til dømes «Smart oppvekst» kan gje.

* Bruk av psykologisk førstehjelp som ei støtte til arbeidet med psykisk helse. Her er og helsesøster ein viktig samarbeidspart og støtte.

* Jamlege gjennomføringar av anonyme og ikkje-anonyme spørjegranskingar (SPEKTER). Rutinar for å følgje opp dette, også å nytte Erling Roland sin metodikk for å handtere mobbing, klasser som har vanskar med det sosiale og korleis ein kan rehabilitere ei slik klasse.

* I saker med mobbing/krenking – nytte rutinane ein har utarbeida kommunalt, herunder handlingsplan som sikrar dokumentasjon og framdrift.

* Etablering av kommunalt innsatsteam mot mobbing som skulane kan be om bistand frå ved særleg krevjande saker.

* Eige miljøveke med fokus på nettvett, psykisk helse, klasse –og skulemiljøarbeid. Utarbeide miljøtenesteplan for skuleåret, der alle klasser er med etter turnus.

* Melodi Grand Prix (MGP). Mål om at dette skal gi alle elevane eit positivt og godt sjølvbilete, og samtidig finne si rolle i fellesskapet.

* Trivselsleiar (TL). Har hatt positiv effekt på elevane sin trivsel, og er med på å førebyggje uønska åtferd som erting, mobbing, utestenging.

* Open musikkbinge og scene for ungdomsskuleelevane

* Tett samarbeid mellom heim og skule, m.a i saker som gjeld nettmobbing/nettaktivitet. Har etablert formalisert samarbeid med FAU ved nokre skular vedkomande dette.

* Internopplæring med fokus på inkluderande læringsmiljø

* Vere medviten på kva «plattform» skulen byggjer si verksemd på: kva elevsyn, verdiar, forventningar, normer og reglar skal gjelde for vår skule.

* Tett samarbeid med helsesøster, kommunepsykolog, PPT, BUP og barnevern der det er naudsynt.

* Nytte elevrådet som ressurs i arbeidet med læringsmiljø. Sikrar eigarskap og deltaking der det er viktigast å gjere det.

* Medviten om kva det inneber å ha tilsyn/vakt ute i friminutta. §9A i opplæringslova understreka at alle har plikt til «å følgje med», noko som for oss får følgjer for kvaliteten på tilsynet.

* Systematisk arbeid retta mot elevar med fråvær som uroar. Revidert foldar/informasjonsbrosjyre kring dette, og arbeida med rutinar for korleis ein best møter desse elevane.

* Gode klassereglar, tilpassa ulike årssteg.

* Sosiale treff på og utanfor skulen i samarbeid med klassekontaktar/foreldregruppene, t.d elevkveldar med planlagt program, meir uformelle samkome som grillkveld, lommelyktturar mm.

*«Det kjekkaste er at heile klassa er i lag og lagar eit produkt saman. Lærarane let oss få bestemme mykje og ta ansvar for produktet og dette gjer oss motiverte og engasjerte. Vi blir også betre kjent med alle i klassa og blir tryggare på kvarandre fordi skuledagane denne veka er annleis.*

Anna og Ingrid, 10B ved Volda ungdomsskule – deira opplevingar kring MGP 2018

## 4.5 Kompetanse for mangfald

Volda kommune har delteke i den nasjonale satsinga «Kompetanse for mangfald», som var eit utviklingsarbeid på tvers av barnehage –og skulesektoren. Målet med denne satsinga var at tilsette i barnehagar og skular skulle vere i stand til å støtte barn, elevar og vaksne med minoritetsbakgrunn på ein måte som førte til at desse i størst mogleg grad fullfører utdanningsløpet. Slik sett har/hadde dette prosjektet ei sterk, integreringsmessig grunngjeving.

Desse prinsippa låg til grunn for Kompetanse for mangfald:

- Mangfald og fleirspråklegheit skal verdsettast i utdanningsløpet, og verte sett på som ein ressurs.
- Verdiar som demokrati og toleranse skal formidlast av barnehagen, skulen, vaksenopplæring og høgare utdanning. Det er eit mål i heile utdanninga at alle skal føle seg sett, inkludert og verdsett.
- Tidleg innsats er ikkje minst viktig på dette feltet, og inneber m.a at barn får eit barnehagetilbod tilpassa sine behov. Det betyr også at nyankomne elevar får kartlagt sine språklege ferdigheiter, og får eit godt og tilpassa opplæringstilbod i grunnskulen og vidaregåande opplæring, og at nyankomne vaksne som manglar grunnleggande

ferdigheiter og/eller norskferdigheiter (men som har rett til slik opplæring), får tilbod om dette.

- Langvarig andrespråksopplæring: Å lære norsk så godt at språket fungerer som eit opplæringsspråk tek tid, og barnehagar og skular må arbeide systematisk med barna si språkopplæring og språkutvikling. Difor må barnehagepersonalet ha naudsynt
- kompetanse i språkstimulering i ein fleirspråkleg barnehagekvardag, og lærarar bør ha innsikt i kva det vil seie å ha norsk som andrespråk og tilpasse opplæringa i alle fag.

I Volda deltok fem einingar i satsinga; Engeset og Sollia barnehagar, Øyra skule, Volda ungdomsskule og Volda læringssenter. Desse valde kvar sine fokus i satsinga, fokus som vart delte og drøfta i nettverkssamlingar koordinert gjennom OO.

Sluttrapport vart sendt frå Volda kommune i desember 2017, der alle deltakande einingar rapporterte kva dei hadde gjort og kva endringar ein hadde oppnådd gjennom utviklingsarbeidet. I rapporten peika ein både på det ein meinte var suksessfaktorar, men og kva som vart sett på som utfordringar ved å vere deltakar i arbeidet. Dette var nokre av erfaringane:

- Einingane er grunnleggande positive til samarbeidet og kompetanseauken ein fekk gjennom Høgskulen i Volda. Vidare peikar dei fleste på at det er nyttig å vere del av nettverksgrupper med erfaringsdelinga som finn stad der.

- Noko som også går att som positive erfaringar, er at ein har auka bevisstgjering, haldningane er endra i positiv retning og kompetansen om barn sine språkkunnskapar har auka. Fleire seier og at samarbeidet med foreldre/føresette er styrka, og ein har fått meir kunnskap om andre kulturar.

- Konkret har og einingane skaffa etterlengta og nyttig materiell som har gjort arbeidet med framandspråklege enklare. Det er eit sterkt ønskje om å vidareføre dette sjølv om prosjekttida er formelt avslutta.

- Når det gjeld utfordringar gjennom prosjektet nemner fleire tid som ein viktig faktor. Vidare er det fleire pågåande utviklingsprosjekt, noko som gjer det utfordrande å halde framdrift, fokus og kunne gå i djupna. Andre har hatt ein utfordrande personalsituasjon, samt endringar i barnegruppene, som har gjort det vanskeleg å halde tråden. Det vert og nemnt som ei utfordring å lage gode, konkrete problemstillingar som det er lett å arbeide i høve til.

Kompetanse for mangfald er no avslutta, men arbeidet knytt til fleirspråklege elevar held sjølvsagt fram, m.a i MSP-nettverk (nettverk for dei som arbeider med minoritetsspråklege elevar).

## 4.6 Tiltak på tvers av utviklingsarbeid og satsingsområde

Dei utdanningspolitiske måla for heile grunnskuleopplæringa er våre overordna mål, der vårt fokus er at alle elevar skal inkluderast og oppleve livsmeistring. Alle satsingsområda og utviklingsarbeida våre heng saman, og mange av tiltaka går på tvers av desse. Nedanfor vil vi avslutningsvis nemne andre tiltak som ikkje kjem så tydeleg fram andre stader i rapporten:

- Vidareutvikle bruken av læringsstrategiar, organisering og metodebruk i undervisninga.

- Kurs og samarbeid med fagmiljø om læringsmiljø, læringsleiing, vurdering for læring og dei universalførebyggande programma våre (Zippy, Smart oppvekst ++)
- Kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge til rette opplæringa for alle elevar.
- Nettverksarbeid og erfaringsdeling på skulane og mellom skulane.
- Faldaren «Elevar med fråvær som uroar» er snart ferdig revidert.

I innleiinga fekk du møte ei av foreldrerøystene i Voldaskulen. Dei føresette si rolle er svært viktig, og er av dei viktigaste medspelarane til skulen sine tilsette. Vi avsluttar med fleire av denne føresette sine tankar om Voldaskulen.

**Saman skal vi sørgje for at Volda kommune har trygge born som deltek, meistrar og lærer.**

*Eit godt læringsmiljø er prega av tryggleik. At kvar einaste elev skal føle seg trygg sosialt. Saman med lærarane og saman med medelevane. Å jobbe med relasjonsbygging er heilt grunnleggande i ein skuleklasse. Emosjonskompetanse er etter mi meining ein av dei viktigaste kompetansane vi kan jobbe med å styrke hos barn, i ei tid der fleire og fleire unge slit psykisk.*

*Skulen er full av varme, engasjerte lærarar. Mitt inntrykk er at dei fleste som er tilsette i den norske skulen har god kompetanse på det dei treng å ha kompetanse på. Det verkar samtidig som at rammene ikkje ligg til rette for å kunne utføre jobben sin i tråd med det ein som lærar tenker er rett. Då tenker eg spesielt på korleis ein til dømes jobbar med åtferdsendring i skulen. Mitt inntrykk er at straff og belønning er ein metode som framleis blir brukt i stor grad, og at dette får svært ulikt utfall hos dei ulike elevane. Viss bakgrunnen for ei uønska atferd (til dømes komme for seint på skulen) handlar om noko som er vanskeleg for eleven, meiner eg at ein må finne ut av årsaka til dette og ikkje «straffe» eleven.*

*Eg trur på å tilsetje fleire sosiallærarar, også i barneskulen, for å hindre at vi ikkje skaper utanforskap allereie i barneskulen. Alle treng å oppleve at ein høyrer til.*

*Å oppleve meistring er eit grunnleggande behov for alle barn, og skulen bør legge til rette for at absolutt alle barn får oppleve dette. At alle får bli sett og anerkjent for den ein er. Manglande oppleving av meistring fører til sinne og frustrasjon. Å meistre er viktig for å utvikle ei god sjølvkjensle. Då må ein kanskje tenke utanfor boksen og verdsette andre evner enn matematikk, lesing og skriving. Dette er også viktig, men elevar som til dømes er meir praktiske enn teoretiske må også oppleve meistring. Difor må vi kjempe for at dei praktiske og estetiske faga skal få sin plass og sin status i den norske skulen. At drama og musikk skal vere like viktig som andre fag og at dette også kan vere verktøy for å lære seg teoretisk kunnskap.*

*Eg ønskjer meg ein skule som først og fremst bidreg til å gjere ungane rusta til å klare seg i livet, at dei lærer seg det som trengs for å bli gode samfunnsborgarar som bryr seg om andre menneske, tek vare på naturen og som bygger bruer i staden for å bygge murar. Eg ønskjer meg ein skule som skaper engasjement, som gjer borna våre rusta til å tenke kritisk og som gjev dei tru på at dei kan vere med å forandre samfunnet og verda til noko betre.*

*Om eg kunne få komme med eit siste ønskje, så hadde det vore at vi hadde ein skule som bidrog til at absolutt alle barn vart sett, verdsett og at dei fekk ei grunnleggande kjensle av å vere gode nok.*





**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Astrid Gjersdal | Arkivsak nr.: | 2018/514 |
| | | Arkivkode: | 223 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 27/18 | Tenesteutval for oppvekst og kultur | 13.06.2018 |

## FORDELING AV KULTURMIDLAR 2018

**Administrasjonen si tilråding:**
**Tenesteutval for oppvekst og kultur tildeler kulturmidlar for 2018 etter følgjande fordeling:**

| søkar | forslag |
|---|---|
| ITF Volda tae kwondo klubb | 5 000 |
| Volda kfuk/kfum speidarane | 15 000 |
| Lauvstad skulekorps | 10 000 |
| Folkestad/Tonika musikkorps | 10 000 |
| Volda rideklubb | 5 000 |
| Dalsfjord teater og revylag | 15 000 |
| Jazzklubben Volda Ørsta | 10 000 |
| Volda Innebandyklubb | 5 000 |
| Volda judoklubb | 5 000 |
| Volda skulekorps | 10 000 |
| | |
| Ørsta Volda ballettskule | 10 000 |
| Volda røde kors | 10 000 |
| Re:act Volda | 10 000 |
| Trivsel i sentrum | 20 000 |
| Konsertforeninga Sommarljom | 10 000 |
| Austefjordhelg | 20 000 |
| | |
| Hjartåbygda ungdoms-og idrettslag | 15 000 |
| Mork frilynde Ungdomslag | 0 |
| KFUM Volda Volleyball | 15 000 |
| Dalsfjord sogelag | 0 |
| Grendahuset Vesttun | 0 |
| | |
| Volda hornmusikk | 0 |
| Dalsfjord mannskor | 0 |

| | |
|---|---|
| Volda dykkerklubb | 0 |
| Volda husflidslag | 0 |
| | |
| Herlig film og tv as | 0 |
| Biofoto Sunnmøre og Nordfjord | 0 |

**Vedleggsliste:**
Søknadar om kulturmidlar 2018

**Uprenta saksvedlegg:**
Prinsipp for tildeling av kulturmidlar, sak 2016/2129-10

**Samandrag av saka:**
Det vert lagt fram forslag til fordeling av kulturmidlar for 2018 i samsvar med vedtekne retningsliner og kriterium for prioritering.

**Saksopplysningar/fakta:**
Det er i alt kome inn 29 søknadar om kulturmidlar for 2018. Den opphavelege fristen var sett til 1. mai; innan den var det kome 11 søknadar. Administrasjonen valde å forlenge fristen til 20. mai, då ein vurderte søknadsmengda som lav. Innan den nye fristen var det innkome 28 søknadar. Ein søknad kom etter fristen, og vert ikkje vurdert av sakshandsamar.
Ein søknad var oversend frå formannskapet, dette er ein søknad frå ein einskildperson, ikkje eit lag, og fell dermed utanfor prinsippa for kven som kan motta kulturmidlar.

Vi sit dermed att med 26 søknadar til vurdering.

I vurderinga av søknadane har ein valt å dele inn i ulike kategoriar utfrå vedtekne prinsipp for tildeling:

- **Rekrutterande tiltak**, ut frå punktet «bidra til at fleire vert kulturelt aktive». Det er mykje som kan kome inn under denne kategorien, men her vurderer ein ganske konkret: kurs og opplæringstiltak, innkjøp av utstyr for å auke kapasitet eller liknande målretta stimuleringstiltak.
- **Samlande og brubyggjande** tiltak, ut frå punkta «som fleire lag samarbeider om, som medverkar til å samle på tvers av alder/generasjonar, og/eller etnisk/kulturelt opphav. Her finn vi både store og små tiltak. I vurderinga av søknaden vert det her ikkje lagt avgjerande vekt på om tiltaket når mange eller få, anten det er bygd eller sentrum, då betydninga for for dei få kan gi store ringverknadar på sikt.
- **Hus og anlegg.** Det er fem søknadar til prosjekt som omhandlar hus og anlegg. Renovering, måling, varmepumpe, gapahuk og eit sportsanlegg. Både hus og anlegg kan vere avgjerande for både rekruttering og utvikling av kulturaktivitet. Vi har valt å sette det i eigen kategori, men ser det som viktig at kvar einskild søknad vert vurdert for seg med tanke på kva betydning det har for kulturaktiviteten det er knytt til. Når det gjeld anlegg kan det òg vere andre type midlar å hente.
- **Tiltak for andre målgrupper enn barn og unge og menneske med nedsett funksjonsevne.** Det er desse målgruppene som er uttalt prioriterte grupper og skal tilgodesjåast, trass i at positive gode tiltak for andre grupper vil måtte verte prioriterte bort.

- **Tiltak som fell utanfor prinsippa for kulturmidlane.** Her kan nok tiltak tolkast ulikt, frå sakshandsamar sitt blikk gjeld dette to søknadar, ei utstilling og ein film, der vi ikkje kan sjå direkte relevans i høve til målsetjinga med kulturmidlane.

Generelt for alle kan me ha i tankane kva betydning kulturmidlane har for det einskilde tiltaket. Det at ein får men ikkje ein annan kan virke urettferdig, særleg der tiltaka kan synast like. Den vurderinga vi rår til å gjere er å sjå kva betydning kulturmiddelbidraget har for det einskilde tiltaket, i kva grad det utgjer ein forskjel, som gjer at det kan realiserast, heilt eller langt på veg, eller om det berre er ein «drope i havet». Det låg som grunnprinsipp i diskusjonen frå drøfting i utvalet at kulturmidlane ikkje skal delast ut som småbeløp til alle lag, men tildelast på grunnlag av ein søknad med grunngjeving, og budsjett. Kulturmidlane er såleis meint som stimuleringsmidlar til konkrete prosjekt for prioriterte grupper og tiltak, dei skal ikkje delast etter likheitsprinsipp etter tal søkarar. Dermed er det mange av søknadane som vert innstilte på avslag.

**Søknadane etter kategori, søknadssum og framlegg til løyving:**

**Rekrutterande tiltak**

| Søkar | Tiltak | Søkt sum | forslag |
|---|---|---|---|
| ITF Volda tae kwondo klubb | Treningsseminar | 7 500 | 5 000 |
| Volda kfuk/kfum speidarane | Kjøp av kanoar | 35 000 | 15 000 |
| Lauvstad skulekorps | Stemne | 25 000 | 10 000 |
| Folkestad/Tonika musikkorps | Seminar med Møremusikarane | 15 000 | 10 000 |
| Volda rideklubb | Rideopplæring | 6 000 | 5 000 |
| Dalsfjord teater og revylag | Dalsfjordrevy 2019<br>Kjøp av tekn. utstyr | 20 000 | 15 000 |
| Jazzklubben Volda Ørsta | Jazz-konsert- samarbeid med kulturskulane | 22 500 | 10 000 |
| Volda Innebandyklubb | VennInnebandy, utstyrspakke | 10 000 | 5 000 |
| Volda judoklubb | Fornying av judomatter | 10 000 | 5 000 |
| Volda skulekorps | Korps i skule- 3. klasse | 65 000 | 10 000 |

**Samlande og brubyggjande** tiltak

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ørsta Volda ballettskule | Dei årlege vårshowa | 20 000 | 10 000 |
| Volda røde kors | Deltaking i «Til topps» | 29 000 | 10 000 |
| Re:act Volda | Mat og prat/symjeopplæring | 30 000 | 10 000 |
| Trivsel i sentrum | Prosjekt Øyralangs | 25 000 | 20 000 |
| Konsertforeninga Sommarljom | Sommarljom | 15 000 | 10 000 |
| Austefjordhelg | Familiedagen, kjøp av telt | 25 000 | 20 000 |

**Hus og anlegg**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hjartåbygda ungdoms-og idrettslag | Byggjing av gapahuk på Høgåsen | 35 000 | 15 000 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Mork frilynde Ungdomslag | Renovering av Mork Ungdomshus | 40 000 | 0 |
| KFUM Volda Volleyball | Sandvolleybaner for born på Årneset | 57 990 | 15 000 |
| Dalsfjord sogelag | Restaurering av gamleskulen | 50 000 | 0 |
| Grendahuset Vesttun | Varmepumper | 30 000 | 0 |

**Søknadar som ikkje gjeld barn og unge**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Volda hornmusikk | Musikktreff på Idrettsbygget | 25 000 | 0 |
| Dalsfjord mannskor | Til utvikling av koret | 5 000 | 0 |
| Volda dykkerklubb | Strandrydding | 5 000 | 0 |
| Volda husflidslag | Tur | 10 000 | 0 |

**Tiltak som fell utanfor prinsippa for kulturmidlane**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Herlig film og tv as | Dokumentarfilm om Bygderadio vest | 40 000 | 0 |
| Biofoto Sunnmøre og Nordfjord | Utstilling | 25 000 | 0 |

Ser vi på geografisk fordeling er det her innstilt på å løyve midlar til 11 sentrumstiltak, eit i Austefjorden, eit på Folkestad, to i Dalsfjorden og eit i Hjartåbygda. Vi har òg sett på kva lag som vart tildelt midlar i fjor, og vore noko meir restriktive med dei i år, men samtidig teke omsyn til at det er nye tiltak.

Søknadane som vert innstilte på avslag som vert grunngive i
målgruppe, er Mork frilynde UL, Dalsfjord sogelag, Grendahuset Vesttun, Dalsfjord mannskor, Volda husflidslag, Volda dykkerklubb og Volda hornmusikk. Når det gjeld sistnemnde,Volda hornmusikk, vil denne vere svært aktuell for ein annan «pott» å søke av, midlar til kulturbyggjing nye Volda, som vil verte lyst ut til hausten. Andre, som kan tenkje seg å sikte aktivtetane inn mot samarbeid over grensa, vil òg verte oppmoda om å søke denne.

**Vurdering og konklusjon:**
Med utgangspunkt i argumenta og vedtaka som ligg til grunn for oppretting av kommunale kulturmidlar meinar vi det er rett å vere restriktiv i tildeling av midlar til søkarar som ikkje «treff» desse, sjølv om tiltaka i seg sjølv er gode. Utvalet har vore tydeleg i at barn og unge og menneske med nedsett funksjonsevne skal ha førsteprioritet, at vi skal prioritere tiltak som fleire samarbeider om, som er samlande på tvers av generasjonar og kulturelt/etnisk opphav, og som bidreg til at fleire vert kulturelt aktive. Prinsippet om at vi vil gi støtte «som monnar» heller enn strø utover til dei mange ligg i botn. I prioriteringa har vi også sett på geografisk fordeling, utan at det går gå på bekostning av grunnprinsippa.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Eit aktivt kulturliv gir positiv helsevinst.

**Økonomiske konsekvensar:**
Ingen

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Utskrift av endeleg vedtak:**
**Søkarane**

**Klageinstans:**

Volda kommune
Telefon: 70 05 87 00
E-post: postmottak@volda.kommune.no
Hjemmeside: http://www.volda.kommune.no

# Kulturmidler til frivillige lag og organisasjoner - søknad

## Prinsipp for tildeling av kulturmidler i Volda

Kulturmidlane skal gå til frivillige lag og organisasjonar i Volda og eventuelle felleslag med nabokommunar.Søkjande lag eller organisasjon må ha organisasjonsnummer, ope medlemsskap, vedtekter og vald styre.Ordinær tildeling av kulturmidlane vert gjort på vårparten kvart år. Søknadsfrist 1. mai. Søknadar som kjem inn etter sett frist får ikkje tilskot ved den ordinære tildelinga.Gjenståande midlar kan fordelast til prosjekt og tiltak som det vert søkt på i løpet av året.Tidleg innsats, førebygging og folkehelse er satsingsområde i kommunen. Tenesteutval for oppvekst og kultur vil prioritere tiltak
- retta mot barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne
- som fleire lag samarbeider om
- som medverkar til å samle på tvers av alder/generasjonar, og/eller etnisk/
kulturelt opphav
- som bidreg til at fleire vert kulturelt deltakande

Kulturmidlane er meinte til prosjekt/tiltak og skal ikkje dekke ordinær drift.Nyskipa lag kan få oppstartstilskot etter særskild vurdering.Det vert ikkje gjeve støtte til reint kommersielle tiltak og arrangement. Det vert heller ikkje gjeve stønad til politiske foreiningar.Søkjar si årsmelding, rekneskap for siste år skal ligge ved søknaden så sant det ikkje ligg føre rimeleg grunn for fritak. For nyskipa lag må protokoll frå skipingsmøte ligge ved.Søknad skal og innehalde prosjektskisse og budsjett for prosjektet/tiltaket det vert søkt midlar til.Det vil verte lagt vekt på og vurdert kor stor sjølvfinansiering søkjaren stiller med. I dette ligg det andre inntekter, dugnad og eigeninnsats m.m.Tenesteutval for oppvekst og kultur gjer endeleg vedtak om kulturmidlar etter tilråding frå administrasjonen.Mottakar av kulturmidlane skal innan eit år etter tildeling gi ein kortfatta rapport, der det går fram at midlane er nytta i samsvar med søknad/tildeling.

## Opplysninger om søker

| | |
|---|---|
| Org.nr.<br>893737022 | Forening/organisasjon<br>VOLDA KFUK KFUM SPEIDARANE |
| Adresse<br>Thilo Lindner, Furebakken 7 | Postnr.<br>6103 |
| Poststed<br>Volda | |
| E-postadresse<br>thilo.lindner@gmail.com | Telefon<br>46844098 |
| Internettadresse<br>https://www.facebook.com/VoldaSpeidarar/ | Bankkonto<br>3991 35 26957 |

Kontaktperson:

| | |
|---|---|
| Etternavn<br>Lindner | Fornavn<br>Thilo |
| E-postadresse<br>thilo.lindner@gmail.com | Mobilnr.<br>46844098 |
| Kontaktpersonens funksjon<br>gruppeleiar | |

## Kulturmidler til frivillige organisasjoner - søknad

| Tilskudd til: | Søknadsbeløp |
|---|---|
| Prosjekt-/tiltakskostnader | 35 000 |
| Tilskudd til: | Søknadsbeløp |
| | Sum<br>35 000 |

## Begrunnelse for søknad

Spesifiser søknad om kulturmidler

KFUK KFUM Speidarane Volda søkjer Volda kommune om støtte for innkjøp av nye kanoar.

Speidarane i Volda driv eit godt etablert borne- og ungdomsarbeid, sjå vedlagte årsmelding.

Padling er ein populær aktivitet på møter og leirar. Vi har hatt over lengre tid hatt 4 kanoar som både vi og andre i kommuna (bla. Dalsfjordspeidarar) har ivrig brukt. Sida gruppa har vakse dei siste åra er vi nøydde til å tilpasse antal kanoar. Dessutan er to av dei eksisterande kanoar svært utsletne og må byttast ut. Det meste av utstyret (paddelåre, vest) kan likevel brukast vidare.
Vi har i eit lågt medlemskontingent slik at speidararbeidet er eit lågterskeltilbod for born og unge.
Tilhengaren skal finansierast gjennom eigne midlar. Alternativet er enno ikkje bestemt.
Prisoverslag ligg ved.

## Vedlegg

Følgende må vedlegges søknaden:ÅrsberetningBudsjettRegnskapProtokoll fra stiftelsesmøtet (gjelder nystiftete lag og organisasjoner)

Last opp obligatoriske vedegg

| Type vedlegg | Last opp vedlegg | Ettersendes |
|---|---|---|
| Regnskap | Regnskap_Balanse 2017.pdf | ☐ per post |
| Budsjett | Budsjett kano.pdf | ☐ per post |
| Årsmelding | KM speidar_Årsmelding 2017.pdf | ☐ per post |

Innsendt: 20.05.2018 14:24
Ref.nr: WKPDKN

Volda kommune
Telefon: 70 05 87 00
E-post: postmottak@volda.kommune.no
Hjemmeside: http://www.volda.kommune.no


- Rektor informerte om at skulen skal ha kulturkveld tysdag den 19. juni på Bratteberg skule. I år er temaet knytt til songar frå Knutsen og Ludvigsen.
- Rektor informert om foreldrebrukarundersøkinga som var gjennomført i haust og kva resultat vi som skule fekk. På Vikebygda skule hadde vi vel 63 % deltaking av dei føresette. Rektor vil kommentere denne undersøkinga i tilstandsrapporten til OO denne våren.

Eli-Mette Lüthcke

Eli-Mette Lüthcke
-skrivar SU-

Postadresse: Høgtunvegen 13 6104 Volda
rektor.vikebygda @voldaskulen.no Telefon: 70074040
www.voldaskulen.no/vikebygda Org. nr: 939 760 946

## Evy Ulvestad

**Fra:** Evy Ulvestad
**Sendt:** 30. april 2018 22:57
**Til:** ingbals@hotmail.com; anette-94@hotmail.com; Johanne Aurlien; 'edvin@aurstad.no'
**Kopi:** ingerlise.flotre@gmail.com; Laila Velsvik
**Emne:** innkalling til møte i SU ved Lauvstad barnehage

VOLDA KOMMUNE
Saksnr: 17/1783 Avd: SVK
Løpenr: Shs: Bentkro
22 MAI 2018
Arkivdel: Emne 2
Klassering P:
Klassering S:

**Til medlemene i Su ved Lauvstad barnehage:**

Ingrid Balsnes (leiar forldreråd)
Anette ulvstad (nestleiar foreldreråd) vara: Inger Lise Fløtre
Johanne Aurlien (personalet) vara: Laila Velsvik
Edvin Dale (eigar/politisk repr) vara:

Kallar med dette inn til møte i SU ved Lauvstad barnehage måndag 14.mai kl 19.00
Stad: Lauvstad barnehage

Saker:
1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Konstituering (då dette vart utsett på 1.møte)
3. Opningstider ved Lauvstad barnehage
4. Brev til Volda kommune ved administrasjonen og kommunepolitikarar angåande opningstider ved Lauvstad barnehage.

I forkant av møtet har det vore utsend ei kartlegging av behovet i høve opninstidene til Lauvstad barnehage. Sjølve kartlegginga vert sendt ut til medlemene i SU, medan resultatet av kartlegginga vert lagt fram for SU på møtet.

*Evy Ulvestad*
*Styrar*
*Lauvstad barnehage*
*Direkte 70055258 Mobil 90164386*
*www.volda.kommune.no*

**VOLDA KOMMUNE**
**Opplæring og oppvekst**

# REFERAT

**Møte:** Samarbeidsutvalget Lauvstad barnehage

| *Møtedato:* **14.mai 2018** | *Møtetid frå – til:* **19.00-20.00** | *Stad:* **Lauvstad barnehage** |
|---|---|---|
| *Møteleiar:* **Evy Ulvestad** | | *Referent:* **Evy Ulvestad** |
| *Til stades:* **Ingrid P. Balsnes (leiar foreldreråd)**<br>**Anette N. Ulvestad (nestleiar foreldreråd)**<br>**Johanne Aurlien (tilsette)**<br>**Evy Ulvestad (styrar, referent)** | | *Fråvere:* **Edvin Dale (eigar/politisk repr)**<br>**Odd Martin Velsvik (vara eigar)** |

SAKLISTE

1. Godkjenning av innkalling og sakliste:

   Vararepr fekk ved ei mistyding ikkje formell innkalling då medlem Edvin Dale ikkje kunne møte. Elles ingen merknader til sakliste eller innkalling.

2. Konstituering: Sak om konstituering vart utsett i haust då første møte vart halde. Leiar i foreldrerådet Ingrid P. Balsnes vart no vald for inneverande barehageår.

3. Opningstider ved Lauvstad barnehage.

   3.1: Kartlegging av opningstidene ved Lauvstad barnehage:

   Kommunale vedtekter §6 om opningstider har eit eige avsnitt for Lauvstad og Folkestad barnehagar om utvida opningstid for pendling til jobb. Foreldre kan på eige skjema søkje om utvida opningstid grunna pendling. Styrar har delegert mynde til å vurdere søknadane.

   I 2015 vart det gjort ei kartlegging av opningstidene som synte at fleirtalet av foreldra då hadde behov for ope 07.00-16.00 med muligheit for å søkje utvida opningstid 16.00-17.00. Ny kartlegging våren 2018 syner lik fordeling mellom 07.00-16.00 og 08.00-17.00. Framleis med muligheit å søkje om utvida opningstid utover 9 timar. Resultatet av kartlegginga vert lagt med i brev til administrasjonen og Tenesteutval for opplæring og kultur (TOK). Sjå sak 4.

   Styrar informerte om at auka barnetal gjer bruken av auka opningstid større. Foreldre må pendle til arbeid og i praksis er barnehagen si opningstid difor på det jamne 07.00-17.00. Det vert pr i dag ikkje sett inn auka personalressurs. Personalressursen vert difor strekt ein time lenger, dette går utover personaltettleiken i endane av dagen, noko som berører kvaliteten på tilbodet til borna.

4. Brev til Volda kommune ved administrasjonen og Tenesteutval for opplæring og kultur (TOK), angåande opningstider ved Lauvstad barnehage.

   Brevet er på førehand sendt til medlemene i SU.

   Foreldrerådet ved Lauvstad barnehage har sett ned ei gruppe til å arbeide med brevet som vart godkjendt i SU før vidaresending til administrasjon v/oppvekstsjef og tenesteutval for opplæring og kultur(TOK). Viser til brev underskrive leiar i foreldrerådet, Ingrid P. Balsnes, Hans Martin Klokk og Per Erling Parr Sætre.

Ref.

Lauvstad 14.mai 2018

Evy Ulvestad

Styrar og sekretær i SU

**VOLDA KOMMUNE**
**Opplæring og oppvekst**

Foreldrerådet Lauvstad barnehage

6133 LAUVSTAD

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2018/1010 | 7004/2018 | A10 | OPP/ PERKON | 23.05.2018 |

## GJELD OPNINGSTID I LAUVSTAD BARNEHAGE

Viser til dykkar brev, dagsett 15.05.2018, som omhandlar opningstidene i Lauvstad barnehage.

Eg har undersøkt kva som er årsaka til at de ikkje fekk svar på eit liknande brev i 2014. På det tidspunktet vart ordninga med sommarstenging i barnehagane evaluert, og dykkar brev den gong har vorte journalført som ein høyringsuttale i samband med den saka, og det ser ut til at det av den grunn ikkje har vorte sendt eige svarbrev. Det er ein feil frå vår side som vi ber om orsaking for.

I brevet dykkar, dagsett 15.05.18, viser de til vedtektene for dei kommunale barnehagane, og skriv at *av ukjende årsaker, vart dette vedtaket likevel aldri effektuert på korrekt måte.*

Vedtektene i dei kommunale barnehagane vart revidert våren 2015. I saksutgreiinga heitte det mellom anna følgjande:

> *Barna har ei maks opphaldstid på 9 timar. Dersom det er eit reelt behov for lengre dagar for barna i Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage grunna pendling, skal føresette avtale dette med styrar. Samarbeidsutvalet i Lauvstad barnehage ønskjer at dette vert endra til: "Føresette med eit reelt behov i samband med pendling, kan etter søknad til fagkonsulent nytte seg av dette". Det er styrar sitt ansvar å vurdere det reelle behovet.*

Dette er førearbeida til endringa i vedtektene som fekk følgjande og gjeldande ordlyd:

> *Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage har ei opningstid på 10t og 15 min pr. dag. Føresette med eit reelt behov i samband med pendling, kan etter avtale med styrar nytte seg av dette. Elles skal borna ikkje ha lengre opphaldstid enn maks 9 timar pr. dag.*

Eg ser at det kan vere rom for tolking av ordlyden i vedtektene, men med bakgrunn i saksutgreiinga/førearbeida vert det av administrasjonen lagt til grunn at borna i utgangspunktet ikkje skal vere lengre enn 9 timar i barnehagen pr dag. Viss det er foreldre i Folkestad og Lauvstad barnehagar som har eit reelt behov for at borna må vere lengre enn 9 timar i barnehagen pr dag, vert det gitt opning for det. Det skal vere eit reelt behov, som det er lagt til styrar å vurdere individuelt.

Det vert altså ikkje lagt til grunn at Lauvstad barnehage skal ha ei permanent opningstid på 10 t og 15 min.

Postadresse: postmottak@volda.kommune.no www.volda.kommune.no
Telefon: 70058872
Org. nr: 939 760 946 Bankgiro: 3991.07.81727

Ein heil barnehageplass som det vert betalt makspris for utgjer til vanleg 9 timar pr dag. For dei som har eit reelt behov som gjer at barnehagen på Lauvstad må halde ope lengre enn 9 t pr dag, vert det ikkje kravd ekstra foreldrebetaling utover makspris. Barnehagen er heller ikkje tilført ekstra ressursar for å ta høgde for utvida opningstid, og det gjer at styrar må strekke den personalressursen ho har til rådvelde. Det er ein viktig grunn til at det skal vere ein restriktiv praksis når dei reelle behova for utvida opningstid vert vurderte, og det skal vere føreseileg for styrar kven som har behov for utvida opningstid og kva dagar det gjeld.

Svaret de får no vert sendt som orientering til tenesteutval for oppvekst og kultur. Slik det er skildra lengre oppe, er det administrasjonen si forståing at barnehagen ikkje skal ha ei fast opningstid på 10 t og 15 min. Viss tenesteutval for oppvekst og kultur som barnehageeigar tolkar det annleis, vil vi måtte kome attende til saka.

Med helsing

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:
Bodil Brautaset
Nina Hovden Eidheim

**VOLDA KOMMUNE**
**Opplæring og oppvekst**

# NOTAT

Mottakar:
Tenesteutval for
oppvekst og kultur

**Sak: Strategi for Volda kulturskule**

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| *2018/1142* | *7587/2018* | *A30* | *OPP/PERKON* | *04.06.2018* |

**STRATEGI FOR VOLDA KULTURSKULE**

## Innleiing

Administrasjonen har fått i oppdrag frå TOK å gjere greie for korleis ein i åra framover kan gjere tilbodet i kulturskulen breiare og betre, og korleis ein konkret ser for seg at dette kan gjerast. Vi ser på dette som eit høve til å presentere visjonar, langsiktige målsettingar og nye idear til korleis kulturskulen kan sjå ut både fagleg og organisatorisk, nokre år fram i tid.

Kulturuttrykk er limet i samfunnet. Å lære å meistre og forstå desse uttrykka er viktig for identitets-bygging, vidareføring av tradisjonar og kulturelt mangfald. Dette er med på å bygge trygge fellesskap, å kunne sjå seg sjølv i ein større samanheng. Det skaper tilhøyrsle i ein tradisjon og i ein kultur. I ei tid der ein har tilgang uendeleg med informasjon og uttrykk utanfrå, er det viktig å bli trygg og rotfesta i sitt ei lokalsamfunn og sin eigen kultur. Dette er og ein føresetnad for å kunne møte andre menneske på ein trygg og respektfull måte. Kulturuttrykka er med på å skape attraktive lokalsamfunn som fremjar trivsel, fellesskap og som bidreg til at Volda er ein attraktiv stad å busetje seg. Deltaking i kulturlivet som aktør eller som tilskodar, er òg eit viktig bidrag til god folkehelse.

På landsbasis er rekrutteringa til kulturskulane på veg nedover. Dette er ikkje situasjonen i Volda. Slik skulen er organisert i dag med stor grad av individuell undervisning, har ein plass til i underkant av 300 elevar. Sidan 2015 har ventelista auka frå 0 til mellom 60 – 80 elevar. Det er vanskeleg å seie kva dette skuldast, delvis er det kanskje resultat av kommunen si satsing på nye og gode lokale, og delvis kan det vere resultat av at kulturskulen har lagt stor vekt på å vere synleg i media og i lokal-samfunnet dei siste tre åra. Det kan og synast som kulturbygda Volda har medvitne foreldre som verdset verdien av den læringa og dei opplevingane som elevane får i kulturskulen.

Vi vil nedanfor presentere idear og ein strategi til korleis Volda kulturskule kan utvikle seg framover. Vi ser dette i lys av føringar i kulturskulerådet sin rammeplan, tradisjonane i kulturskulen, behova i bygda og Volda sitt særpreg.

## Målsettingar

***Nasjonale mål***

Kulturskulen sitt oppdrag er på nasjonalt nivå forankra i opplæringslova paragraf § 13-6:

> *Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles.» (1997) Samarbeidet med skoleverket knytter kulturskolens oppdrag sammen med grunnskolens målsetting: «Opplæringas mål er å utvide barns, unges og voksnes evner til erkjennelse og opplevelse, til innlevelse, utfoldelse og deltakelse.» (Læreplanverket K06)*

***Mål i ny rammeplan***

Norsk kulturskoleråd, som Volda kulturskule er medlem i, har utarbeidd ein eigen rammeplan for arbeidet i kulturskulen. Rammeplanen presenterer ei rekkje mål for arbeidet i kulturskulen med utgangpunkt i grunnmuren som er lagt ned i opplæringslova. Denne planen blir retningsgjevande for svært mange kulturskular i Norge.

Om formålet:

> *Formålet for kulturskolen Kulturskolen skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ønskjer det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. (Rammeplanen pkt 1.*3.)

Målsettingar:

*Kulturskolen skal*

- *gi alle elevar mogelegheit til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter i kunstfag*
- *gi alle elevar mogelegheit til å finne og formidle eigne kunst- og kulturuttrykk*
- *styrke elevane sin estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse*
- *styrke elevane si evne til kritisk refleksjon og til å gjere sjølvstendige val*
- *gi mogelegheit til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i kunst- og kulturfag*
- *i samarbeid med skoleverket bidra til eit heilskapleg kunst- og kulturfagleg tilbod til alle barn og unge*
- *som lokalt ressurssenter medverke til å styrke kulturell kompetanse og utfalding*
- *i samarbeid med kulturlivet tilby kunst- og kulturfagleg støtte til opplæring og formidling til heile lokalsamfunnet*

*(Rammeplanen pkt. 1.4)*

***Mål i vedtekter for kulturskule lokalt***

På lokalt plan blir det i vedtektene for Volda kulturskule understreka at ein både skal utvikle borna sine dugleikar, og skape aktive lyttarar og tilskodarar. Først i vedtektene blir det understreka at tilbodet i kulturskulen skal vere for alle.

*§1 FORMÅL*

*Det grunnleggjande synet i norske kulturskular er at alle elevar har rett til å få opplæring i samsvar med dei evner og føresetnader den enkelte har.*
*Undervisninga må ta utgangspunkt i at alle menneske har behov for å gje uttrykk for kjensler, tankar og fantasiar gjennom musikk, dans, drama eller bilde (frå Vedtektene til Volda kulturskule)*

## Visjon for Volda kulturskule

Ein visjon for Volda kulturskule må spegle dei føringane som er lagt nasjonalt og lokalt og inkludere dei tilsette sine idear og tankar om kva som er viktig for å oppfylle målsettingane. I det arbeidet som er gjort for å beskrive og lage mål for arbeidet i kulturskulen, blir det fleire stader sagt at tilbodet i kulturskulen skal vere for alle. Vi har ein veg å gå før dette er røyndom. Her er både strukturelle, kulturelle og økonomiske utfordringar som må løysast før ein har eit breitt og inkluderande tilbod. I samarbeid og i drøftingar med dei tilsette i Volda kulturskule har det kome fram mange kreative tankar og forslag til korleis kulturskulen sitt arbeid kan føre fram mot målsettingane. Med utgangspunkt i dette har vi formuler ei skisse til ein visjon:

*Volda kulturskule er eit lokalt ressurssenter som gir alle born og unge i Volda høve til å delta og få opplæring på ein kreativ møteplass for læring, meistring, fellesskap, og formidling.*

Som det og blir poengtert i rammeplanen, er det eit mål å skape ein kulturskule der ein kan gje alle som ynskjer det eit tilbod med høg fagleg og pedagogisk kvalitet i arbeidet med å skape unge kunstnarar.

## Fagleg og organisatorisk ramme

Sett i lys av rammeplanen frå kulturskulerådet, blir det gjort mykje godt arbeid i Volda kulturskule. Her er likevel utfordringar, både av fagleg og organisatorisk karakter som blir tydeleg når ein nyttar rammeplanen som ein mal.

### *Situasjonen i 2018*

Volda kulturskule har ved utgangen av vårsemesteret 2018 ca. 290 individuelle undervisingsykter pr. veke. I Visuell kunst er det gruppeundervisning. I tillegg har vi småbarnstilbod i fire grupper. Dette går over 9 – 10 veker i tre periodar gjennom skuleåret. Vi har eit samarbeid med Volda skulekorps m.a. om dirigenttenester. Vi samarbeider med Øyra skule, med Kammermusikkfestivalen, med ungdomsklubben, og vi driftar SUS – Sunnmøre ungdomssymfoniorkester. I tillegg samarbeider vi med ulike aktørar i det lokale kulturlivet. Siste skuleåret har vi i tillegg til undervisning på Øyra, også undervisning på Lauvstad, Folkestad og Mork. Behovet for samarbeid med kulturskulen i Ørsta melder seg stadig, både i forhold til å skape felles aktivitetar og for å koordinere drifta.

### *Breiddeprogram, kjerneprogram, fordjupingsprogram*

Rammeplanen gir ein struktur til kulturskulen der det er fem fag som er i fokus; *Musikk, dans, drama, visuell kunst og skapande skriving*. Volda kulturskule har to av desse faga; *musikk og visuell kunst*. For å gi eit heilskapleg kan ein gje tilbod i dei fem faga i tre ulike program; breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Den tradisjonelle undervisninga i kulturskulen femnar i hovudsak om kjerneprogrammet. Breiddeprogrammet er i stor grad tenkt å skulle vere gruppebasert, prosjektbasert og ikkje har same langsiktige kvalitetsmåla som dei andre programma. I kulturskulen i Volda er hovudtyngda av ressursane til undervisning nytta til kjerneprogrammet.

I Volda kulturskule er det med andre ord eit potensiale for å femne fleire, presentere eit større spekter av tilbod og ikkje minst arbeide systematisk med dei som er ambisiøse og treng ei strukturert og målretta undervisning for å nå høge mål.

## Strategiar og prioriteringar.

Kulturskulen har i mange år hatt ei god og stabil drift. Tendensen på landsbasis er at søkjartala til kulturskulane er på veg ned. Det er derfor viktig og framtidsretta å har ein god og samlande strategi for arbeidet i overskueleg framtid. Tideperspektivet i dette kan vere 5 til 10 år. Å drive eit framtidsretta arbeid der ein er samla om både den faglege og organisatoriske utviklinga har samfunnsøkonomisk vinst, det er godt førebyggande arbeid, det gir gode opplevingar, skaper aktive ungdommar og det er ei investering for framtida. Med andre ord ei berekraftig utvikling. Verdien av læring i kulturskulen, estetikk og opplevingar kan ikkje målast i kroner og ører. Kulturskulen er avhengig av politisk vilje, ynskjer og pålegg for å gjennomføre innovasjonsprosessar i skulen og med personalet.

Nedanfor har vi skissert og konkretisert dei moment som kan bidra til å leie kulturskulearbeidet inn i ein framtidsrettar prosess. Dette er delvis rektor si oppsummering etter tre år i Volda kultuskule, og delvis resultat av drøftingar i personalet, og i rektorkollegiet i sjustjerna.

### *Innføre rammeplanen*

Rammeplanen som er utarbeidd av kulturskulerådet legg føringar for ein struktur i kulturskulen som er god og som sikrar eit spekter av tilbod og aktivitetar for alle gruppe og aldrar. Den er i tillegg tydeleg på kulturskulen sin plass i samfunnet og kva verdiar ein er med å formidle gjennom arbeidet. Mange kommunar i Noreg har vedtatt denne planen. Dette kan og bør og vere det første steget for Volda kommune når ein skal stake ut ein vidare kurs. Eit vedtak om å bruke denne planen kombinert med eit mandat til kulturskulen om å utarbeiding lokale fagplanar[i], er ein føresetnad for å kunne arbeide vidare på ein strukturert måte.

### *Fagtilbodet*

#### *Kjerneprogrammet*

Hovudtilbodet i kulturskulen er individuelle timar slik det er beskrive i rammeplanen i Kjerne-programmet. Dette har kulturskulen brei og god kompetanse på. Det må likevel arbeidast aktiv med å gje dette ei retning der det er fokus på meir samspel og samarbeid. Det er ikkje vanskeleg å organisere dette innanfor dei rammene som kulturskulen har i dag.

Nye fag i kjerneprogrammet kan innførast i prioritert rekkefølgje slik:

- Drama. Kulturskulen har mottatt initiativ frå Volda Folketeater som driv barnegrupper for teater i dag. Aktiviteten har vore varierande og det er eit sterkt ynskje at kulturskulen skal ta over denne drifta. I motsetnad til mykje anna arbeid i kulturskulen bør dette drivast i nært

[i] Det blir i sjustjerna arbeidd for å lage lokale fagplanar som skal vere felles for kulturskulane. Det blir også arbeidd med eit felles fordjupingsprogram, - for dei elevane som ynskjer å satse ekstra mykje på kulturskulen sine fag. Ein kan på denne måten dra nytte av den samla kompetansen som finnast på Søre Sunnmøre.

samarbeid med foreldre og eldsjeler i lokalmiljøet. Ein kan og sjå føre seg at eit samarbeid med dramautdanninga på høgskulen kan vere aktuelt.

- Skapande skriving. I samarbeid med kulturskulen i Ørsta har vi vore i kontakt med Aasentunet om eit samarbeid om dette faget. Det ligg godt til rette for å lage eit tilbod til ungdommar i begge bygdene, og som er lokalisert til Aasentunet.
- Dans. Ballettskulen som er lokalisert i Ørsta gir eit breitt tilbod med høg kvalitet til elevar som ynskjer å lære dans. Ein kan likevel vurdere om kulturskulen skal starte danse-undervisning, spesielt for dei minste årsklassen. Dette kan ein gjere på eige initiativ, men det bør og vurderast eit samarbeid med ballettskulen.

*Breiddeprogrammet.*

- Småbarnstilbod. For å skape eit breitt tilbod for alle aldersgrupper har kulturskulen siste året sett i gang song- og musikkgrupper for småbarn frå 0 år og oppover. Dette har kulturskulen lærarkrefter som har god kompetanse på.
- KuDraMuDa. Frå hausten blir det starta opp «KuDraMuDa» – kunst, drama, musikk, dans. Dette er eit tilbod og ein kulturkarusell til 5 og 6 åringar. Elevane får gjennom åre vere med
- på ulike opplegg knytt til song, leik, instrumentopplæring, forming og musikk. Vi har gode erfaringar med at born som har slike tilbod er svært godt rusta til å starte med individuell undervisning når det er aktuelt.
- Med nye lokale på Øyra skule ser vi potensialet med å starte ei ordning med KFO – kulturfritidsordning. Dette kan vere eit tilbod med ulike aktivitetar knytt til faga i kulturskulen. Ikkje minst kan ein drifte grupper med song og/eller instrumentopplæring. Dette kan også ver eit samarbeid med den etablerte SFO-ordningane på skulane og her er eit potensiale i samarbeidet med skulekorpset.
- Kor. Både for songelevar som vil vere med i eit ensemble, og for elevar som står på venteliste til individuell undervisning kunne eit kortilbod vere eit svært godt alternativ. Song er generelt viktig i eit tid der dette ser ut til å vere nedprioritert i skuleverket elles.
- Kortare kurs, grunnopplæring, prosjekt bør bli sterkare innslag i kvardagen i kulturskulen.

*Fordjupingsprogram*

Elevar som har spesielle talent, som ynskjer å satse eller som ser for seg eit utdanningsløp og ei karriere som t.d. musikar har i dag ikkje formelt eit særskild tilbod i kulturskulen. Det blir i rektor-kollegiet i sjustjerna arbeidd for å lage eit felles program for kulturskulane på Søre Sunnmøre. Alle skular skal i følgje rammeplanen ha eit slikt program.

*Nye møteplassar*

I samarbeid mellom kulturskulen, MOSAIK-Volda og Øyra skule har det no i april 2018 blitt gjennomført fire store konsertar der alle elevar på Øyra skule har vore involvert. Målsettinga var å skape møteplassar for utveksling og samarbeid rundt song, dans og musikk med born, ungdommar og aktørar frå ulike land og kulturarar.

Det er utfordrande å skape eit slik tilbod, og dette har ikkje funne si endelege form i Volda. Det kan vidareførast som eit samarbeid mellom kulturskulen, grunnskulen og dei instansane i kommunen som arbeider spesielt med flyktningar og innvandrarar. Vi ser at her er eit stort potensiale for å skape møteplassar, integrering og kulturutveksling.

### *SUS – Sunnmøre ungdomssymfoniorkester*

Kulturskulen har heilt sidan starten vore spesiell i den forstand at det har blitt gitt eit svært godt tilbod til styrkarar. M.a. har ensemble og samspel på ulike nivå vore høgt prioritert. Som eit resultat at dette driv dag kulturskulane i Volda og Ørsta i samarbeid Sunnmøre Ungdomssymfoniorkester – SUS. Knut Ose var drivkraft og dirigent for dette fram til 2015. Orkesteret har dei siste tre åra auka både aktiviteten og ambisjonsnivået. Ein har m.a. blitt ein del av De unges orkesterforbund – UNOF. Orkesteret har hatt stort utbytte av samarbeidet med ein organisasjon som har både kompetanse og som forvaltarøkonomiske ordninga som orkesteret har hatt glede av.

Dette er eit unikt og sjeldan tilbod til foreldre, born og unge i Volda og Ørsta, - og på Søre Sunnmøre. Ein har her muligheit til å få opplæring og vere med i eit orkestermiljø og bli innvia i ein tradisjon og eit musikkfelt som har djupe røte i europeisk kultur.

Det er no sterkt behov for å gjere dette til ein tydelegare del av kulturskulen.

- Utgiftene til dirigent må inn som ein del av budsjettet i kulturskulen. Desse utgiftene blir delt med kulturskulen i Ørsta.
- Samarbeidet med dei andre kommunane/kulturskulane på Søre Sunnmøre må formaliserast
- Dette arbeidet må synleggjerast som ein del av arbeidet i rektorstillinga.

### *Musikkteraput*

For ein del elevar i grunnskulen og for nokre vaksne er song og musikk uvurderleg for å drive med meiningsfulle aktivitetar og ha eit godt liv. Dersom dette skal gjerast på ein fagleg forsvarleg måte er det naudsynt å bruke kompetansen som ein musikkterapeut har. Denne kompetansen har ikkje kulturskulen i dag. Det er ynskjeleg å tilsette ein person som kan gje eit slikt tilbod på ein fagleg god måte.

### *Friplassar*

Det er ikkje gratis å ta del i undervisningstilbod i kulturskulen. Det er innført ordningar for søskenmoderasjon og redusert pris for dei som tar fleire disiplinar. Dessverre er det slik at ulikskapen i Norge aukar, og dermed sannsynleg at ein del born blir ståande utan muligheit til å få eit tilbod i kulturskulen. Det er svært ynskjeleg at det etter kvart blir innført ei ordning for inntektsregulert betaling og/eller friplassar.

### *Lokalt ressurssenter*

Rammeplanen legg vekt på at kulturskulane skal vere lokale ressurssenter. For Volda kulturskule ligg det godt til rette for å fylle ei slik oppgåve. Det viktigaste er i første rekke samarbeidet med skulekorpset. Ein samarbeider i dag om dirigenttenester. Andre instruktørar som jobbar og får betalt i korpset kan og sortere under kulturskulen på sikt. Eit samarbeid med dei andre korpsa på bygdene er det og viktig og mulig å opprette med dei rette disposisjonane av ressursar.

Ein ser og føre seg eit tettare samarbeid med grunnskulen om opplæring t.d. i musikkfaga. Ordninga «Korps i skolen» er eit godt døme på eit slikt samarbeid mellom kulturskule, grunnskule og korps.

Det er etablert ein godt samarbeid med Kammermusikkfestivalen som blir arrangert tidleg i september. Satsing på born og unge er ei prioritert oppgåve for festivalen. Kulturskulen vil halde fram med det gode samarbeidet rundt arrangement i til festivalen.

## Administrasjon og samarbeid

Det er behov for å gjere prioriteringar i arbeidet framover. I det faglege tilbodet vil ein halde fast ved skulen sin kjerneaktivitet som er den individuelle undervisninga. I tillegg blir det innført tilbod for småbarn i ulike aldrar. Nye aktivitetar og utvida tilbod kan til ein viss grad gjerast innanfor tildelte rammer, men store nye satsingar krev auke i personalressursane. Behova framover er beskriv ovanfor. Nedanfor er dei første og største tiltaka konkretiserte.

### *Prioritert tilbod; drama*

Den første prioriteten av nye tilbod vil ver eit gruppetilbod i drama. Dette tilfører skulen eit nytt fag og nye muligheiter for samarbeid. Gruppetilbod er meir økonomisk lønsamt enn individuell undervisning. Behovet for lærarressurs vil vere ca. 20% stilling. Slik situasjonen er for kulturskulen i dag med 60 – 80 elevar på venteliste er det ikkje råd å prioritere dette innanfor dei rammene som skulen no har.

### *Administrasjonsressurs*

Den største utfordringa når ein skal verkeleggjere visjonar og sette ut i livet nye idear og etablere nye samarbeid er å ha nok tid. Rektorjobben i dag medfører at 40% av stillinga går til undervisning og 60% til administrasjon. Dette gir signal om ein minimumsskule der det er lite med rom for å skape nye tilbod til nye grupper, og svært lite rom for å utøve reell leiing. Svært mykje av tida går med til å drifte detaljar i det daglege og manøvrere og stette krava i det kommunale byråkratiet.

Eit sterkare regionalt samarbeid, stadig større behov for å vere synleg og marknadsføre tilboda i kulturskulen, arbeide med fagleg utviklingsarbeid for å gjere kulturskulen til ein attraktiv arbeidsplass med høg kvalitet er aktivitetar som tar mykje tid for rektor, og som er viktige for at kulturskulen skal bidra til ei berekraftig utvikling i kommunen.

Vi står også framføre ei samanslåing med Hornindal. Vi har vore i kontakt med administrasjonen der, og det er ynskjeleg å forsere planen om samanslåing og slå saman kulturskulane frå 01.01.19. Både samanslåingsprosessen og det å drifte ein større skule vil synleggjere behovet for auke i administrasjonsressursen for rektor.

Rektor sin undervisningsprosent bør ikkje vere meir enn 20. På sikt er det mest effektive å ha ein rektor i 100 % som leiar og administrator.

## Ein kulturskule for framtida

Vi som arbeider i kulturskulen ser på arbeidet som både utviklande for den einskilde, verdifullt for kulturarbeidet i kommunen men og som førebyggande, meiningsskapande og berekraftig i ei tid der forankring og tilhøyrsle er viktigare enn nokon gong.

Det er med eit aukande og meir variert tilbod med tre ulike program og fem ulike fag behov for ein meny med tilsvarande prisliste for aktivitetane og opplæringa i kulturskulen. Eit berande prinsipp framover bør vere at ein betalar det ein er med på. Det er også understreka både i rammeplanen og i kulturskulen sine vedtekter at tilbodet skal vere for alle. Her har vi nokre utfordringar.

Viktige element i det framtidsretta er tett samarbeid med lokalt kulturliv, med grunnskulen, med foreldre, frivillige foreiningar og ikkje minst eit arbeid som er solid forankra i kommunal forvaltning og politikk.

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Einar Yngve Opsvik
rektor Volda kulturskule

VOLDA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** **Ungdomsrådet**
**Møtestad:** **Rådhuset**
**Dato:** **21.03.2018**
**Tid:** **16:00 til 18:00**

Faste medlemer som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Elias Eide Brattli | LEIAR | Volda vgs. |
| Sigurd Tverberg | NESTL | Lag og org. |
| Tobias Nautvik Nesset | MEDL | Folkestad ungd. |
| Veronica Wilhelmsen | MEDL | Lag og org. |
| Agnes Myren | MEDL | Dalsfjord ungd. |
| Åshild Vik | Politisk fadder | |

Faste medlemer som ikkje møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Olve Eide Brattli | MEDL | Volda ungd. |
| Ina B. Osvoll | MEDL | Volda ungd. |
| Younes S. Soulimani | MEDL | Volda ungd. |
| Amalie Løset | MEDL | Lag og org. |
| Vebjørn Korsnes Koppernes | MEDL | Austefjord ungd. |
| Emma Torine Brenne | MEDL | Lag og org |

Varamedlemer som møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Noa Gjerseth | Felles vara | |
| Ask Tømmerbakk | Felles vara | |
| Knut-Edvin Dale | Felles vara | |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Fride Sortehaug | Varaordførar |
| May-Lisbet Lande | Koordinator |

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKLISTE

| Saksnr. | Sak | Side |
|---|---|---|
| | **SAKER TIL HANDSAMING** | |
| PS 8/18 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** | |
| PS 9/18 | **Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte** | |
| PS 10/18 | **Revisjon av vedtekter for ungdomsrådet** | 4 |
| PS 11/18 | **Arrangementa for ungdom i Volda og Hornindal - budsjett og rammer kring arrangementet** | 10 |

**<u>Tema:</u>**

- Ung i Hornindal
  Frå Hornindal møtte ungdomane: Hege Anett Nygard Seljeset og Sivert Sølberg. Brynhild Lund Notøy var med som sjåfør og representant i Fellesnemnda for nye Volda.

  Det var presentasjonsrunde og samsnakk om ungdomsmiljøet i begge bygdene. Besøket frå Hornindal var med under behandling av sakene og fekk uttalerett men ikkje stemmerett.

VOLDA KOMMUNE

## SAKER TIL HANDSAMING

### PS 8/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Røysting**:
Samrøystes godkjend

**Vedtak i Ungdomsrådet - 21.03.2018**

***Samrøystes godkjend***

### PS 9/18 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

**Røysting**:
Samrøystes godkjend

**Vedtak i Ungdomsrådet - 21.03.2018**

***Samrøystes godkjend***

### PS 10/18 Revisjon av vedtekter for ungdomsrådet

**Handsaming:**

Ungdomsrådet har frå ordførar Jørgen Amdam fått tilsendt forslag til nye vedteker som skal gjelde for ungdomsrådet i Nye Volda.
Dei tilsendte vedtektene er skil seg mykje frå vedtekne vedtektene som sist var revidert 19. januar 2017.
Eit forslag om endring må ta utgangpunkt i gjeldane vedteker.

Ungdomsrådet meinar at det for tidleg å gjere endringa i vedtektene for å tilpasse desse til Nye Volda. Mykje er usikkert for ungdomane, mellom anna når det gjeld skulestruktur.
Volda ungdomsråd ynskjer ungdomar frå Hornindal velkomne i ungdomsrådet i 2020, og vil ta opp vedtektene til revidering i tide.

I eksisterande vedtekter foreslo leiar Elias Eide Brattli ei tilføying under pkt.
1. Arbeidsområde og målsetjing:
Nytt pkt. 1.6. Det skal årleg haldast minimum ein ungdomens spørjetime i kommunestyret

**Røysting**:

Ungdomsrådet vil revidere vedtektene sine for å tilpasse desse til Nye Volda i tide til 2020. Revideringa må ta utgangspunkt i gjeldande vedtekter. Samrøystes vedteke.

Det vart røysta over forslag til Brattli om nytt pkt. 1.6. Forslaget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Ungdomsrådet - 21.03.2018**

***Ungdomsrådet vil revidere vedtektene sine for å tilpasse desse til Nye Volda i tide til 2020. Revideringa må ta utgangspunkt i gjeldande vedtekter.***

***Nytt pkt. i gjeldande vedteker av 19. januar 2017:***

***1.6. Det skal årleg haldast minimum ein ungdomens spørjetime i kommunestyret***

**Administrasjonen si tilråding:**
Saka vert lagt fram utan tilråding
PS 11/18 Arrangementa for ungdom i Volda og Hornindal - budsjett og rammer kring arrangementet

**Handsaming:**

Nestleiar Sigurd Tverberg som også er ungdomsrådet sin representant i gruppa for kulturbygging orienterte om saka.
Ungdomsrådet må ta stilling til kva dato arrangementet for ungdom skal vere, ein kom fram til to forslag til datoar 24. - 25. august eller 31. september. Det er bestemt at arrangementet denne gongen blir i Volda og at det vert satt opp bussar for ungdomane i Hornindal.
Det kom fleire forslag til artistar.

Det vart bestemt at ein set ned ei arbeidsgruppe som kan arbeide fram detaljar no i førebuingsfasen. Gruppa rapporterer til ungdomsråda på møta. Når ein har komt meir konkret i gong vil ein fordele oppgåver til fleire ungdomar.

Arbeidsgruppa består av: Elias Eide Brattli, Sigurd Tverberg, Agnes Myren, Emma Torine Brenne. Frå Hornindal melde Hege Anett Nygard Seljeset seg, ho får også i oppdrag å få med ein person til frå Hornindal.

**Røysting**:
Samrøystes vedteke

**Vedtak i Ungdomsrådet - 21.03.2018**

***Det vart nedsett ei arbeidsgruppa som består av: Elias Eide Brattli, Sigurd Tverberg, Agnes Myren, Emma Torine Brenne. Frå Hornindal melde Hege Anett Nygard Seljeset seg. Seljeset får i oppdrag å få med ein person til frå Hornindal. Gruppa sitt mandat er å utarbeide detaljar kring arrangement for ungdom i Volda og Hornindal. Gruppa rapportere til ungdomsrådet på møta.***

**Administrasjonen si tilråding:**
***Ungdomsrådet tek stilling til budsjett og rammer kring arrangementet***

Møte slutt kl. 18:00
Rett utskrift:
21.03.18.
Volda kommune, Sektor kultur og service
May-Lisbet Lande, Koordinator

**VOLDA KOMMUNE**

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Ungdomsrådet
**Møtestad:** Rådhuset
**Dato:** 18.04.2018
**Tid:** 16:00 til 19:25

Faste medlemer som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
| --- | --- | --- |
| Ina B. Osvoll | Medlem | Volda ungd. |
| Younes S. Soulimani | Medlem | Volda ungd. |
| Vebjørn Korsnes Koppernes | Medlem | Austefjord ungd. |
| Agnes Myren | Medlem | Dalsfjord ungd. |
| Olve Eide Brattli | Medlem | Volda ungd. |
| Sigurd Tverberg | Nestleiar | Lag og org. |
| Veronica Wilhelmsen | Medlem | Volda vgs. |
| Elias Eide Brattli | Leiar | Volda vgs. |

Faste medlemer som ikkje møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
| --- | --- | --- |
| Emma Torine Brenne | Medlem | Lag og org. |
| Amalie Løset | Medlem | Lag og org. |
| Tobias N. Nesset | Medlem | Folkestad ungd. |
| Åshild Vik | Politisk fadder | |

Varamedlemer som møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
| --- | --- | --- |
| Noa Gjerseth | Felles vara | |
| Knut-Edvin Dahle | Felles vara | |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
| --- | --- |
| Runar Andre Hovde | Kommunepsykolog |
| May-Lisbet Lande | Koordinator |

VOLDA KOMMUNE

# SAKLISTE

| Saksnr. | Sak | Side |
|---|---|---|
| | **SAKER TIL HANDSAMING** | |
| PS 12/18 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** | |
| PS 13/18 | **Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte** | |
| PS 14/18 | **Ungdomens fylkesting 2018** | 4 |

**Tema:**

- Kommunepsykolog Runar Andre Hovde orienterer om arbeidet sitt som kommunepsykolog
  ***Kommunepsykologen skal vere eit lavterskeltilbod dvs. lett tilgjengeleg og lett å få fatt i for målgruppa eller for støttepersonar. Ved ønske om samtale får ein stort sett time i løpet av 1 til 2 veker.***
  ***Målgruppa er barn og unge i alder 0-23 år og deira støttepersonar. Ein kan sjølve ta kontakt direkte, eller via helsesøster på skulane. Psykologen har kontor på helsestasjonen i Volda og har eit tett samarbeid med dei tilsette der. Han har også kontakt med skulane gjennom helsesøster.***
  ***Psykologen erfarer at dei største utfordringar for ungdomen er stress, press, krav og forventningar for anten ungdomen sjølv, media, skule eller andre personar rundt personen. Det var få av ungdomane i ungdomsrådet som kjende til tilbodet.***
  ***Ein vart samde om å reklamere for tilbodet på facebook sida til ungdomsrådet.***

**Ymse:**

- Ungdomsarrangement «Nye Volda»
  ***Arbeidsgruppa ynskjer å halde arrangementet på Rokken. Ein har tatt kontakt med dagleg leiar og har stor tru på at ein skal få til eit samarbeid.***
  ***Det skal vere møte i fellesnemda i morgon og ein vil då få på plass eit budsjett.***

# VOLDA KOMMUNE

## SAKER TIL HANDSAMING

### PS 12/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Røysting**:
Samrøystes vedteken

**Vedtak i Ungdomsrådet - 18.04.2018**

***Samrøystes vedteken***

### PS 13/18 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

**Røysting**:
Samrøystes vedteken

**Vedtak i Ungdomsrådet - 18.04.2018**

***Samrøystes vedteken***

### PS 14/18 Ungdomens fylkesting 2018

**Handsaming:**

Det melde seg tre representant til ungdomens fylkesting: Elias Eide Brattli, Noa Gjerseth og Veronica Wilhelmsen. Det vart røysta over deltakarane

Når det gjeld nominering av kommuna til «Årets ungdomskommune» kom fyljande forslag frå nestleiar Sigurd Tverberg: Volda er ikkje kvalifisert til å bli nominert. Dersom det vert etablert ein tilfredstillande ungdomsklubb vil saka bli seriøst behandla. Saka gjekk til avrøysting

**Røysting**:
Ved første avrøysting fekk Elias Eide Brattli 8 stemmer, Noa Gjerseth og Veronica Wilhelmsen fekk begge 6 røyster om det vart omrøysteing. Noa Gjerset fekk 4 stemmer og Veronica Wilhelmsen fekk 5 stemmer.

Volda er ikkje kvalifisert til å bli nominert som «Årets ungdomskommune. Dersom det vert etablert ein tilfredstillande ungdomsklubb vil saka bli seriøst behandla. Samrøystes vedteke.

**Vedtak i Ungdomsrådet - 18.04.2018**

Elias Eide Brattli og Veronica Wilhelmsen vert Volda ungdomsråd sine utsendingar til ungdomens fylkesting 2018. Noa Gjerseth vert felles vara

Volda er ikkje kvalifisert til å bli nominert som «Årets ungdomskommune. Dersom det vert etablert ein tilfredstillande ungdomsklubb vil saka bli seriøst behandla.

# VOLDA KOMMUNE

**Administrasjonen si tilråding:**
**Saka vert lagt fram utan tilråding**

Møte slutt kl. 19:25
Rett utskrift:
18.04.2018
Volda kommune, Kultur og service

May-Lisbet Lande
Koordinator

**VOLDA KOMMUNE**

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** **Ungdomsrådet**
**Møtestad:** **Rådhuset**
**Dato:** **09.05.2018**
**Tid:** **16:00 til 17:50**

Faste medlemer som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Ina B. Osvoll | Medlem | Volda ungd. |
| Vebjørn Korsnes Koppernes | Medlem | Austefjord ungd. |
| Agnes Myren | Medlem | Dalsfjord ungd. |
| Amalie Løset | Medlem | Lag org org. |
| Sigurd Tverberg | Nestleiar | Lag org org. |
| Veronica Wilhelmsen | Medlem | Volda vgs. |
| Åshild Vik | Politisk fadder | |

Faste medlemer som ikkje møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Elias Eide Brattli | Leiar | Volda vgs |
| Olve Eide Brattli | Medlem | Volda ungd |
| Younes S. Soulimani | Medlem | Volda ungd. |
| Tobias Nautvik Nesset | Medlem | Folkestad ungd. |
| Emma Torine Brenne | Medlem | Lag og org |

Varamedlemer som møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Noa Gjerseth | Felles vara | |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|---|---|
| May-Lisbet Lande | Koordinator |

Leiar Elias Eide Brattli hadde på førehand meldt avbod. Nestleiar Sigurd Tverberg tok leiarrolla.

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKLISTE

| Saksnr. | Sak | Side |
|---|---|---|
| | **SAKER TIL HANDSAMING** | |
| PS 15/18 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** | |
| PS 16/18 | **Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte** | |
| PS 17/18 | **Ungdomstiltak - bruk av midlar** | **5** |

**Tema:**

- **Ungdomsklubben**
  ***Askjell Våge, Asmund Høydal, Kay Over Johansen, Solveig Storeide og Gunnar Andenes informerer om planane dei har på Volda stadion. og mulig nytt bygg til mellom anna ungdomsklubben.***
  ***VTI allianse står for planane og ein ynskjer å bygge eit bygg der lokale til ungdomsklubben er tenkt å vere i 2. etg. i eine delen. Tanken er at Volda kommune skal kjøpe seg inn og eige desse lokala.***
  ***Gruppa har hatt førehandsdrøftingar med kommuna og desse var positive.***

  ***Ungdomsrådet gjorde slikt vedtak:***
  ***Volda ungdomsråd har fått presentert planane for bygging av aktivitetshus med lokale til ungdomsklubben ved Volda stadion. Rådet stiller seg svært positive til planane og meinar dette vil imøtekome behovet til ungdomsgruppa på ein SVÆRT GOD MÅTE. Vi trur at ei slik løysing vil fengje mange og vi får samle eit breitt spekter av ungdom.***

  ***Ungdomsrådet ynskjer at vedtaket skal kome med som vedlegg til eksisterande sak i ePhorthe om lokale til ungdomsklubben..***

  ***Samrøystes vedteke.***

# VOLDA KOMMUNE

## SAKER TIL HANDSAMING

### PS 15/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Røysting**:
Samrøystes godkjend

**Vedtak i Ungdomsrådet - 09.05.2018**

***Samrøystes godkjend***

### PS 16/18 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

**Røysting**:
Samrøystes godkjend

**Vedtak i Ungdomsrådet - 09.05.2018**

***Samrøystes godkjend***

### PS 17/18 Ungdomstiltak - bruk av midlar

**Handsaming:**

Volda ungdomsråd løyver kr. 1500,- dersom prosjektet vert gjennomført og satt i gang innan utgangen av november 2018

**Røysting**:
Samrøystes vedteke

**Vedtak i Ungdomsrådet - 09.05.2018**

***Volda ungdomsråd løyver kr. 1500,- dersom prosjektet vert gjennomført og satt i gang innan utgangen av november 2018***

**Administrasjonen si tilråding:**
***Saka vert framlagt utan tilråding***

Møte slutt kl. 17:50

Rett utskrift 14.05.18
Volda kommune, Kultur og service

May-Lisbet Lande
Koordinator